
# HALVDAN KOHT

# HENRIK WERGELAND





FO... ...SCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD) :: KRISTIANIA 1908



*Hist i det Blaa engang for mig*
*og kjerligt Vindu aabner sig,*
*naar Dagen er for kold mig bleven*


*Henr Wergeland*

# HENRIK WERGELAND

## EI FOLKESKRIFT

AV

HALVDAN KOHT










KRISTIANIA
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1908







DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI

# INNHALD

Side

I. Henrik Wergeland . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 1
II. Noreg fyre 1825 . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 5
III. Wergelands-ætta . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 15
IV. Barneaar . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 18
V. Studentdagar . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 22
VI. Aandsvokster . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 33
VII. «Skabelsen, Mennesket og Messias» . . . . . . . . . . . . . 44
VIII. For fridom og sanning . . . . . . . . . . . . . . . . . . 67
IX. For folkemagt og norskdom . . . . . . . . . . . . . . . . . 78
X. Bokstrid . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 99
XI. «Campbeller»-slage . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 112
XII. Ny-vokster . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 119
XIII. Siste strid og dikting . . . . . . . . . . . . . . . . . . 141
XIV. Etterverknad . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . 164

# I.

Henrik **Wergeland** — namne ljomar igjenom soga vaar som ein fedrelandssong og ein stridssong. Logen ifraa den elden han kveikte, lyser som ein varde for dei norske framgangsvegane.

Han var ein kjempekar i aand og i kropp. Høg og akslebreid som ein styrkegud. Ljos og fager som den framtida han stridde for. Han hadde eit par armar som kunde baade ta eit tak og slaa eit slag. Og han sparde seg ikkje, naar han tykte det trongst aa bruka magta. Han kunde vera hardhendt nok, baade mot dei han var glad i og dei han var sint paa. Det var mykje av eit barn i denne sterke kjempa. Ein saag det straks paa dei mjuke formene i andlete hans. Kinnene, haka, nasen — altihop var so rundt og so lint; inga kvasse liner; det var mest so ein vilde kalla andlete for veikt. Den fine vesle munnen liksom bad for seg. Dei blaae augo myste fram bak brillene. Men den høge klaare panna skein av manns tanke. Den breide haka var i grunnen sterk — sanse-sterk, ja nære-paa grov. Og nasen krøkte seg i djerv vilje.

Det stod eit friskt vêr av denne mannen, kvar han fór og kva lag han var i. Det som levde i han, det fengde dei andre. Var han heime i farsgarden og kom i tri byks setjande utfor trappa, dansa igjenom stuga med ein blome frampaa bringa, og blistra so smaatt med seg sjølv, daa vart dei glade alle som i huse var. Var han ute i gilde og var ør

og galen, so drog han heile lage med i den kaataste leiken; ingen kunde sitja stur, naar Henrik Wergeland log, og ingen kunde segja nei, naar Henrik Wergeland bad. Han kunde skræma barn og bljuge kvinnfolk med dei framfusne orda sine, og endaa vart dei glad i han, alle ihop. Sjølv vart han glad for eit godt ord. Hugen hans var open som eit moderfang for alle tankar og kjensler som kom imot han. Ingen ting var so smaatt, hev Bjørnson sagt, so ikkje hjarta hans fann det, og inkjevetta so stort var uppe i samtida, so ikkje aanda hans femnde det. For han hadde ei grenselaus evne til aa elska. Han var sorgtung med den som grét, og lukkeleg med den, som det gjekk godt. Og han ikkje berre syrgde eller gledde seg; medhugen hans dreiv han straks til gjerning. Han vilde trøysta og hjelpa den som leid vondt, og han vilde gjera godt imot baade arm og sæl. Han loga upp i sinne for kvar ein urett som var gjord, og daa vyrde han ingen ting. Difor vann han seg mange fiendar, og sjølv kunde han lenge gaa og gøyma paa eit agg; daa kunde han bruka alle tilføre til aa hogga etter ein uven. Men likso braasint som han var, likso braa kunde han vera til aa gløyma. I slutten paa 1835 vart han so hatig paa Herman Foss, for han tenkte det var Foss som mest hadde hindra at han fekk ein lærarpost paa Kristiania borgarskule; men 17de mai 1836, daa han gjekk i brodden for studentane og helsa stortinge, og Herman Foss kom ut og tala til studentane, daa tok dei tvo kvarandre i famnen og kalla kvarandre brør; «alt gløymt i dette handtake!» sa Wergeland, og sidan var dei vener live ut, — Wergeland skreiv eit av dei fagraste dikta sine til ære for Herman Foss.

Det var det med Wergeland, at fedrelande var det største og dyraste for han. Den som var med og stridde for ære og fridom for fedrelande, han var ein ven og ein bror for Wergeland. Han gjorde til sanning det som han i ungdomsdagane skreiv i ein 17de-mai-song:

Ræk mig din Haand, min Fiende!
    ræk mig din Haand idag,
at vi i Fred kan minde
    vort fælleds Norges Sag!

— — — — — — — — — — —

Spænd Norges Banner over!
    Det er et Folketelt.
Se, bag dets røde Vover
    der lyner Kniv i Belt!
— Ha, kast den! Hvo kan hade
    ved Majens Himmelbryst?
i Million af Glade,
    af Himlens Frihed kyss't?

Han kjende det so sterkt i seg, det krave at alle maatte fylkja seg fast ihop til strid for fedrelande. For han saag kor mykje her var aa verja og berga. Han vart ein hovding i striden, ein rudningsmann i den store arbeids-vinna for det unge Noreg. Han sette fyrelògene for mest alt framgangsarbeid i norskt aandsliv, riksliv og samfundsliv for lange tider, og dei vegane han viste, dei hev me sidan stræva fram etter. Me kann ikkje fortelja framvoksteren til mest ei einaste norsk sak, utan me lyt nemna Henrik Wergeland i upptake.

Han vilde eit sjølvstyrt folk i Noreg, og det var han meir enn nokon annan som gav samanheng til sjølvstendestriden vaar. Han veik ikkje tilbake for noko krav, naar det spurdest um aa reisa rike frit for alle valdsband; elsken til kong Carl Johan og venskapen for Sverik var smaating imot det at Noreg maatte faa raa for seg sjølv. Og han vart sjølv som en ny 17de mai for folke vaart. Smaagutane den gongen tykte mest dei laut ropa hurra, berre dei saag han, og same eins hev det vorte for vakse folk sidan. Ikkje berre hamen — regjeringsform og alle ytre teikn — vilde han skulde vera norsk. Men sjølve det indre live maatte òg vera norskt. Norskt maatte dei tala paa teatre; norskt maal maatte raa i bokheimen; og folke maatte ikkje føra alle tankar og skikkar inn fraa Danmark. So heilrent var det nasjonale krave hans. Og han gav sjølv folke aandsstyrke til

aa fylla det. Etter hans dagar hev det norske folke meir og meir berre lydd etter norsk lov i alle ting.

Han knytte endaa vidare samanheng, med di han feste det nasjonale arbeide ihop med den nye striden for folkestyre, — bondestyre. Han saag det som bønderne sjølve endaa ikkje saag, at dei hadde ikkje berre ein magtstrid, men ein kulturstrid aa bera fram: det var dei som skulde binda det gamle og det nye Noreg ihop. Han hadde ikkje full greie paa alle dei nasjonale emna; men dei grodde i draumane hans, og han freista allstødt gjeva dei liv. Og han saag noko anna som heller ikkje bønderne saag: prinsipgrunnlage for striden deira. Bondestyre var ikkje nok for han; han vilde fullt folkestyre. Og difor kom han til aa røra paa det største spursmaale som framtida gøymde i fange, — arbeidarspursmaale. Men han skyna at det einaste folkestyre som dugde, det var eit upplyst folkestyre, og det var kann-henda ingen ting han la so stort eit arbeid paa, som folke-upplysninga. Den hadde han i tankane i alt det han tok seg til, og han vart ein folke-uppfostrar slik som me aldri fyrr hadde havt.

Han levde liksom alltid med den vissa i seg, at han skulde døy ung, og difor arbeidde han heile live paa spreng; han traadde so etter aa faa sjaa frukter av stræve sitt straks paa timen. Men um fruktene ikkje kom, — um dei ljose vonene sveik, so miste han ikkje tolmode, og gav aldri arbeide upp. For han hadde so urikkeleg sterk ei tru, — tru paa folke sitt og tru paa framgangsmagtene. Difor rakk han so langt i det stutte live sitt. Han er eit megtigt vitnemaal um kva magt det er i trua, naar ho lever i ein offerglad arbeidsvilje.

I ljose fraa hans tru voks det nye Noreg fram, og for dette nye Noreg vart han skalden, — den store herskalden som vekte folke til stridsdag og arbeidsdag. Større diktar hev vel snaudt folke vaart aatt. Ikkje for det at han raadde med alle diktslag; tvert imot — han greidde korkje spelstykke eller den store forteljinga. Det var lyrisk diktar han var. Men i dikte aatte han ein rikdom som ingen annan.

All ting føddest paa nytt i heilen hans. Det han saag, eller det han høyrde, eller det han las, det vart til sprettande liv i han. Hugen hans var som eit ny-lende, der det voks tette aakrar og sterke skogar av alle dei frøa som blés inn yver. Alt vart av seg sjølv til dikt i han. Og det var ikkje berre snare hugsviv han sette i dikt. Det var djupe tankar og syner som levde i diktheimen hans. Det er ei veldig, ei vidfløygd aand, som ber bod ifraa mange heimar.

Til sjuande og sist er det kann-henda dette som er det største i livsverke til Henrik Wergeland, — korleis han som ein ny viking fór paa langferd og henta tankerikdom heim og skapa den um til bruk for folke sitt. Og ein kann fylgja det i sjølve livssoga hans, at etter kvart som han henta aandsrov heim, grodde han sjølv fastare og fastare inn i folke sitt. Han hadde djupe røter i fedrejorda gjenom fars-ætta, og fedresoga hadde fraa barndomen sterkt tak i hugen hans. Men han kjende kringum seg blaasteren fraa aands-stormane uti verda, og han maatte ut og røyna vengfange sitt. Han vart den største kosmopoliten i Noreg. So vart live hans sidan eit trottigt stræv med aa vinna heim, og han vart djupare og djupare nasjonal. Men all den rikdomen han hadde vunne ute, bar han inn i det nasjonale arbeide heime, og soleis skapte han eit aandsvêr i Noreg som kunde fostra kultur-hovdingar av ypparste slage, — rotfaste i heime-grunnen, med greiner og kvister høgt ut yver heile jorda. Henrik Wergeland er ættfaren til alle stormennerne i det Noreg som kom etter han, og heile folke hev røter i aanda hans.

## II.

## Noreg fyre 1825.

Det var tronge tider i Noreg den gongen Henrik Wergeland — i 1825 — vart student og tok til med aandsstriden sin.

Endaa hadde folke mang ei tung orke fyre seg, fyrr det kunde rekna seg nokolunde trygt i sjølve livnærings-arbeide.

All den rikdomen som hadde kome inn i by og i bygd i dei gode aara sist paa 17-tale, hadde mykje stroke med i dei harde ufreds-aara etterpaa, fraa 1807—1814. Og det gjekk seint aa vinna seg upp att. Uaar kom gong paa gong og stengde framgangen for bonden. Aar etter aar gjekk det ut for mangt eit gamalt handelshus; i 1819 rauk jamvel det rikaste av dei alle ihop, bue etter Bernt Anker. Sjølve statskassa kunde i 1820 ikkje faa eit laan utan so strenge vilkaar, so folk kalla det «tju'elaane».

Smaatt stell var det i rikslive òg. Folk tyktest trøytt etter det sprengtake som hadde lyft fram 17de-mai-grunnlova. Og det kjende seg svike i sjølvstende-draumane sine, daa det likevel hadde maatt gaa inn i unionen med Sverik. Det var ikkje store tanke-motsetningar som møttest til strid paa stortinge og i blada; det var mistru og ill-tru som sette folk upp imot kvarandre, og sjølve fridoms-grunnlova var ikkje endaa retteleg grunnfest, — ikkje trygg imot kongen og Sverik, og ikkje innvaksa i folkehugen.

Den norske bokheimen var aud og fatig. Ikkje for det at det ikkje kom bøker ut. Laga vers og fylla nyaarshefte og tidskrifter med dikt og forteljingar, det kunde mang ein mann læra seg upp til, naar han ikkje var altfor trehendt. Naar rim-makarar som *Lyder Sagen* og *C. N. Schwach* vart rekna millom dei ypparste diktarane, kvi skulde daa *Andreas Olsen* eller *Hans Thøger Winther* vera bljuge? Dei kunde daa òg kveda til pris for konge og fedreland og elskhug, eller dikta ihop «originale» romanbøker. Endaa kvart aar fødde nye fedrelandssongar, maatte «Selskabet for Norges

*Lyder Sagen* (1777—1850), yverlærar i Bergen, skreiv fraa aare 1800 og utetter ei uhorveleg mengd med dikt for dagen. — *Conrad Nicolai Schwach* (1793—1860), juridisk embætsmann, gav ut mange og mangslags dikt fraa 1814 av; det einaste som endaa ikkje hev gaatt i gløyme, er flaggsongen «Mens Nordhavet ruller». — *Andreas Olsen* (1791—1845), juridisk embætsmann, skreiv dikt i bøker og blad fraa 1814 av. — *H. Th. Winther* (1786—1851), ein danske som var bokhandlar og bokprentar i Kristiania, gav ut ymse tidskrifter fraa 1827—1845 og skreiv sjølv i dei baade dikt og forteljingar.

Vel» i 1820 til aa lova ut ein pris for den beste nye fedrelandssongen, og straks melde eit heilt tjaug «diktarar» seg; men egte dikting var det ikkje som dermed kom fram, — det var berre den gamle dunderlira um «Norge, Kjæmpers Fødeland» og den friborne, gjæve normannen. Jamsides med slikt dreiv dei paa med drikkeviser og læredikt um-kvarandre likso godt som paa 17-tale. Alt ihop var berre etterherming; der var mest ikkje ei frisk uppkome. Romantikken tok me og upp ifraa utlande; men me fekk nok ingen Oehlenschlæger for det. Hjaa *Maurits Hansen* dessmeir — den fremste av romantikk-mennerne vaare, visseleg den mest lesne bokmannen i Noreg fraa 1820 og heilt fram i 50-aara — merkar me ingen personleg diktartrong, ingen sann indre romantikk; han berre brukar den romantiske forma som andre hev laga til. Det var ikkje noko sterkt aands-vêr yver heile denne diktinga.

Vitskaps-arbeide stod det noko likare med, endaa flust var det ikkje. Ein idig maur som *J. Chr. Berg* sat og grov i sogubøkerne og drog fram mange forvitnelege ting; men tenkjar, det var han ikkje, og noko samanheng korkje saag han eller søkte han. I naturvitskap maa ein nemna med ære geologen *B. M. Keilhau* og astronomen *Christopher Hansteen*, og det er ein merkeleg ting at dei i 1822 kunde setja i gang ei vitskapleg tidskrift, «Magazin for Naturvidenskaberne». Elles skreiv no Hansteen hovudverke sitt paa tysk, og det reiste ikkje slike grunnspursmaal, so det kunde faa noko aa segja for vidare norskt aandsliv. Keilhau var alt tidleg i 20-aara inne paa merkelege nye samanhengstankar for lovene i berg-vitskapen; men han la dei ikkje fram for aalmenta fyrr

*Maurits Hansen* (1794—1842), yverlærar paa Kongsberg, gav ut fyrste romanen sin 1815; sidan skreiv han mykje av pengetrong. Ei lita samling «Noveller i Udvalg» gav Henrik Jæger ut i 1882. — *Jens Christian Berg* (1775—1852), formann i Akershus yverrett, hev helst skrive i tidskrifter um sogugranskinga si. — *Baltazar Mathias Keilhau* (1797—1858), professor i bergkunna, skreiv fraa 1823 um den norske bergbygnaden. — *Christopher Hansteen* (1784—1873), fraa 1814 professor i stjernekunna, gav ut i 1819 paa tysk eit stort verk um jord-magnetismen, og var paa stats-kostnad i Sibiria 1828—30 og granska same spursmaale.

tjuge aar seinare. Det ypparste som kom fraa Noreg i desse aara, noko som sette grunnstolpar under ei heil ny vitskapsbygning, var dei matematiske uppdagingane til *N. H. Abel;* men um ein so ikkje reknar med at han skreiv sitt beste paa fransk og tysk, so kunde denne reine tenkjinga i minsto ikkje beinveges setja kveik i det norske folket. Det som fekk mest verd for kultur-arbeide vaart, det var dei filosofiske verka til *Niels Treschow;* for han hadde kjent i seg det friske baareslage fraa dei store aandsstraumane ute i Europa, og han hadde evne til aa tenkja dei nye tankane um att paa si personlege gjerd. Men i grunnen var det fyrst gjenom Henrik Wergeland, at Treschow naadde fram til folke sitt; det var daa Wergeland støypte tankane hans inn i diktinga si, at dei fekk vera med aa byggja det unge Noreg.

Og likevel — so fatigsleg som det saag ut i Noreg i 1825, so var her rikt med emne til veldig framgangsstrid, — den som yngjer eit folk upp att og føder nye aandsmagter.

I dei siste par hundrad aara, aller mest paa 17-tale, hadde det vakse fram ein ny yverklassekultur i lande. Den gamle adelskulturen hadde longo visna og døydd burt. Det var ein embætsmanns- og bykultur som hadde kome i staden. Han var ikkje av det ringaste slage den kulturen som alt paa 15-tale kunde fostra slike menner som Absalon Pederssøn Beyer i Bergen, Peder Claussøn Friis i Undal og bispen Jens Nilssøn i Oslo. Men fyrst paa 17-tale var det rett han blømde upp og fekk sin eigen friske lét. Det var ikkje noko under, at fyregangsmannen for fridomsarbeide i nordlanda, Ludvig

*Niels Henrik Abel* (1802—1829) skreiv um matematikk fraa 1822. — *Niels Treschow* (1751—1833), professor i filosofi og sidan statsraad, skreiv ymist um tankane til tysken Immanuel Kant og gav elles ut bl. a. «Historiens Philosophie» (1811), «Lovgivnings-Principier» (1820—23), «Christendommens Aand» (1828). — *Absalon Pedersson Beyer* († 1574), lærar i Bergen, hev skrive «Norges Beskrivelse». — *Peder Claussøn Friis* (1545—1614), prest i Undal og prost yver Lista, sette um dei gamle norske kongesogune (prenta 1633) og den norske lovboka, og hev skrive ei «Norges Beskrivelse» (prenta 1632). — *Jens Nilssen* (1538—1600), skulestyrar og bisp i Oslo, ein lærd mann; han lét etter seg vigtige uppskrifter um visitas-ferdene sine.

Holberg, kom ifraa Noreg. Det sterke samkvæme med England hadde tidleg bore den frie tanken yver til dei norske byane, so Ove Guldberg kunde væl vera misnøgd med «de Christianiæ Raisonneurs», og den franske revolusjonen vart fylgd med varm samhug her uppe. Heile den frigjeringa i aandsliv og samfundsliv som er storverke aat det 18de hundradaaret, det hev dei vore gjævt med i, normennerne av embætsmannskulturen, — ifraa Holberg til J. H. Wessel, Claus Fasting, Gerhard Schøning, Christian Colbjørnsen, og mange andre.

Men det var yverklasse-kultur, dette, og dermed hadde han kome i motsætning til folkekulturen. Slik ei motsetning fanst i alle andre land òg. Men det var tvo ting som gjorde, at ho fekk meir aa segja i Noreg enn andre stader. Fyrst var det det, at yverklasse-kulturen her i lande ikkje berre fekk tilfang og form utanlands ifraa, men dertil hadde sjølve hovudstaden sin utenfor lande, i Kjøpenhamn, og maalførde seg paa danskt maal. Det andre og det vigtigaste var det, at den norske folkekulturen, bondekulturen, var so uvanleg sterk og sjølvstendig. Han var ikkje berre eit laagare og eldre steg i kulturframgangen; han hadde skapt nye aandsrikdomar og hadde nett no paa 17-tale vunne fram til magt og sermerkt form. Det var ikkje dei høgaste spursmaala i aandslive denne kulturen arbeidde med. Men han bygde det traustaste grunnlage: eit sjølvraadigt samfund og ein heilstøypt heim. Den norske bonderetten lét seg ikkje skjepla; tvert imot — bonden gjorde seg meir og meir til fri herre yver jorda si, han heldt fast paa sine eigne lover, og han steig til den sjølvkjensla, at han rekna seg for jamgod med adel, — dermed hadde han i grunnen alt lyft seg upp or under-

*Ove Guldberg* stod fyre den danske regjeringa 1772—1784. — *Johan Herman Wessel* (1742—1785) skreiv «Kjærlighedens Komedie» 1772. — *Claus Fasting* (1746—1791) gav ut i Bergen den frilynde tidskrifta «Provinzialblade». — *Gerhard Schøning* (1722—1780), norsk sogugranskar. — *Christian Colbjørnsen* (1749—1814) var ein av førarane i det vigtige dansk-norske lovarbeide etter 1784.

klasse-stande. Difor hadde han òg ei ætte-sòge, liksom storfolke i gamle dagar. Heimen sin tufta han paa gamall grunn; men han laga han støtt um etter nytt som han lærde. Me kann i den norske bondeheimen fylgja prydkunsta fram fraa gotikk til renæssanse og vidare til barokk og rokoko, og stilen skifter slag i slag med framgangen ute i Europa; men alltid fær han god norsk daam og sving, og aldri blømde bondekunsta soleis som i Noreg ved fyrre hundradaars-mote. Gamall dikting og tru levde med i dei nye ættledane; men maale kasta av dei gamle, tungvinte formene, og ny dikting, viser og stev, eventyr og segner, grodde upp. Fela laga bønderne seg etter framandt mynster; men dei stelte ho til paa si eiga gjerd, og dei dikta sine eigne sermerkte slaattar.

Soleis hadde me faatt tvo kulturar i Noreg, og i mange ting stod dei fiendslege imot kvarandre. Det var det som vart den store fyreloga for framgangsarbeide i lande, aa sona og semja yverklassa og underklassa, so her vart eit samla folk og ein sann folkekultur.

Sjølvsagt hadde det aldri vore reint fritt for samband millom dei tvo kulturane. Fraa fyrsten var det helst bondefolke som tok imot; soleis var det by-maalarar som mest førde dei nye pryd-emna til bondekunsta ut paa bygdene; det var prestane som lærde bønderne til aa lesa, og jamvel jordbruke hjelpte dei mykje fram. Men etter kvart som bondekulturen auka i magt og styrke, tok straumen til aa renna den andre vegen. Alt tidleg paa 16-tale ser me at sjølve den danske bispen Anders Arreboe kunde læra hjaa dei norske bønderne; ein kann ikkje taka i mist paa det egte norske lynde hjaa Ludvig Holberg og Peder Wessel, og diktarar som Peter Dass og Claus Frimann byggjer i dei beste verka sine likso mykje paa norsk folkedikting som paa framand kunstdikting. Det er eit merkelegt vitnemaal um landvinnings-evna i bondekulturen, at so mange prestar og lærde folk ut-etter 17-tale tok til aa kveda paa reint norskt bygdemaal, — ei framstemne som naadde toppen sin i dei

fagre visene til Edvard Storm og Hans Hanson. Alt dette hadde kome mest reint uvils, utan nokon djupare tanke. Men det varde ikkje lenge, so vart det fleir og fleir som for aalvor gjekk ut paa aa søkje kulturgrunnlage hjaa bondefolke, — uklaart fyrst, men smaatt um senn med greiare meining. Tilstøyten kom ifraa ei stor europæisk rørsle, den som hadde faatt den fremste talsmannen sin i Rousseau. Krave var aa koma tilbake til naturlegare liv og samfund, og for dette krave vart den frie norske odelsbonden til den rette mynstermannen. Det var mykje sjølvdaaring i den bondedyrkinga som no kom paa moten i den dansk-norske bokheimen. Men det er ikkje tvil um at ho hjelpte til aa skapa ei ny nasjonal samkjensle i Noreg, og den vart ei livsmagt i dei strenge stridsaara fyrst paa 18-tale. Paa Eidsvoll møttest i 1814 gamall norsk bondetanke og fransk-engelske lærdomar, og i inderlegt samarbeid skapte dei 17de-mai-grunnlova, den som la øvste magta i lande i henderne paa det same folke som nyst hadde vore berre ei underklasse. Det var den fyrste store sigeren som bønderne vann, og dei vann han utan strid, fyrr dei endaa sjølve hadde kome paa aa setja fram krava. Difor tok ikkje bønderne endaa paa lenge den røynlege magta. Men det var eit varsl um det som skulde koma, at den fyrste stortingshovdingen som vann fram etter førarane fraa 1814, det var ein bondefødd mann, — Ingelbrecht Knudssøn. Ein ser korleis det alt ifraa 1814, ja i grunnen mykje fyrr, laga seg til ei politisk bondereising. Og det var det same som strid; for naar det kom til stykke, vilde ikkje embætsstande godviljugt sleppa styresmagta fraa seg. Det

*Edvard Storm* (1749—1794) dikta kringum 1770 eit halvt tjaug viser i Gudbrandsdalsmaal, «Stusle sondags-eftan eingong for me va», «Markje grønast», «Oss ha gjort kaa gjerast skulle», «Guten va trøytt», o. fl. — *Hans Hanson* (1777—1837) hev dikta nokre viser i telemaal, bl. a. «Astri, mi Astri». — *Rousseau* (1712—1778), fransk-sveitsisk tenkjar, skreiv i 1753 ei hug-ram bok imot daninga og for naturtilstande. — *Ingelbrecht Knudssøn* (1776—1826), bondegut fraa Bynes og sistpaa skrivar, var stortingsmann 1818—1824; serskilt i 1824 var han den som hadde mest aa segja i stortinge.

var smaa samanstøytar rett som det var, baade i stortinge og ute paa bygderne; men den store striden vart ikkje av, fyrr John Neergaard i 1830 tok ut paa agitasjon med «Ola-boka», og Peder Soelvold i 1831 la i veg med «Statsborgeren». Daa var alt Henrik Wergeland med og la seg upp i striden.

Bondereisinga sette snart mykje mistru i embætsfolke, og ein mann som C. M. Falsen, «grunnlovs-faderen» dei hev kalla, vart beint fram bondefiende. Men i kultur-arbeide elles vart det heller eit sterkare og sterkare stræv for aa flytja embætsmanns- og bykulturen yver paa heilnorsk grunn.

Daa Laurents Hallager i 1802 gav ut si vesle «Norsk Ordsamling» med ein slump bygdemaalsviser, var det eit stort krav han kom med, aa vilja ha sernorske ord inn i det danske bokmaale. Hans Hanson kalla i 1814 bygdemaals-dikta sine eit varsl um den dagen daa det rot-egte norske dølemaale i lag med dei gamle soguverka skulde bera all den nynorske diktinga. *Johan Storm Munch,* systerson til Edvard Storm, gav ut fraa 1816—1820 tidskrifta «Saga», der baade han sjølv og *Jacob Aall* sette um mykje av dei gamalnorske sogune; dei tok baae tvo upp mange gamle og nye norske ord, og Munch tok seg jamvel fyre aa prova med ordlister, at det var «Nordens gamle Tungemaal» som det endaa levde restar av «udi Norges Provindsial-Dialecter», — so smaatøkt eit paastand var storbode nok i dei dagane. I Bergen sat sjølvstende-stridsmannen fraa 1814, president *Christie*, og samla paa norske bygdemaals-ord og gaater og allslags leivningar

*Ola-boka* kalla folk ei lita skrift av nordmørsbonden J. Neergaard: «En Odelsmands Tanker om Norges nærværende Forfatning»; det var eit innlegg for aa velja bønder paa stortinge. — *Peder Soelvold* (1799—1847), fraa Hollen i Telemarkja, dreiv hardt med bonde-agitasjon 1831—1841. — *L. Hallager* (1777—1825), lækjar i Bergen. — *J. St. Munch* (1778—1832), sistpaa bisp i Kristianssand, hev skrive nokre dikt (bl. a. eit i bygdemaal) og elles sett um ymist fraa framande maal. — *Jacob Aall* (1773—1844), jarnverkseigar, hev skrive mykje um norsk næringsdrift og ei bok um Noregssoga 1800—1815; han gav ut den fyrste umsetjinga av Snorre (1838—39) etter Peder Claussøn si.

ifraa gamletida; i 1825 fekk han i stand eit museum i byen for all slik norsk gransking. Daa «Selskabet for Norges Vel» i 1812 sette ut ein pris for det beste arbeide um norrønt maal til lære-emne paa universitete, var det ein danske som vann prisen, og han talde ifraa aa setja til ein serskild lærar i det gamle maale. Men i 1825 kom ein ung norsk student, *Rudolf Keyser*, og bad sellskape um pengar til aa koma til Island for aa læra seg maale til grunns; han fekk straks pengane, og daa han kom heim att, vart han den fyrste læraren i norskt maal ved det norske universitete.

Romantikken ifraa Danmark og Tyskland hjelpte òg til aa draga hugen heim til dei gamle erveminna og til det gamaldags bygdelive. Dei gamle rasjonalistiske prestane hadde skrive um bygdebruk og seder til nytteleg upplysning og rettleiding. Oehlenschlæger førde tankane i anna leid: no galdt det um aa finna emne til den nye diktinga hjaa bønderne. Daa Maurits Hansen i 1819 slo inn paa romantikken, var det fyrste han skreiv den vesle bondeforteljinga «Luren»; andre forteljingar av same slage fylgde etter, — det siste han skreiv var bondeforteljinga «Tone», som kom ut i 1842 med eit fyre-dikt av Wergeland, etter bokmeisteren sjølv var død. Det er mykje uegte i desse bøkerne, baade i det som skal vera dikt, og i det som skal vera sanning; men noko livs-sanning er det daa i dei, og viljen er tydeleg, — ein ser daa òg av breva fraa Maurits Hansen koss han beint fram gjekk paa leit etter norske dikt-emne.

I same aare — 1825 — som Maurits Hansen sende ut i bok den fyrste bundelen av «Nationale Fortællinger», kom ei anna bok med emne fra bondelive, og den bar merke etter ein sann diktar. Det var spelstykke «Fjeldeventyret» av *H. A. Bjerregaard.* Det var ikkje noko meisterverk; men her var for fyrste gong egte norskt bondeliv laga um til egte dikting, her var bønder som tala sitt eige maal, her var god

*Henrik Anker Bjerregaard* (1792—1842), sistpaa domar i høgsterett, vann i 1821 prisen med fedrelandssongen «Sønner af Norges det ældgamle Rige».

folkeviseklang, og dertil hadde *Waldemar Thrane* dikta tonar som sjølve folkesongen bivra i. Difor var det eit storhende i den norske kultursoga, daa Waldemar Thrane i 1825 for fyrste gong førde «Fjeldeventyret» fram paa speltile i Trondheim. Det var eit soningsmøte millom bonde og bymann.

I ein annan og endaa vigtigare umkverv laga det seg òg meir og meir til samdrag millom dei tvo klassene. Det var i kyrkjelive. Det var den fyrste store rørsla som samla bondefolk ifraa heile lande til strid, — den rørsla som Hans Nielsen Hauge hadde reist imot dei rasjonalistiske prestane. Men nettupp daa den endelege domen fall i saka mot Hauge, fekk det norske universitete tvo kristendomslærarar — Hersleb og Stenersen — som sjølve var imot rasjonalismen og jamvel saag med samhug paa Hauge-rørsla; Grundtvig var læremeisteren deira, og aar for aar sende dei ut i lande ei rad med læresveinar som preika den rette gamle kristendomen. Det var i mange maatar eit bakslag, dette, — ein siger for trongsyn og ufri tenkjing. Men det knytte prestar og lækfolk nærare ihop, og so laut dei i samband freista arbeida seg fram til større aandsfridom.

Soleis ser me sonings-tiltak paa alle kantar, — i riksliv, i kyrkjeliv, i bokheim. Men alt dette syner oss med same kor store strids-emne der var. Og so sterke magter som det her stod imot kvarandre, var det ikkje ventande at folke kunde naa fram til soning utan hard strid. Denne striden kom til aa fylla heile det 19de hundradaare, og han er ikkje ute endaa. Men han hev ikkje vore faafengd. Tvert imot — eg trur sjølve striden millom tvo so friske kulturar — kappestriden um kven som kunde gjeva det sterkaste innskote i folkelive — eg trur den hev hjelpt til aa fostra rike evner i folke vaart. Her hev vore ein aandeleg friksjon her i lande, som mest er makalaus. Og tru um ikkje den friksjonen mykje hev rive ut dei gneistane som me kallar «geni»?

Det er ein løyndom for oss, korleis dei store aandene vert fødde. Men det er eit merkelegt hende, at her i Noreg

*Waldemar Thrane* (1790—1828), norsk toneskald.

hev dei aandelege stormennerne, nyreisings-mennerne, kome liksom i store sett. Det fyrste sette er dei som hadde barndomen sin i dei harde stridsaara kringum 1814. Det var J. S. Welhaven (fødd 1807), Henrik Wergeland og A. M. Schweigaard (fødd 1808), P. A. Munch og Ole Bull (fødd 1810), P. Chr. Asbjørnsen (fødd 1812), Ivar Aasen, Camilla Collett og Jørgen Moe (fødd 1813), Adolph Tidemand (fødd 1814). Her hev me mest alle dei mennerne som var med og forma aandslive i Noreg fraa 1830 og fram til 1860, — grunnleggjings-tida for det unge Noreg.

Ingen av disse vann so tidleg fram til storverks-liv som Henrik Wergeland. Han var den aandelege merkesmannen for folke so lenge han var vaksen. Og endaa han døydde fyrst av dei alle, hev ingen vore med i folkevoksteren etterpaa so rikt og so mangsidugt som han. Det er mest ikkje raad til aa dryfta eit stort folkespursmaal, utan hans namn kjem med. Og endaa naar me strider for sjølvstende og folkestyre, fridom, framgang og folkelukke, so gjeng me fram under merke til Henrik Wergeland.

## III.

## Wergelands-ætta.

Det var heitt, urolegt blod i Wergelands-folke. Ætta høyrde til paa vestlande. Namne skulde med retten vore Verkland; for det heiter ættegarden. Han er ein med dei største gardane i Brekke-sokna uti Sogn. Der budde Olav Jonsson Verkland paa 17-tale; han var gift tvo gonger og hadde elleve barn. Eldste sonen heitte Nils; men han gav odelsretten fraa seg og gjekk i kongeleg her-tenest, — daa vart han so fin, so han skreiv tysk og kalla seg Wergeland; paa slutten steig han til kaptein. Ein bror hans, som heitte Lasse, gifte seg med ei gjente fraa Lindaas i Nordhordland, — ei strilegjente daa, og han vart sjølv gardbrukar der i bygda, paa Beraas.

Den yngste sonen til denne Lasse Beraas heitte Halvor, og det var eit kvikt hovud paa den karen; han fekk upplæring hjaa presten, og daa han var attan aar, vart han skulemeister i Lindaas; tvo aar etter vart han klokkar i Hosanger, grannesokna. Men med denne nye posten gjekk det ikkje so godt, for han raaka i strid med Hosanger-presten. Presten klaga paa at Halvor klokkar jamt var «den samme stive og stolte Karl, der paa ingen Maade vil falde til Føye»; klokkaren vilde ikkje gaa som ein tenestgut for presten, og han beit ifraa seg, naar presten gav han fantord. So vart det strid, og endaa baade bispen og prosten gav klokkaren rett, so vart Halvor Lassesen paa slutten leid seg og sa ifraa seg klokkarposten, — dette var i fyrsten paa aare 1784. Han slo seg no ned i Bergen, og tenkte han skulde greia seg fint der, so hag som han var med baade hovud og hender; han var ein heil mekanikus, og millom anna fann han paa aa gjera skier til aa gaa paa vatne med. Han freista seg fyrst som bryggjar og kjøpmann i byen; men det gjekk fort den galne vegen med handelen, og alt i slutten paa 1784 rømde han sin kos. Han gjekk til sjøs, og der kom han burt paa fyrste ferda si; daa var han endaa ikkje fulle tretti aar.

Enkja sat etter med fallitbue og tri smaa barn. Ho var dotter til klokkaren i Lindaas, og ætta hennar var ifraa Sunnmør. Den yngste av sønerne var fire aar daa; han var døypt Nils Wergeland etter gamle kapteinen. Han kom paa skule i Bergen, og han synte so gode evner, so snilde folk hjelpte han til friplass; han las med andre barn, so han ténte seg nokre skillingar, og kaptein Wergeland gav han i nokre aar 10 dalar um aare til bøker, imot at han skulde kasta fars-namne Lassesen og berre kalla seg Nils Wergeland. Daa han sidan vart student og prestelærd, fiffa han Nils upp til Nikolai, og presten Nikolai Wergeland vart ein namnkjend mann yver alt Noreg.

Sogningar, strilar, sunnmøringar, — det var ættfolke hans. Og daa var det ikkje under, at han var baade tiltak-

leg og stridig. Sjølve far hans hadde staatt med i òta med embætsmennerne, so han hadde god nasjonal arv aa bera fram. Han fekk tidleg i seg eit djupt hat til danskevelde. Difor vart han ein merkesmann i det fyrste tiltake for sjølvstende vaart, — striden for aa reisa eit norskt universitet. Difor var det naturlegt at han vart send med til riksmøte i Eidsvoll 1814, og var med og bygde den nye frie riksskipnaden. Og difor var det det fyrste han tok seg fyre etterpaa, aa gjeva folke sitt greie paa alle «Danmarks politiske Forbrydelser» imot Noreg. Han eggja mykje folk paa seg med stridskapen sin; men so hard og heit som han var i hug og i liv, kunde han endaa mang ein gong vera sløg og gjera seg vinning av striden, — det var ei underleg blanding i han soleis. Han fekk eit grysjelegt sinne imot seg paa Eidsvoll, for han vilde ikkje ha danskeprinsen til konge, men tala djervt for eit samlag med Sverik; men etterpaa tok han imot baade ære og pengar hjaa dei nye svenske magthavarane.

Han var elles slett ikkje av dei som vilde gjera Noreg sjølvstendigt berre med aa reisa mur imot utlande. Tvert imot. Det var utferdshug i dei bondeættene han var komen ifraa, og sjølv hadde han vakse upp i den største norske handelsbyen, Bergen. Alt fraa han var liten, drøymde han um utferd, og han fann beste læremeistrane sine i dei store franske fridomsmennerne fraa 17-tale; franskt vart mest som det andre morsmaale hans. Han kjende alltid rotfeste sitt i det norske bondefolke, og endaa han sjølv ikkje var haugiansk, men ein heilstøypt rasjonalist, so var det noko av det fyrste han skreiv, eit varmt forsvar for dei haugianske bønderne. Men han hadde arbeidt sig yver i den norske embætskulturen, og han gifte seg inn i yverklassa.

Kona hans heitte Alette Thaulow. Ho var ei fin Kristianssands-dame, — rett ei fagerdros, — ikkje noko klokt hovud, heller noko av ei godtulle, men vén og ljos og kunstglad, reint hækja paa romanlesnad, full av uklaar draum og lengting. Ho høyrde paa farsida til ei embæts-ætt som hadde

kome inn fraa Danmark sist paa 16-tale, og som endaa heldt paa og flutte att og fram millom dei tvo landa. Paa morsida var ho av den gaaverike skotske kjøpmanns-ætta Christie som hadde kome til Noreg vel ei hundrad aar tilbake. Det var daa rett ei mangfaldig blodblanding som kom i stand med giftarmaale millom Nikolai Wergeland og Alette Thaulow.

Brudlaupe stod den 19de august 1807, og den 17de juni 1808 vart den eldste sonen fødd. Han fekk namn etter morfar sin og vart døypt Henrik Arnoldus.

## IV.

### Barneaar.

— «om Manges Dom er sand,
er et rasknedrablet Digt
hvad i Verden meest er ligt
Henrik Arnold Wergeland».

Soleis skreiv han um seg sjølv straks fyrr han fyllte 30 aar, — nett daa han heldt paa og arbeidde seg fram til den klaarleiken og rikdomen som vart livsvinningen hans. Og det er sant: han var som eit dikt som sigla for fjukande bør gjenom norskt folkeliv. Men det laag hardt arbeid i den siglasen. Det var ikkje berre rabl som hadde skapt dette dikte. Det var mange sterke magter som hadde lagt seg ihop i det.

I same aare som Henrik Wergeland var fødd, sette far hans upp ei lita bok som han kalla «Hendricopaedie» — Henriks-fostring — eller «Kortfattede Love for Opdragelsen fra den spædeste Alder». Det var reglar etter dei nye grunnsetningane som Rousseau og tysken Campe hadde sett upp. Det galdt ikkje lenger um aa snøra alle barnesjælene i dei samme stive formene; det var dei naturlege evnene

*Rousseau* gav ut i 1762 boka «Emil eller um uppfostringa». — *J. H. Campe* (1726—1818), tysk skulemann og barnebokskrivar.

hjaa kvar og ein som skulde faa veksa og styrkjast. Etter den grunnlova voks Henrik Wergeland upp, og den hev ein mykje aa takka at han vart so sterk og heilstøypt og fri ei aand.

Dei ni fyrste barneaara sine levde han i Kristianssand; der var far hans fyrst lærar og sidan prest. Det var stormfulle aar, dette; ufredstiderne med det eventyrlege kaperlive førde baade rikdom og ulivnad inn i byen. Live rulla seg upp som eit fargerikt spelstykke for vesle Henrik, og han saup det i seg med vid-opne, aalvorlege augo. Han sat i teatre og saag mor si spela med i spanande stykke, eller utlendske akrobatar dansa paa line og gjera andre kunster. Han kom paa skule og lærde lesa og skriva. Han strauk ikring uti skog og mark og fekk dei fyrste tankane um dulde naturmagter, — han høyrde um dvergar som budde under jorda, og han bad til sola um hjelp. Alt prenta seg fast i minne hans og fylgde med han live ut, liksom han aldri heilt miste det mjuke kristianssandske drage i maale sit.

Vaaren 1817 kom han ut paa nye leite. Han var med og sigla den lange, seine vegen aust med sørlande og inn etter Oslofjorden. Carl Johan hadde gjeve far hans det gode prestekalle i Eidsvoll, og i prestegarden der fekk han no heimen sin i mange aar, heilt til han var 26 aar minst. Her kom han liksom midt inn i hjarta paa sjølve Noregs-soga; her stod dei liksom ljoslevande for han, baade dei gamle minna um den fyrste samlingstanken, segnene um Halvdan svarte og Eidsivalova, og dei nye minna um sjølvstendeverke i 1814. Eidsvoll vart ein heilag stad for tanken hans, og han vilde alt folke skulde halda det heilagt; difor var det han som sidan (i 1836) gjorde upptake til aa samla dei pengane som dei kjøpte Eidsvolls-bygnaden til riks-eigedom for. Han kom til aa elska sjølve lende i Eidsvoll òg, — desse staute fjella, dei runde bakkane, dei megtige elvane. Aanda hans flaug upp paa Skreia og saag vidt ut yver verda. I Vorma og Andelva rodde han og sumde han, og herde kroppen i vaageleg leik. Han var rundt paa gardane,

paa Tynsaak og Styri og alle dei andre, og allstad var han som han var heime. Han vart glad i dette trauste, noko tunge, men kjempesterke bondefolke, og det kraftige, klangfulle romeriksmaale. Han vart væl kjend med bygdeskikk og bondeliv, og han lydde paa det dei fortalde um underjordingar og skrymt og trolldom. Heime i prestegarden hadde dei ei gjente, Lisbet Marie, som fødde upp barna med eventyr og segner, og ho kunde ikkje berre norske, ho kunde mest endaa meir av allslags framande, helst arabiske, — heilt til sin døyanddag heldt Wergeland «Tusund og ei natt» for den gildaste eventyrsamlinga som til var; ingen annan stad var det so drusteleg, so utøymd ein tankeleik. Og hugen leika so vide hjaa den kaate guten.

Snart vart elles Eidsvoll berre den heimen som han kom tilbake til kvar gong han kunde sleppa fraa arbeide sitt. Alt i 1819 maatte han til Kristiania og gaa paa latinskulen. Det var ikkje mykje aand i den upplæringa han der kunde faa; det var mest berre turre leksegnage, og han vart aldri noko skuleljos. Men so tok han sin mun att, naar han var paa eiga hand. Heime kunde han finna mangslags bøker; for far hans fylgde godt med i det som kom ut, og mor hans leigde jamt heim fullt med romanbøker. Endaa las han visst ikkje so fælt mykje; men det han las, sette kveik i han og drog hugen hans ut paa langferd. I heile den tida han gjekk paa latinskulen, laante han ikkje med seg fraa skuleboksamlinga meir enn 14 bøker tilsaman. Det vigtigaste var 3 band med ferdaskildringar, helst ifraa øysterlanda (i 1820), og 6 band av ei stor heimssoge (i 1822). Millom dei bøkerne han soleis fekk tak i, var ei tysk tidskrift fraa Napoleons-tida «London und Paris», med allslags meldingar fraa dei tvo storbyane, og der fann han noko som rett fekk hjarta til aa hoppa i han, — ei heil samling med franske og engelske skjemteteikningar. Han hadde sjølv eit godt handelag til aa teikna, og han hadde ein open sans for alt som var løgje. Straks tok han til aa teikna etter, og han laga nye teikningar sjølv, med emne fraa norsk

politikk. Han var so glad i desse teikningane, so han mange aar etter tok og maala eit par av dei av paa dørene heime i Eidsvoll, og han skreiv tekst til dei i ei tidskrift.

Skjemtesansen hans slo ut i dikting òg; i skuletimane skreiv han spottevers um lærarane og sende ikring paa benkjene, og naar han kom heim i jolehelga, hadde han med sig heile smaa spelstykke han hadde laga i stand, — «Moses i Tønden», komedie i tvo aktar, «De heldige og uheldige Friere», lystspel med song i tri aktar, og anna slikt; i eit lite songspel «Indtoget» heldt han gjøn med krjupinga for kongsfolke og svenskane. Det var helst Ludvig Holberg og P. A. Heiberg han hadde lært hjaa.

Men anna òg som han las, sette straks frukt i skriving. Helst var det soga han var glad i, og so gav han seg til aa skriva upp dei tankane sogulesnaden vekkte, eller han dikta vidare paa dei forteljingane han fann. I den store «Historie af Danmark» av Suhm t. d. las han dei gamle norrøne kjempesegnene, og so dikta han straks «Hunnerslaget, nordisk Fortælling», med mange romantiske tilsetningar. Han las riddar-romanane av Walter Scott og Maurits Hansen og andre, og so skreiv han «Blodstenen, et Sagn» i same fælsklege, blodfarga stilen. Han las Ossian (i dansk umsetjing), den visesamlinga fraa Skotland som 60 aar i fyrevegen hadde vekkt heile Europa til aa gjeva gaum etter folkediktinga, og som hadde vore kjæraste lesnaden for baade Goethe og Napoleon. Wergeland dikta minst eit par ossianske forteljingar, ei i 1821 og ei i 1823, og det er rein romantikk; me fær sjaa «Skyggen, som stiger, med Harpen i Haand, fra Dødninge-Riger», og der er baade bleikt maaneskin og kvite ruinar, og uler som tutar i dei aude hallene. Sumt av dette fekk Wergeland prenta i «Morgenbladet» alt ifraa 1821, so han var ikkje meir enn 13 aar daa han steig fram i den norske diktheimen. Ofte sette han inn vers i skulestilane sine òg. Men den gamle dansklæraren hans vart

*P. A. Heiberg* (1758—1841), dansk bokmann, skreiv nokre satiriske spelstykke kringum 1790.

gretten og riste paa hovude: «Drengen indbilder sig sandt for Herren tilsidst at han er Digter, fordi han kan skrive saadant Gallimathias», sa han.

Ja det var visst ikkje tvil um anna, Henrik Wergeland vilde vera diktar. Men det som han skreiv i skuledagane, viser inga sjølvstendige evner; det er berre atterljom etter andre diktarar, og det er berre vigtigt for di det syner oss kva som grodde i hugen hans. Han hadde elles hjelp til dei fyrste bladstykka sine; det var eit syskenbarn hans, den fremdelege Jens Aubert, tri aar eldre enn han sjølv, som var med og dikta. Henrik Wergeland budde dei fyrste Kristiania-aara sine nedpaa Akerhus festning hjaa general Aubert, som var gift med morsyster hans, og sønerne der i huse vart gode vener for han. Men, som far hans segjer um han, «en rastløs og urolig Aand udviklede sig mere og mere»; han vart snart lei den strenge militære hustukta, og so fekk han lov hjaa far sin til aa leiga seg inn hjaa folk ute i byen. Han kom til aa bu hjaa ein smaakjøpmann Halvor Olsen i Lakkegata ute paa Grønlandsleira. Den fridomen han dermed vann, var ikkje berre god for han; han kom til aa bu i lag med nokre studentar, og dei — hev han sjølv fortalt — «gav mig gratis Undervisning i at drikke Stærktøl i store Kvantiteter og i at røge Tobak, samt i flere Studenternetheder — jeg veed ikke een undtagen».

## V.

### Studentdagar.

So vart han student i 1825. Han stod seg passe godt til eksamen; berre i sogukunna naadde han beste karaktér. Og so kasta han seg med ør livslyst ut i studentlive. Kristiania var ein smaaby endaa den gongen, ikkje fullt so stor som Bergen dessmeir; der budde snautt 20000 menneskje. I so liten ein by maatte studentane vera vigtige folk, og dei hadde teke seg til stor magt i byen; dei hadde liksom ein

fyrerett paa aa fara med styr og leven. Sedene var i det heile ikkje fine i dei dagane; der var fælt med skjøkjer i byen, og ovdrikking høyrde med mest i kvart eit godt lag; dei som skulde halda skikk paa folk, vektarane i byen, var sjølve dei mest fordrukne av alle, og det kunde jamvel henda at gode kongelege embætsmenner kom fulle og gjorde uppstyr i gata um næterne. So kann ein tenkja seg koss det var med studentane; det var aalgjengd moro for dei aa egla seg inn paa vektarane eller dei militære skiltvaktene, og fara med song og skrik gjenom gatene. Wergeland hev sjølv i eit brev fraa 1828 skildra korleis han var med i dette live:

«Da jeg kom til Universitetet, slap Skolen en urolig, spektakelfuld Dreng paa 17 Aar ud i Verden. Jeg slog mig til ligestemte Kammerader, d. v. s. saadanne, som med et fuldt Glas i Haanden, med et fuldt Hjerte saa ned fra en svimlende Frihedshøjde paa den vide Verden, agtede kun eget Omdømme, spillede latterlige Spektakler i en større Stil end paa Skolen, eller ogsaa skjult ytrede jeg især mine og deres politiske Synsmaader paa en følelig og udtryksfuld Maade, sloge Rygtet i Vind og Veir, da vi, og jeg for min Part især, nok mente, at naar Tid kom eller det faldt belejligt, skulde vi nok tvinge det til at tie stille, brugte physiske Kræfter mod Politiet og aandelige Kræfter, hvori jeg især havde den Ære at udmærke mig, til at antage et Herredømme, hvilket en blodig Satires Svøbe vogtede, iblandt de øvrige Akademikere. — Kort, jeg var en komplet Renomist, dog uden at jeg derfor gjorde mig skyldig i de allerusædeligste eller ødelæggende Udsvævelser, men for det meste vare mine Udskejelser mere støjende end vedholdende og i Grunden nedværdigende. De bestode ikke f. Ex. i Spil (da jeg aldrig har kunnet naa Færdighed i det simpleste eller kan sidde længer ved Bordet end en Times Tid) eller vedholdende Nattesvir som mange Andre, hvem Rygtet dog sparede; men almindelig i en Aftenbolle, hvorom da den faste Stok var forsamlet, og saa, naar den var forbi, til et eller andet af de Optøjer, som imidlertid vare udklækkede, og som almindelig havde en eller anden Spidsborger tilbedste; paa hvilke tumultuariske Tog det da ikke manglede paa at blive kjendt. Dette Commerce-Collegium eller rettere Bureau for gale Streger bestod af meget Faa, og ingen uværdig Person indsluttede det: alle vare gode Hjerter og gode Hoveder og dertil fidele Karle: Alle enten mine Ligemænd eller Overmænd! Jeg var Sjælen deri, enten 'nu fordi jeg malede bedst Karrikaturer om Formiddagen, skrev de bedste Satirer om Eftermiddagen, var den muntreste ved Glasset og den

*Renomist*, villstyring.

bedste Drikker og Opfinder af Spektakler om Aftenen eller den villigste Udfører om Natten. Dertilmed nød jeg alle andre Studenters Velvilje (paa dem nær, jeg piskede med Satiren fra Kathedret i det almindelige Samfund) i en hædrende Grad, saa jeg ret fornøjet saaledes dræbte mine Dage.»

Det er nok ikkje tvil um at Wergeland tura mykje meir enn godt var i studentdagane sine, baade med drykk og lauslivnad. Ein kann sjaa i politibøkerne, at ei vertshuskone som han mykje vanka hjaa, meir enn ein gong var innkalla og fekk aatvaring eller bot, for di ho hadde fyll og leven i huse sitt um natta. Og han la no sjølv slett ikkje dulsmaal paa det han fór med. Ja, han smurde heller paa og skrøytte av verk som han ikkje hadde vore med paa. Det hev han visseleg gjort i dette breve òg; han var slett ikkje den føraren i galne spik som han der hev skildra.

Det var uvanleg «livlege» aar, den tida han var student og las teologi (1825—1829). Det kunde vel vera innpaa 300 studentar i byen paa ein gong, og berre i desse aara vart ikkje so langt ifraa halvhundrad av dei sett fast eller innkalla for politie for fullskap og uppstyr i gata. Me ser at ein dag utpaa hausten 1825 vart eit par studentar (den eine var endaa teolog) innkalla «i Anledning af at de meget ofte holder Selskaber, hvor der i Drukkenskab foregaaer Slagsmaal og Støi i den Grad at den offentlige Roelighed Nattetider bliver forstyrret». Og eit par veker etter vart eit par andre studentar, baae tvo av same aargangen som Wergeland, «indsatte i Borgerarresten fordi de i beruset Tilstand have været opsætsige imod Politiet, som ved Midnatstid vilde formaae dem til at forlade et offentligt Sted» (d. e. eit vertshus).

Det er merkelegt nok, at teologane tykkjest ha vore dei verste av alle studentane; for fulle halvparten av alle dei gongene politie i desse aara hadde tak i studentane, fell paa teologane. Og studentane fraa 1825 var nok serskilt huga paa det frie, ville hybel- og vertshuslive; dei hev skulda for meir enn tridjeparten av alle samanstøytane med politie i dei aara. Ein kann finna i politibøkerne namne paa mang ein mann som sidan vart ein vyrdeleg prest eller annaslags em-

bætsmann i rikstenesta. Men den mannen som tidast er nemnd, er *Frederik Georg Lerche*, student fraa 1825, — ei utøymd naturkraft i evner og lyster, ein røseleg kar med djerv tankestyrke og frisk fantasi, ein villstyring i liv og seder; daa han kom paa stortinge i 50-aara, skræmde han reint upp det fine gamle bøle med den uvyrne framferda si og dei urædde demokratiske krava. H a n var fyrstemannen i drykk og i slagsmaal med politie, og han hadde eit serskilt lag til aa vinna magt yver felagane sine. Han budde i skuledagane lenge ihop med Wergeland og vart ein av dei næraste venene hans.

Heile dette studentlive maa ein taka med i rekninga, naar ein vil døma rett um Wergeland. Han kjende i seg eit veldigt forraad av livskraft, han hadde heite sansar og ei sterk traa etter aa setja styrken sin inn i live, og han var ikkje rædd for det som var grovt og vilt. Samfunde ikring han skulde ikkje halda han stort tilbake; ungdomssynder vart det ikkje rekna so nøgje med, — ein kunde verta ein god prest, um ein hadde vore noko glad i punsj og kvinnfolk i studentdagane. Ein maa daa heller mest undrast paa at Wergeland ikkje kom verre ut i det; aldri ein einaste gong so lenge han var student, kom han paa raadstuga; aldri turvte universitetsstyre gjeva han noka refsing, og bra folk millom venene hans hev teke han fri for dei styggaste skuldingane.

«Min Lyst staaer aldeles ikke til et sværmende Debacheliv; men isandhed til et ædelt skjønt Liv», skreiv han i det same breve, der han fortalde um villskapen sin. Og det var det som berga han, at han hadde sterke hugmaal av eit høgare slag.

Far hans hev skildra han soleis i studentdagane:

«Liberalismens Formaal er at jevne Menneskenes altfor ulige Vilkaar, at formindske den fysiske og moralske Elendighed, hvori den ulige større Part af Menneskeslægten ligger nedsjunken, at hæve Proletærerne og bortrydde alle Hindringer, som er i Vejen for deres Velvære. Henrik W— var fra sin tidligste Ungdom en sværmende Liberal, Menneskeven og Patriot, og har endnu ikke [1843] fornegtet denne Caracteer. Han var begejstret af Liberalisme for Fædrelandets Frihed og Lyksalighed, for Folkets Oplysning og Vel-

være. Ingen har elsket Almuen saa oprigtigt som han, ingen har søgt saaledes som han i alle Retninger at gavne den, ingen saaledes antaget sig dens Sag uden Skye for al den Fortræd og al den Ulykke, han virkelig derved paadrog sig. Han grublede stedse paa, hvorledes han kunde gavne, og hvor han fandt Lejlighed dertil, der gjorde han det med Kraft uden at frygte eller skye nogen Hindring, uden Beregning af Fordeel eller Tab paa sin Side. I 1825 havde hans Fader sat ind for ham i Sparebanken ca. 100 Sp. Han beder indstændig at han af disse Penge maatte forstrække sin fattige Onkel med 50 Sp. «Om vi, siger han, saae en god Mølle staae uvirksom af Mangel paa Vand, vilde vi da ikke aabne Slusen? Lad mig have den Glæde at sætte denne Mølle i Bevægelse.» Han deelte sit Brød med den Fattige, og trak sin Kjole af og gav den som ingen havde. «Jeg gav hvad jeg havde,» skriver han engang, «2 Mark og en ny Skjorte. Jeg løb ud og skaffede Manden 6—7 Kunder. Maden bliver mig bitter i Munden ved at vide saa megen Elendighed; jeg synes ikke jeg har Ret til at spise mig mæt.»

Han indsaae, at for et Folk som det Norske var Simpelhed og Tarvelighed i alt meest passende. Han var ogsaa selv i sit hele Udvortes og sin Levemaade simpel og tarvelig. Pynt og Kostbarheder i Klæder saae man ikke paa ham, men Vadmels Frakke og Beenklæder. «En af mine Venner, skriver han 1827, har raadet mig at klæde mig bedre, da jeg i den Henseende ikke holder Skridt med andre Mennesker.» Han nød den groveste Kost, vragede ikke Bjørne- og Hestekjød, trakterede sig og sine Venner med stegte Hundehvalpe og Slanger m. m. Tog i nogen Tid Undervisning i Voltigeren, gik flittig i Bad, svømmede i Elven selv seent paa Høsten, naar Iis viste sig, alt for at hærde sig selv og give Almuen et Exempel; og ofte, naar han traf paa en skiden og saar Bondegut, tvang han ham ud i Vandet.

Nu var der en Deel af den studerende eller studerede Ungdom, hvis Færd gik ud paa det modsatte heraf, nemlig som troede, at Nationens Tarv rammedes bedre ved at indføre Blødagtighed, Qvindagtighed, Pragt- og Modesyge, Preciositet og Pedanterie i Sæderne, som haanede alt Norsk som Raahed og vilde indføre udenlandsk Kjelenskab under Navn av Fiinhed, som brøde sig Pokker om Liberalitet, Frihed og Almue, men krøbe omkring Højderne. Det er naturligt, at H. W. ikke kunde sympathisere med disse sine Antipoder. Her er Roden til Fjendskabet mod Tropisterne. De misundte og hans stigende Popularitet og Berømthed.

Han var altid villig til at tjene andre ved hvad det skulde. Nogle har han bragt i Vej ved Anbefaling, andre har han læst for gratis og hjulpet dem frem paa Videnskabernes Bane.»

Nett fraa 1825 heldt det paa aa laga seg til ei partikløyving millom studentane. Studentsamfunde vart gjort um ifraa eit avstengt sellskaps-lag til eit fritt samtalelag, der alle dagsens spursmaal og saker vart tekne fram. Og Wergeland

var med og reiste striden; han samla vener kringum seg, som vilde høgtida 17de mai paa trass imot kongen, og som vilde setja inn i live dei store fridomstankane fraa 1814. Det var F. G. Lerche, L. K. Daa og mange andre, baade namngjetne og ukjende menner. Dei fostra og eggja kvarandre til den store striden som skulde fylla manndomsaara deira.

Det var naturlegt, at det var med fridomskvæde Wergeland fyrst trod fram for aalmenta. Han tok til alt i 1825. I blade «Patrioten» — sjølvsagt! — kom i april 1825 eit gaatefullt dikt med latinsk yverskrift; det handla um ei sol som heldt paa aa gaa ned i gløymsla, — det var fridomssola fraa Eidsvoll, kann du veta. Utpaa sumaren kom eit nytt dikt som beintfram kalla seg «Norges Frihed»; men det var ikkje berre Noreg diktaren tenkte paa, han sette straks i:

O! hører Nationer det Ord, som gjenlyder
Colombias Sletter og Norriges Fjeld.

Han kvad um Hellas som kasta det tyrkiske òke, um Amerika som endaa eima av «Tyrannernes Hæres det udgydte Blod», medan Frankrike no laag bunde. Det var berre fridom som gav lukke:

Dens Priis høit skal gjalde!
Despoterne falde
Ved Lænkernes Brud!

Daa stortingshovdingen Ingelbrecht Knudssøn døydde so braatt i 1826, kvad Wergeland sin syrgjesong i namne til fridomsgudinna, og straks etter fekk han prenta det fyrste 17de-mai-dikte sitt: «Mai syttende af Tidens Bølger randt skjøn over Nord», ein lovsong til fridomen, «Norriges Brud», den møya som kvar normann gjerne vilde døy for. Alt dette hadde han endaa berre sett ein liten *w.* under; men um hausten 1826 vaaga han seg fram med fullt namn, og det han daa kom med, var ein veldig «Ode til Norges Frihed». Det er tydelegt at eldhugen for fridomstanken var ei av røterne til diktinga hans.

I dei siste av desse dikta, dei fraa 1826, høyrer me for fyrste gong ein ny, sjølvstendig tone; her er det ein sermerkt diktar som leitar etter si eiga form. Det mynstre han endaa fylgjer, er den gamle græsk-latinske ode-diktinga. Liksom fridomen fraa dei gamle republikkane hadde kome til Noreg —

Os ene gav Gud
den Mø, hvortil Verdner fra Oldtiden beiled

— soleis kvad no den norske diktaren til ære for fridomen i fornt versemaal. Sjølve setningane og orda er ihopfløkte paa latinsk gjerd, so ein tidt maa leita fram meininga. Men elles er orda einfelde nok, tankane klaare og faste. Bilæta høver ikkje alltid godt ihop, dei kjem paa ein gong fraa alle verdsens kantar og tider, — i same verse møtest den spartanske Eurotas og den amerikanske Susquehanna, den græske Athene og den norrøne Frigg. Men dette hjelper daa òg med til at me liksom høyrer susen av allheimen gjenom dikta og kjenner oss i ljose av «Solens aabne Øie for Kloder høit paa Himmelteltets Blaae». Me ser ein diktar som lyfter dei unge vengjene til vaagsam himmelferd. Han er urøynd og uhag endaa; men det er magt og mod i vengjeslage. Han treng berre veksa og læra meir.

Det var kjærleiksrøynsler, med himmelsk glede og svart sorg, som gjorde han til vaksen mann.

Den fyrste kjærleiken hadde han alt havt i skuledagane. *Ho* var $3^1/_2$ aar eldre enn han, og — sjølvsagt — «en underdejlig Pige». Ho var dotter til ein høg offiser i Eidsvoll, og sjølv trulova med ein offiser. Men kva gjorde det for den unge elskaren! Han var yver-sæl, naar han ein gong ibland kunde lura seg til aa kyssa — hatten til drosa si, eller naar han trudde han saag skuggen hennar paa eit fyreheng i vindauga. Og daa rette kjærasten hennar kom burt paa sjøen, skreiv Wergeland sjølv syrgjekvæde yver han i «Morgenbladet». So luftig og kravlaus var den fyrste kjærleiken.

Straks etter han hadde vorte student, kom den næste. I eit jolelag i Kristiania saag han ei ung foreldrelaus gjente

som heitte Emilie Selmer, og straks var han eld og glo. Han var noko ør av drykken -- det vart han so lett —, og han maatte endeleg upp i dagen med kjenslene sine. Etterpaa skreiv han til fostermor hennar, og so skulde han likevel faa lov aa koma og helsa paa ho. Kvar sundag stasa han seg til og gjekk i veg; men aldri vaaga han seg inn. Den største lukka han hadde, var daa ho hadde flutt ut paa Bygdøy og han sat og saag paa ho gjenom ein stor kikar tvert yver Frognerkilen. «Jeg til Himlen med Selma mig svinger!» song han.

Jeg drømte, jeg favned i Ungdommens Glands
Min Selma! jeg følte dit Hjerte
Mildtbankende — o da svandt Jordlivets Sands!
O min Selma!
Jeg vaagned til tærende Smerte.

Men so vart ho trulova, ho òg, og det jamvel med den venen som han hadde trudd seg til med dei nye kjærleikssorgene sine, — det var ingen mindre enn Frederik Stang. Og snart var ho gløymd, ho òg:

Daaren troer Elskov varig: snart flyver den
Sjel, som saaredes dybt af blaafjedret Piil fra
Ungmøens Blik, til Glemsel paa Viingudens
purpurne Vinger.

Daa han skreiv dette spotteverse (i fyrstninga paa aare 1827) var det alt ein ny kjærleik som fyllte han. Og denne gongen gjekk det djupare. Ho var dotter til den nye futen som hadde kome upp paa Romerike i 1825, dansken kammerraad Malthe. Han hadde ein heil flokk med vene og morosame døtter, og flestalle av dei vart gift med høge embætsfolk; tvo av dei vart statsraadsfruver dessmeir. Den yngste av dei heitte Hulda; ho var berre 16 aar, daa Wergeland raaka ho i jola 1826. Han dansa med ho, og tri veker etter fridde han. Ho var i vitjing hjaa prestefolke i Ullsaak, og den 16de januar 1827 køyrde han av garde dit med eit digert friarbrev i lumma; han maatte taka imot avslage med eit heilt sellskap til vitne, — ho kjende han ikkje, sa ho,

og dessutan hadde ho — men det sa ho ikkje — alt fest hjarta sitt til ein annan. Men Wergeland gav ikkje upp: «O, jeg er et Menneske, som klattrer til Himlen paa en flagrende Spindeltraad, hvis Indbildningskraft er saa stærk, at den lader mig lee, hvor de Fleste andre neppe smile, og græde hvor Andre vilde gabe!» skreiv han. Han kom gong paa gong paa vitjing i huse til Malthe, han vart vener med alt husfolke, og serskilt med den franskfødde husfruva, som var glad i dikting og alt som det var aand i. Han skreiv dikt til Hulda, han kalla ho stjerna si eller «Stella», og so freista han fri paa nytt.

Det var ein fager julidag heime i Eidsvoll; der var blomsterfest i prestegarden, og Hulda var blomsterdronning. Men ho vilde slett ikkje tala med han, — berre viste han av. Alt i fyrevegen var han i slik ei spaning, so han visste mest ikkje til seg. «Jeg lignede,» skreiv han til ho etterpaa, «et Skib, som krænger i Stormen, saa at Seilene og Vimplerne dyppes i Vandet. Især den smertelige Følelse, at jeg maatte give min Stolthed tabt, naar jeg atter vilde henvende mig til Dem, og Bevidstheden om at jeg ikke vilde kunne andet, da min Lidenskab var voxet til en saadan Høide, at mit hele Væsen var aldeles opløst i den, forenet med Tvivl, Længsel efter at see Dem, Forventningen om hvad min Skjebne vilde blive og som det ene Øieblik bar et lyst, det andet et mørkt Præg, Angest, tunge Ahnelser, Planer, gjorde mit Indre fuldkommen ligt et oprørt Hav.» I lumma hadde han eit dikt han hadde skrive med sitt «Farvel til Hulda»: der skildra han korleis han var med i den græske fridomsstriden og fann dauden for tyrkesverd. Daa han so fekk avslag paa den siste bøna um ein samtale, daa vart han so ør, so han med ein fæl skrik kasta seg hovudstups utfor laavebrua og vilde gjera ende paa seg. Heppa var at han slo seg berre i svime. Men daa han sansa seg att, daa tenkte han at all lukka no var daud for han. «Jeg faaer bære min Skjebne, den at see lutter glædeløse Dage imøde,» skreiv han maanadsdagen etterpaa. «Jeg har

det Haab, at Gud snart vil lade mig døe — jeg er fornøjet derved, jeg er glad derved. Min Volcan maa snart være udbrændt og styrte sammen — jeg er glad derved!» Fyrst vilde han gjera aalvor av aa gaa i den græske ufreden og døy der, liksom Byron hadde gjort for tri aar sidan. Men far hans fekk han ifraa det. I staden sette han um den nygræske stridssongen av Rigas, og han gav seg luft, som han sjølv fortel, «i en Strøm af vilde, regelløse Oder, hvis Grundtone var mit Væsens, nemlig Tungsind»; desse dikta vilde han so gjeva ut til inntekt for grækane. Men

Vaaren træder i Vinters Spor
og friske Roser de spire, hvor
Skjebnen lagde din Fryd i Jorden.

So hadde han skrive i eit syrgjekvæde tri fjordungaar i fyrevegen, og soleis var det med han sjølv. Hjartesaara hans grøddest snart, og hugen hans hekk full att med «funklende Planer og Stjerners guldrøde Frugter». Han vilde med arbeid og daad gjera seg verdig til drosa si. Han dikta, og han dreiv paa med «de pligtmæssige Studier». Og næste sumar — fridde han paa nytt. Han sende ei korg med jordbær til si Hulda; ho tok bæra, men sende korga attende, og dermed var den soga ute.

Dette var i juli 1828, og i september same aare skreiv han eit uhorveleg langt friarbrev — til ei anna ung dame. Det var Elise Wolff paa Blindern i Aker. Ho var fem aar eldre enn han, men rik og vén og aandfuld og lærd, og ho hadde alt havt mange friarar. Wergeland skreiv til ho og fortalde ho, koss han meir og meir hadde skapt i hugen sin eit ideal som han kalla «Stella»; han hadde vore paa leit etter det, og no hadde han funne det i henne. Ho svara han nei med kloke og milde ord, og han tok avslage med ro, nær sagt med glede. For det var ikkje so mykje Elise Wolff han elska, som det ideale han hadde i hjarta, og det kunde han gøyma like trutt, um han ikkje fekk den eine

*Rigas* (1757—1798), ein brennhuga fridomsmann, dikta det kvæde som vart hærrope for det græske upprøre i 1821.

møya. Baade til Hulda Malthe og Elise Wolff skreiv han, at det var sjæla deira han elska, ikkje likamen, og han elska alltid «Stella», kor mange gjenter han so vart glad i:

Hvad, Stella, er vel det Skjønne uden et Bild af dig?
Hvad gjøre — — —
selv tusind Forelskelser (slukte før Lysene brænde ned)
vel Andet end at forherlige vor Elskovs Evighed?

Det er visst nok, at han kom til aa elska mange etter desse fyrste, og kjærleiken reiv han med til mange galne spik. Han var trulova ei tid, etter det eg hev høyrt, med dottera paa Veset i Nes prestegjeld, og dei fortel i bygda, at det var inga han var so glad i som i henne. Men det var dei fyrste kjærleiksrøynslene, aller mest kjærleiken til Hulda Malthe, som sette merke i sjælelive hans. Me hev endaa breva hans til henne, og me ser kor hardt han stridde; men so ser me òg i det store breve hans til Elise Wolff, at han gjenom striden vart meir og meir klaar paa seg sjølv, paa evnene og paa fyrelogene sine «Mit Hovedembede», skreiv han til ho, «vil vel blive at opdyrke det Agerstykke, jeg fik i Vuggegave paa Parnas.» «Jeg vil altid handle i Menneskehedens Sag, i Fædrelandets og Frihedens, i philanthropisk Aand — efter Fornuftiges Mening, men ei efter Alles, er denne christelig — og min Virkekreds vil ikke blive liden. Naturligt, at jeg da ofte vil kunne glemme min egen Sag, mit tilsyneladende Bedste, og naturligt, at Fiender ville voxe op i ethvert af mine Trin, som jeg dristigt, efter disse Grundsætninger, styrer imod Maalet. Hvad der da ikke lader sig bøje til Siden rykkes op.»

Det kom ein ny støleik i han no. Fyrr hadde han vingla att og fram millom ulike paaverknader, millom maaneskinsromantikk og fornsegner og dagsens strid. Daa han var tjuge aar gamall, var han ein mann som sjølv visste kva han vilde baade i dikting og i liv: han vilde reisa eit fritt og fagert menneskjesamfund, — nytt og ungt, men likevel bygt paa gamall grunn.

*Parnass*, eit fjell i Hellas, som var vigt til diktguden og diktmøyane.

Fyrst og fremst vilde han no gjera seg ferdig med sin eigen skulegang, og det var harde arbeidsaar som no kom. Far hans hadde henta han heim til Eidsvoll i april 1828, helst vel med den tanken at han ikkje skulde faa gjera noko uppstyr paa 17de mai. Lerche og andre av venene hans hadde vore ute med fyll og staak 17de mai aare i fyrevegen; no kom Carl Johan sjølv til Kristiania og vilde leggja band paa all fridoms-festing. Det var klokt gjort av Nikolai Wergeland aa halda sonen burte; for daa Henrik kom inn att til byen aare etterpaa og skulde taka teologisk eksamen, raaka han straks upp i den 17de-mai-striden som er kalla «torg-slage». No vart han verande heime eit heilt aar og las teologi. Han likte slet ikkje denne lesnaden; han tykte det var som ei vandring i øydemarka, — som det saug all aanda utor han. Men han herde paa, og vaaren 1829 tok han embætsprøva. Han fekk berre «haud»; men han hadde i minsto lært den kunsta aa arbeida.

I eksamensboka stend det uppskrive, at daa professor Hersleb spurde Wergeland kva den ævelege sæla var, svara han det var det same som aa verta meir og meir sedeleg fullkomen; men det var ikkje rett etter dogmatikken. Daa so professoren spurde etter helvites-straffene, meinte Wergeland at dei var ikkje heilt ut ævelege. Hersleb la imot med ord ifraa bibelen, og Wergeland svara, at han visste det ikkje stod so i skrifta; men han vona det maatte vera so likevel. Professoren la daa ut um kor veikt eit grunnlag slik ei von var.

Ikkje for eksamensborde dessmeir kunde daa Wergeland tegja med si von og si tru paa framgangsmagta i alt i verda. Det var denne framgangstrua som skulde bera all hans gjerning.

## VI.

## Aandsvokster.

«Vor unge Litteratur — hidtil et Træ, ligesaa sparsomt blomstrende som Klippebunden, hvori det fæstede Rod —

staaer nu bedækket med Blomster eller Knopper idetmindste, som skulle springe ud ved det nye Aars første Aandedrag.»

Soleis var upptake i eit lite stykke i «Morgenbladet» den 31de oktober 1826. Innsendaren var namnlaus, og um han hadde namngjeve seg, var det ikkje mange som hadde kjent han eller tenkt at han var noko aa gjeva gaum etter. For det var ingen annan enn den unge studenten — endaa ikkje ferdig med andre-eksamen dessmeir — Henrik Wergeland. Men til røyndar var det nett denne 18-aaringen som var den fagraste blomen som var i sprett i den norske bokheimen. Og han vart visseleg aatgaadd og fagna med endaa større glede, for di han blømde fram etter so lange turre tider. Han var i sanning ei rik aand og ein herleg diktar; men naar han vann so megtigt eit rom i soga vaar, so liksom alt seinare byggjer paa han, daa er det mykje for di at det var so audt fyre han og i mange maater endaa fatigt ikring han.

Livsverke til Wergeland var ikkje eit brot med det arbeide som fyrr var gjort i Noreg. Tvert imot — det var ei fullkoming, ein braa framstøyt for alt som det var gror og vokster i. Noko av det mest sermerkte i Noregs-soga kringum aar 1800 var det, korleis aands- og samfundsstraumane heime møttest og krossast med straumdrage elles i Europa. Heilt ifraa 1300-tale hadde det norske folke mest gaatt sine eigne vegar; men no synte det seg med ein gong, at det hadde naadd fram til nokolunde same grunnskipnad og grunnkrav, som flestalle folka i Vesteuropa. Det var sjølvræda for folke i næringsliv, i riksliv, og i aandsliv, som baade heime og ute hadde vorte høgaste lova og fyreloga. Det galdt no um aa samla straumane, — um aa semja alle dei ulike freistnadene med aa setja grunntanken i verk. Ingen einskild mann i soga vaar hev vore slik ein straumsamlar som Henrik Wergeland.

Han var ein rettboren ættmann til det store 18de hundradaare. Dette hev sumtid vore sagt til nedsetning for han; han hev vore kalla ein etterliggjar ifraa 17-tale, — det var

motmennerne hans som bar nytida fram. Det er no slett ikkje sant at han berre var ein etterklang etter ei eldre tid; eg skal snart visa korleis han tok upp i hugen og gjerninga si mangt og mykje som var yngre enn 17-tale, ja det yngste og nyaste i samtida. Men det er nett æra og storverke hans, at han heldt fram med det arbeide som det 18de hundradaare hadde teke upp. For det var det store revolusjons-hundradaare; det var det som rudde grunnen for eit nytt samfund og nye tankar, og gjorde upptake til all den striden som skulde fylla det 19de hundradaare. Det nye samfunde hadde alt so sterkt grunnlag i Noreg, so daa dei andre landa seig ned under eit tungt og kjøvande bakstræv, daa var det nett at det norske folke vann seg den nye frie grunnlova som gjorde folke til einveldig herre i rike. Og det er fyrst og fremst Wergeland aa takka, at ikkje bakstræve tok magta i norskt aandsliv.

Dei store upprørarane i det 18de hundradaare hadde gjort den frie tanken til herre paa alle umkvervar, og alle vande spursmaal hadde dei trudd dei skulde greia med tenkjing. Det førde lett til turr forstands-dyrking, dette: alt vilde gaa rett og godt, berre folk fekk kunnskap um kva som var rett og godt, — all samfundsframgang laag i kunnskapen, i upplysning. Og i religionsspursmaal kom det upp ein rasjonalisme som kunde vera klaar nok, men ofte heller grunn. Men det var ein uhorveleg vinning likevel, at tanken hadde sprengt alle gamle trældomsband, og dei rasjonalistiske prestane som det i rett-truande lærebøker hev vore so paa moten aa spotta med, dei hev i sanning gjort eit rikt framgangsarbeid. Dei sette kristendomen um i gagns verk, dei grunnla' folke-upplysninga, dei lærde bønderne vaare upp baade i jorddyrking og til aa lesa anna enn berre uppbyggjingsbøker, og dei hadde sjølve mang ein gong eit baade vidt og fritt syn paa livsens ulike tilhøve.

Henrik Wergeland vart alt fraa han var liten uppfostra i denne frie tenkjinga; for far hans var ein egte rasjonalist. Og det vart ein livssans i han, aldri aa bøygja seg for det som

ikkje tanken kunde godkjenna. Han vart glad i «Voltæres Svøbe, den Straale lynhvas og klar», og han gjekk i lære hjaa den store norderlendske frigjeringsmannen Ludvig Holberg. Den djerve holbergske skjemten med all aandeleg trældom eigna han til seg og friska han upp att til eit aands-salt for samtida si; for endaa kunde ein høyra «de skrømtrædde Jeronimussers Abracadabraer», og Montanus sat i «Professors Sæde».

Men det var ikkje berre hjernen som hadde gjort upprør i det 18de hundradaare. Det var hjarta òg, — kjenslelive. Det hadde reist seg og kravt sin rett i skriftene til Rousseau, og det var hans fostersøner som hadde gjort det av med det flate forstands-velde, — det var «Sturm und Drang»-mennerne i Tyskland med Goethe, Schiller og Herder i fyreenden; og etter dei hadde romantikken kome med krav paa reint aa avsetja forstanden, med hyllest til fornkjensler og indre draumeliv.

Wergeland vart den norske «Sturm und Drang». Han var stridsmannen for baade den frie tanken og den frie kjensla. Rousseau hadde skrive dei fyrste lovene for uppfostringa hans, og han kom til aa elska med brennhug den frie natura likso væl som den naturlege fridomen. Far hans hadde ikkje lagt band paa den frie kjenslevoksteren hans, og sjølv vilde han aldri leggja band paa den. Han vart likso glad i det heite, stormfulle hjarta hjaa Ewald som i den klaare, kloke spotten til Wessel. Og han kom under same dikt-paaverknaden som «Sturm und Drang»-mennerne, — fyrst under Ossian, so under *Shakespeare*.

Alt i 12-13-aars alderen, daa han gjekk paa latinskulen, hadde han faatt tak i eit band av Shakespeare («Macbeth», «Othello», «Naar enden er god, er alt godt») i ei ring dansk umsetjing av N. Rosenfeldt fraa 1790; men den gongen gleid det av paa han. So kom det ei ny og god dansk umsetjing ved Foersom, som vart ferdig i 1825, og den kom i henderne hans i 1827. Det var som ein ny aandsheim som lét seg upp for han; han vart reint bergteken. «Intet tilfredsstiller

*Sturm und Drang*, «storm og stræv», namne paa eit tyskt spelstykke fraa 1776 og deretter namn paa heile upprørstida i den tyske diktinga fyre 1800.

mig,» skreiv han i breve til Elise Wolff aare etterpaa, «siden jeg læste og atter læste Shakespeare.» Og lesnaden sette straks merke paa diktinga hans. Daa han til jola 1827 gav ut den fyrste boka si, farsen «Ah!», kalla han seg sjølv med det ossianske namne «Siful-Sifadda», og han likna boka med ein av diktpersonane til Shakespeare. Ein av motmennerne hans tykte det høvde betre aa kalla han «det forskaarne Træsnit af Shakespeares veltrufne Portrait», og det er visst nok at Wergeland — likso væl som Goethe — fraa fyrsten var meir shakespearesk end sjølve Shakespeare. Den store engelske renæssanse-diktaren frigjorde fantasien til Wergeland og løyste ut dei veldige natursynene som brann i han. Ein kann berre lesa dei dikta han skreiv, fyrr han hadde kome under velde til Shakespeare, — kor bundne dei er i form og i bilætbruk. Endaa det sorgsprengde «Farvel til Hulda» som han skreiv i juli 1827, er so strengt og reinskore i heile tankeføringa, so det mest er klassisk. Men naar ein so kjem til dei seinare dikta, alt ifraa hausten 1827, daa er det med ein gong ein ny tone som brusar imot ein. Ein tarv berre jamføra den «Ode til Norges Frihed» som han skreiv i 1826, med umdiktinga fraa 1829 «Hymne til Friheden», og ein skal kjenna skilnaden. I det allheimsdikte fraa oktober 1827 som han kalla «Napoleon», peikte han sjølv paa den som stillte strengjene:

> Bretland af Himlen en Genius sendtes i
> Shakespeare. Sig Fortiden speiled'
> klart i hans Sjel, som i Kilden
> mosgamle Ege.

*Siful-Sifadda:* «Sulin-Sifadda» er namne paa eine vognhesten til den irske segnkjempa Cuchullin hjaa Ossian (Fingals-kvæde); Sifadda vert umsett med «langt steg», og i den danske umsetjinga fraa 1790 som Wergeland visst hev brukt, vert hesten skildra som «den høimankede, bredbrystede, stolte, høitspringende og stærke Biergets Hest»; forma «Siful» hev nok Wergeland laga sjølv. Vogna til Cuchullin var tvibeitt, og Wergeland hev vel tenkt seg, at han sjølv og Siful Sifadda liksom var parhestar; Siful-namne brukte han til all skjemtediktinga si.

Kongernes Planer i Skjaldens
Fata-morgana, Jorden
saae med Skræk.

Og det var med Shakespeare'ske tonar han skildra korleis verda tok imot den franske umveltaren:

Folkene lyttede, lige
Børn til Orcanen,
naar den med Fyrrenes Kroner
leger, træder i Støvet
Kupp'lens Spir.

Kongerne sadde paa Thronerne, Glenterne
lige i Redet, med Hammen
børstet af Angst, med et stivnet
Blik, og med Nebbet
aabent, naar Guldørnens Vinger
fjernt de hørte at slaae den
svullne Sky.

Det var hjaa Shakespeare han lærde aa tolka natura med slike fargetunge ord som desse um morgonlysinga:

Rødmer du, Himmel, fordi vel de favre
Vestvinde have letsindigen viftet din
Sortlok fra Barmen?

— — — — Hvis i Stellas de deilige
Øine en Taare
funkler liig Stjernen, som viser sin blege
Haan imod Dagen, der springer fra Østen med
blinkende Guldhjelm:
da vil jeg være den brusende Storm, der
afslikker Duggen, og jager den skjælvende
Stjerne tilbage.

Himmel, ved gjennem Jasminer at see den
Stella alene, som frygter min sydende
Elskov, du blusser:
Naar hun en Vaarmorgen hæver — o liig et
Solglimt, som springer fra urørte Snebræ — sig
op fra sit Leje.

Det var ei frisk kraft og ein drusteleg rikdom som Shakespeare soleis med tryllekvisten sin hadde gjeve liv. Men det var med det same som ein foss som hadde sprengt stem

og stengsel. Det var liksom Wergeland med ein gong vilde femna all natura i diktinga si; mang ein gong velte det eine bilæte seg yver det andre, so ein snautt kann finna greie i dei, — han tok det som fyrst kom i henderne hans og valde ikkje altfor nøgje, so bilæte kunde nok verta kraftigt, men ikkje alltid smakfullt: mjødmene til Stella kann verta til «en Flok af Engle med hvide klappende Vinger», auga til ei lauslyndt gjente «seer ud som en ynglende sort Pudel», og «hvert et Kys er at æde en Skinke». Etter kvart stillna likevel det ville renne; fossen vart til ei megtig elv — med stride stryk innibland, men med ei djup magt som raadde med seg sjølv. Han hermde ikkje meir etter Shakespeare; men Shakespeare hadde lært han vegen ut til sjølve natura, — lært han aa sjaa med eigne augo og fylgja sitt eige hjarta.

Dei fyrste spelstykka til Wergeland var beint fram laga til etter Shakespeare'ske mynster, — baade dei tvo farsane «Ah!» og «Irreparabile tempus» (jola 1827 og vaaren 1828), syrgjespele «Sinclars Død» og lystspele «Opium» (1828). Samrøda paa kyrkjegarden i «Irreparabile tempus» er som ho var skori ut or Shakespeare, med den uhyggjelege kvardagstalen um sjølve dauden. Lady Sinclar i «Sinclars Død» er teikna etter Lady Macbeth hjaa Shakespeare, skotten Ranald etter dei Shakespeare'ske narrane med deira kunstige ord- og tankeleikar. Men i dette stykke finn me paaverknad fraa ein annan kant òg, — fraa ein nyare diktar: *Schiller*. «Sinclars Død» skulde vera eit nasjonalt fridomsstykke likso væl som Schillers «Wilhelm Tell», og difor kunde Wergeland nokre aar etterpaa laga eit par av fridomstalene til dølen Guldbrand Seiglestad um til nasjonale viser; det var den høg-lyfte Schiller'ske talekunsta som her gav atterljom, og Schiller vart alltid ein mynsterdiktar for Wergeland, for di han kvad for fridom og fedreland.

Soleis var daa straks fraa fyrsten den tyske «Sturm und Drang» med aa forma den Wergeland'ske diktinga. Og ho

*Irreparabile tempus*, den uavvendelege tida. — *Friedrich Schiller* (1759—1805), tysk speldiktar, gav ut «Wilhelm Tell» 1804.

fekk jamvel merke av den rørsla som hadde fylgt etter «Sturm und Drang»-tida, — av romantikken. Eg hev alt fortalt um kor romantisk Wergeland var i gutedagane, og han la ikkje det romantiske drage reint av, daa han voks til heller. Fyrrtid-minna drog han til seg:

Hør en Luur! hvor modig dens Klang! Der
flyver et Suk fra gamle og svundne
Dage. — Ha Forfædreskyggers
Hviin fra en Sky!

So kvad han i eit dikt fraa 1827 eller 1828, og sumaren 1827 gav han seg til aa dikta eit stort kvæde etter soga um Sigmund Bresteson; «Frithiofs saga» av Tegnér, det nye meisterverke til den svenske romantikken, var mynstre hans. Verke vart ikkje ferdigt; men mange aar etterpaa (i 1835) laga han inngangsdikte um til det sjølvstendige vesle dikte «Et gammelnorskt Herresæde», — eit av dei ypparste romantiske dikta i heile den norske bokheimen, eit dikt som Welhaven kalla «grandissimo» og ynskte han sjølv hadde skrive. Me høyrer daa òg, at Wergeland i 1828 nemnde sjølve Oehlenschlæger millom dei som hadde vigsla han til diktar. Og hjaa Maurits Hansen lærde han — likso væl som Henrik Ibsen sidan — aa slyngja dramatiske knutar, — me ser det kann-henda best i dikt-ringen «Den engelske Lods» fraa 1844, med dei mangslungne løyndomane som etter kvart vind seg upp. Sjølv gav han baade i 1830 og 1832 Maurits Hansen emne til romantiske forteljingar, og han vart vener med baade Maurits Hansen og Bjerregaard; han skreiv varme minnedikt yver dei baae tvo, og han hjelpte med, daa «Fjeldeventyret» for fyrste gong vart spela i Kristiania 1844, — kona hans spela med i stykke.

Berre av dette eg her hev peikt paa — og eg skal sidan visa paa meir som styrkjer det — ser me daa tydeleg, at

*Esaias Tegnér* (1782—1846), svensk diktar, gav ut «Frithiofs saga» 1825; i Noreg kom ei umsetjing ved Herman Foss straks i 1826, og i Danmark ei anna ved J. P. Miller seinare paa aare.

Wergeland var ikkje berre ein etterliggjar ifraa den kaldkloke upplysningstida. Han samla i seg baade det frie tankearbeide fraa det 18de hundradaare og dei heite draumane fraa romantikken; men han vart ikkje bunden i noko av dette, — han var mann for aa støypa motsetningane ihop i eitt, heilt livssyn og livsverk. Han tok upp fyrrtiddraumane og naturdraumane; men dei vart hjaa honom til styrkjing for frigjerings- og framgangsarbeid, — han vilde gjera draum til sanning. Han fann ein mynstermann for seg i dette i den store engelske diktaren *Byron*. Den upprivne sjælelidinga hjaa Byron kunde ikkje trivast i hugen hans, endaa han ei stund kjende ein snev av den:

Den Byrons-fugl, som skjuler, for fæl til at sees,
sit hakkende Hoved i Hjertet,
og æder gridsk som Prometheus' Grib
dets ædle Kjerne, men udspyer Slanger igjen . .
*den* fæle Fugl har en Nordhavs-orcan
blæst ud af mit Hjerte, og Havet dens Fjedre saa smaae
har plukket som Doggerens Sand.
Med første mødende Havørn den fløi.
(Dikt fraa 1831.)

Men det som han elska hjaa Byron, det var den ukuvelege fridomsviljen og den djerve sanningssøkjinga, og so det at han sistpaa sette live inn for ei fridomssak; difor vart han for Wergeland «min Byron med Basunen», han som «sang i Tordner» daude for tyrannane. Og Byron vart for Wergeland ein læremeister i den kunsta aa forma filosofiske tankar ut i dikt.

Næraste skyldskapen er det likevel millom Wergeland og ein annan stor engelsk diktar fraa den tida, — kann-henda den største av dei alle, — *Shelley*. Hjaa baae tvo finn me den same modige tru og klaare framgangsvilje, det same

*Lord Byron* (1788—1824) gav ut bl. a. det filosofiske speldikte «Manfred» (1817) og det store fridomsdikte «Don Juan» (1823). — *Percy B. Shelley* (1792—1822), lyrisk diktar, skreiv bl. a. det veldige speldikte «Den løyste Prometeus» (1821).

inderlege hjartelive i pakt med all natura og menneskja, den same kjempefreistnaden paa aa tolka lagnaden for manneaanda. Me veit, at Wergeland aldri hev lese eit ord av Shelley, so etterherming eller paaverknad er det ikkje spursmaal um; det er berre umveges, gjenom Byron, at tankar fraa Shelley kann ha naadd fram til Wergeland. Men dette, at ein maa setja Wergeland jamsides med ei diktaraand som Shelley, ein mann som fyrst mange aar etter han var død fekk hovdingrom i engelskt aandsliv, — det vitnar betre enn noko anna um kor langt framme Wergeland i sanning stod. Han var ikkje taarne paa ei gamall tid, men grunnsteinen for ei ny tid.

Det var eit rikt tilfang aanda hans hadde sanka inn, alt fyrr han var stort yver tjuge aar gamall, og det kunde ikkje straks alt renna ihop til full einskap. Men det var likevel ein sjølvstendig, sermerkt diktar som steig fram for aalmenta, daa Wergeland i 1829, med same han hadde teke embætseksamen, sende ut den fyrste diktsamlinga si. Desse «Digte, første Ring» hev fenge ord paa seg for aa vera reint uleselege. Og det er sant: dei er nedlesste med bilæte og syner; ikkje eit einaste dikt hev faatt den strenge avgrensinga, so det hev vorte fullkome. Men mest i kvart dikt er det slengt ut ein raust rikdom, so ein sjeldan finn maken. Det kann kosta arbeid aa leita perlene fram, men det løner seg stort. Det som er det sterkaste i denne diktsamlinga, det er den uendelege samkjensla med alt som lever. Han diktar um sin bror, den vesle kaninen; for han veit at

— af Taagen Kraftens Gud,
ved at tænde Solen, ud
vikled mig og min Kanin:
mig som Blomst, og den som Rod.
Og fra samme Sol vort Blod
runden er i os som Skin.

Og han kann med rett likna seg sjølv med ein fiol,

der gjemmer i Hjertet en Dugdraabe kun
til Speil for Gud og Verdens Rund.

Det er kjærleiksdikt, det meste i samlinga. Men kjærleiken er for Wergeland berre ei magt til aa svinga seg til himmels med eller til aa skapa liv; det er kjærleiken

som øser de frugtbare
Tanker ned, som en lunken Regn om Vaaren:
saa sødt Digt og spraglede Planer, som Hyben og
Epheu, under dit Smiil, mod Himlen voxe.

Difor kann han i inngangskvæde skildra diktinga si soleis:

Ha, hvor spænder sig min Sjel
op til Himmel, ned til Hel,
over Sol og over Sky
til Messias, første Klang
i den høie Aandesang,
som ved Blivet
toned ud i Livet,
der i Blod og Kjød og Jord
Farve fandt og Udtryksord!
Ha, og ned bag Steen og Mose
graver den sig som en Rod,
som en klingrende Alrune,
drikker gammelt Heltery,
suger svundne Dyders Træk,
suger svundne Lasters Skræk
op af Pergamenters Blæk,
op af Munkeruller brune,
op af brusten Rustnings Blod,
springer saa med Duft mod Sky,
op med Klang og Nervegny,
som en Balsaminerose
— o hvert Blad et Sørgespil:
Skyggen Graad og Lyset Ild.

Det er ei sanseleg jordkjensle, som endaa eimar av mold og dyreblod, men som samstundes lyfter seg til den høgaste gudstanken. Det er den same megtige panteismen — gud i alt, og alt i gud — som levde hjaa slike aander som Goethe og Shelley, — hjaa Wergeland visst ikkje so filosofisk klaar, men kann-henda inderlegare naturgrodd. Og or denne kjensla føddest det verke som Wergeland sjølv rekna for

hovudverke sitt, og som han sysla med live ut, — «Skabelsen, Mennesket og Messias», — slett ikkje det beste kunstverke hans, men likevel eit hovudverk i bokheimen vaar, for di me der finn grunnlage for heile livsgjerninga hans.

## VII.

### «**Skabelsen, Mennesket og Messias**».

«Jeg til Himlen med Selma mig svinger!» So kvad Wergeland alt i 1826 til Emilie Selmer, og han fortalde at ho aatte «himmelske Ynder». Slike talevendingar er vel ikkje so sjeldsynte millom dei som elskar. Men for Wergeland vart dei meir enn ord. Han hadde den evna, at alt vart til liv i hugen hans, og dei bilæta han brukte, vart meir enn bilæte, — dei laga seg um til heile hendingar og forteljingar, til trudomssegner eller mytar. Naar han elska, kjende han seg lyft upp i himmelen, og daa vart det ei livssanning for han, at kjærleiken kom ifraa himmelen, — at drosa hans var ei himmel-møy. Me finn denne tanken fyrst forma ut til myte — han brukar sjølv dette orde — i eit brev til Hulda Malthe fraa sumaren 1827:

«En skjøn Sjel — De kan tænke Dem Petrarchs Laura eller Johanna Gray, eller hvilket andet ædelt Fruentimmer, De erindrer Dem — hævede sig fra Jorden. Den udfoldede sig herligere og herligere igjennem jo flere Liv den vandrede: den havde allerede gjennemvandret Aandernes, Stjerneaandernes, Seraphernes, Cherubernes og Eloahernes Klasser, da den øverste Eloah, forbauset over denne Aands Dyd og Glands, for ikke at flette et nyt Mellemled mellem sig og Englene, i sin Viisdom deelte den og sendte den atter ned til Jorden, at gjennemløbe samme Bane. Begge denne herlige Aands Dele vare hinanden fuldkommen lige, som en kløvet Diamant, og som to Stjerneskud dalede de tvende Søstersjele ned til Jorden. Den lunefulde Skjebne lod den synke i to yndige Legemer i vort gode Fædreneland, og Menneskene, uvidende om deres foregaaende Skjebne, kaldte den Ene Hulda, den Anden Selma. —

*Laura* heitte den gjenta som den italianske diktaren Petrarca (1304—1374) elska og kvad um. — *Jane Grey*, ei gaaverik dame av den engelske kongsætta, vart sett paa kongstronen i 1553, men vart straks avsett att og avretta, 17 aar gamall.

Jeg veed ikke hvilken gunstig Aand der meddelte mig dette: men jeg ene kjendte disse Tvendes foregaaende Skjebne; maaskee min Sjel var de svage Levninger af Jorden, som endnu klæbede ved Aanden, og at jeg, nedstyrtet med dennes to ædle Dele, af en uimodstaaelig Drift, eller Gjenerindring af den gamle Forening, dreves til at opsøge dem; men komne her til Jorden maatte disse adlyde den Lov, at ligeartede Ting frastøde hinanden under visse Betingelser.»

Wergeland skreiv dette mest for di han vilde orsaka at han so svint flutte elsken sin fraa den eine gjenta til den andre. Men den myten han soleis hadde laga seg, vart grøderik for tankelive hans. Meir og meir saag han i menneskja ei aand som hadde stige ned fraa himmelen; men molda hengde seg paa ho, og stræve vart daa aa løysa aanda av alle jordband att. Det var den gamle kristelege tanken um motsetninga millom aand og kjøt, som her fekk ny form. Me ser det i eit par dikt fraa oktober 1827, — uklaart i dikte «Til den døde Peter Krefting, min Ven», men sterkt og greitt i inngangsversa til dikte «Napoleon»:

Vi ere Aandeæg, lagte i Dyndet; men
Sjelen sig vikler, som Sommer-
fuglen, af Svøbet, og Aande-
    kraften forøger:
Høiere, gjennem Spiraler,
stiger Andernes Skarer
    op mod Gud.

Aanderne glædes ved Tilvæxten, hvergang de
skue den dydige, store
Sjel sig af Støvhammen vikle:
    da vil, som Ørnen,
rystende Riim af sin Ham, den
Synden kaste, og tyde
    Verdens Digt.

Aanden (liig Straalen, som skyder sig ned i det
fugtige Muld, og som stiger
op, som en glindsende, guulgrøn
    Palme) i Drengens
Legeme daler, og skyder
op i Daad, som er Sjelens
    Blomst og Frugt.

Aanda fekk for Wergeland fritt liv og kunde velja ulike former: «Ofte en Aand i forskjellige Hjerter sig neddykker», og han kjende seg trygg paa at sjælene til Stella og han er «kun af samme Væsen Dele»; men naar dei so lyfter seg upp fraa jorda att, «da vore Sjele, og da vor Skjønhed smelter tilsammen, Stella!»

Det var i alt dette emne til eit heilt heimsdikt, — eit dikt um striden millom aand og kjøt i kvar ei menneskje og i folkesoga. Dei gamle øysterlendske segnene, serskilt dei persiske, maatte lett føra Wergeland inn paa ein slik tanke; han vart i-ser kjend med dei i det store verke av Finn Magnusen «Eddalæren og dens Oprindelse», som kom ut i Kjøpenhamn i fire band i aara 1824—1826, og me ser merke av dei i eit dikt «I Tordenen» som stend i den fyrste diktsamlinga hans. Dèr læt han ein perse segja:

Ormuzd fra Østens Hvælv i Lyn,
Ahriman fra Vestens Dyb i Tordenskyen
frem, for at kjæmpe om Jorden, drage.
Se i din Barm den samme Kamp:
der er dit Hjertes Slag en Guddoms Lyn mod
Aarernes og Lændens sorte Tordenbrag.
Vandt den: saa se, i Taaren paa dit Smiil,
Izeds som stige til Jord paa Regnbuen.
Ha, i de store Kræfters Kamp
Akhar — o Tidens Dyb, den Ubegrændsede —
Regnbuen har slaaet om Himmel, Jord og Dyb,
sigende: «skjælver! dette Alt er mit!
Ormuzd, min høire Haand, der griber
Verdnerne ud af mit eget Dyb!
Ahriman, min venstre Haand, der skyller
Verdnerne ned i mit eget Dyb!
Hvo af Eder vil gribe
Jorden, mit Herskeræble,
midt imellem Eder,
midt i dette Rige, i denne Himmel lagt?»

*Ormuzd* og *Ahriman*, dei persiske hovudgudane for ljos og myrker, godt og ilt. — *Izeds*, persiske englar.

Soleis voks kjærleiksmyten smaatt um senn upp til eit dikt um den store striden i menneskja. Heilt ifraa han var gut, var det mannesoga Wergeland helst hadde lese og granska, og han kom no til aa dragast med spursmaale um framgangsmagtene i soga, upphave og fyreloga for all striden vaar.

Eg trur det er tvo bøker som serleg hev hjelpt til aa løysa ut denne sterke gruninga i fast form. Fyrst er det ei bok av *Byron*. Nikolai Wergeland hev sagt um son sin, at fyre 1830 «kjendte han aldeles intet til Byrons Værker»; men ein tarv ikkje taka dette etter bokstaven, for i næste lina segjer han at sonen samstundes «havde af Shakspeare kun læst Lidet, og læst dette lidet flygtigt», — og me hev daa reine ord fraa Henrik Wergeland sjølv alt fraa 1828, at han daa las Shakespeare med brennhug uppatt og uppatt. Han hadde ikkje lært engelsk paa skulen; for det høyrde ikkje med til lære-emna den gongen. Men han kunde daa lesa umskrifter, og no hadde det straks etter nyaare 1827 kome ut i Kjøpenhamn ei dansk umskrift etter Byron: «Himmelen og Jorden. En Mysterie. Oversat af P. F. Wulff». I denne boka fortèl Byron um tvo jorddøtter som elskar tvo englar, og daa storfloda kjem og øyder all menneskja, fær dei tvo fljuga burt til andre heimar med elskarane sine. Men hovudmannen i diktspele er Japhet, han som gud vil berga i arken, og som skal vera med aa reisa dei nye manneættene; det er tvil og strid i hjarta hans, og gode og vonde magter slæst um han. Jord-aandene spaar honom stygt um korleis live skal laga seg etter storfloda, og den danske umsetjaren hev jamvel maala spaadomane meir ut enn sjølve bokmeisteren:

Uret og Splid,
Ildgierning og Nid
Og Udaad I ikkun vil pleie og hædre
I vordende Verden. — Den vordende Slægt,
Af Aasyn meer hæslig, af Aarene færre,
Af Dyderne mindre, i Lasterne værre,

Skal nyde for Glæde kun Graad;
Og Tvedragtens hvislende Braad
Dem stinger med hele Forbandelsens Vægt.
Af alt det som nu Dig bedaarer
Der bliver tilbage — kun Taarer.

Japhet sèt andre spaadomar upp imot:

Saaledes ei Almagten vil.
Den evige Gud af uendelig Naade
Selv løser den skrækfulde Gaade.
— — —
Da staaer som et Eden den nyfødte Jord,
I nyfødte Skiønhed, hvor Fred ikkun boer.

Aanden.

Og naar skal de Spaadomme opfyldte blive?

Japhet.

Naar Herren vil Jorden af Synden udrive.
Naar Frelseren kommer i Ydmyghed klædt;
Men siden,
I Tiden,
I straalende høi Majestæt.

Aanden.

Vriid Eder til da i Fortvivlelsens Lænker!
Kæmp diærvt imod Hadets stedsulmende Glød!
I Himlen bekrige med Helvedes Rænker,
Til Skyen ved Gienskin blier rød,
Af rygende Blod paa de kampsvangre Sletter,
Som Rovsyge, Mordlyst og Udaad bepletter
I rædselsfuldt Gru —
Da sku:
Nye Tid og nye Strid og nye Slægt og nye Daarer; —
Men den ældgamle Synd og de ældgamle Taarer
I tusind forskjellige Skikkelser skal
Fremskynde,
Forkynde
End engang Jert Fald.

Her fann daa Wergeland lagnaden aat menneskja teikna upp i kraftige drag; det var striden millom himmel og jord um kven som skulde eiga menneskja, — den fæle blodsoga

fram igjenom tidene, og lovnaden um fred og frelse til slutt. Fantasien hans vart eggja inn i sterkare og sterkare arbeid, og store draumar føddest i heilen hans. Den 2dre april 1828 skreiv han til fru Malthe: «Nu vil jeg ikke skrive flere Farcer, lade saadanne Smaakarter falde af mit Træe, hvor der modnes nu et stort, guldtegnet Æble.» Dette eple var eit stort dikt som han hadde i tanken, og som skulde heita «Himmel og Jord». Korleis han hadde tenkt seg dette dikte, veit me ikkje; han trudde han skulde ha det ferdigt til vaaren, og so skulde han lesa det upp for fru Malthe og Hulda paa eit par ettermiddagstimar. Eg gissar paa at det skulde fortelja um korleis himmelske aander gjekk inn i eit menneskjepar og dermed fødde det til aandelegt liv, og korleis so himmel-aandene sistpaa etter lang strid løyste menneskja fraa jordbande. Men planen voks vidare og vidare, og nett i dei dagane Wergeland fortalde um det nye dikte sitt, kom det ut ei bok som maatte setja inn som eit fengto i sjæla hans. Det var ein krans med forteljingar i seks band: «Die vier Norweger» av *Henrich Steffens*.

Steffens var fødd i Noreg, og her i lande vart han rekna for normann, endaa han var ein framand aa kalla for; far hans var holsteinsk, mora var dansk, sjølv flutte han fraa Noreg daa han var seks aar, og kom hit berre paa eit par snarferder sidan. Han var no professor i Breslau, og han skreiv bøkerne sine paa tysk. Han var filosof av den romantiske skulen, og um han ikkje sjølv var av dei som bygde nye tankeverk, so hadde han ei merkeleg evne til aa eigna den nye filosofien inderleg til seg. Han var ei logande eldsjæl som kveikte brand rundt ikring seg. I 1802 hadde han med fyrelesningar og samrøde vekkt Oehlenschlæger til diktardaad. No kom han til den unge norske skalden med ei bok so heit av tru, so ho fall som ei glo upp i det som alt var varmt.

*Henrich Steffens* (1773--1845) gav ut ei filosofisk naturlære (1806) og andre naturvitskaplege tankerverk, dertil ei rekkje forteljingar.

Det var den nytta med at Steffens vart rekna for normann, at dei fylgde godt med her heime i det han skreiv. I aara 1827—28 kom det ut i Kristiania ei umsetjing etter ein stor forteljingskrans av Steffens «Familierne Valseth og Leith», og fyrste bolken av «Die vier Norweger» vart umsett i tidskrifta «Den Norske Huusven» (av kona til Maurits Hansen) alt i fyrstninga av 1828, endaa fyrr sjølve boka hadde kome ut. Baae bøkerne handlar um normenner som kjem ut i verda og kjem i samband med dei nye tidartankane. Og «Die vier Norweger» er beint fram ein lovsong til den nye tyske, den romantiske filosofien. Eller endaa meir ein lovsong til kjærleiken. Det er det som me lærer gjenom sjælesoga til alle personane i boka og gjenom endefram forkynning, at kjærleiken er den høgaste livsmagta; det er kjærleiken — den grenselause samkjensla med all natura — som frelsar den einskilde menneskja, og som grunnlegg det «tridje rike». Steffens skildrar ein stad i boka korleis ein av dei «fire normennerne» — og det nett den som han hadde teke seg sjølv til mynster for — kjende det, daa han fyrst fekk augo upp for den store kjærleikslova. Og eg tenkjer Wergeland — han som nett daa stridde so heitt med kjærleikstankar — kjende mykje av det same, daa han las denne openberringa um skaparmagta til kjærleiken:

«Det var morgonroden til ei fager tid som gjekk upp for han. No fyrst skyna han mykje som til daa i livsens uro og lærestræv berre hadde snert han. Djupare utsyner i liv og tenkjing møtte han paa alle kantar med rike voner. Diktsoga aat folke som lenge hadde vore stengd, lyfte seg fram, so kvar tid fekk melda um sin eigen tanke og innarste strid. Gudar vart levande att, lærdomane aat alle vismennerne sette seg um i eit stort ordskifte; innimillom herja krig, folkeslag steig og seig, meiningar vann magt og gjekk til grunns, gudane kvarv, frelselæra stod fram og avla ny visdom, nytt liv og etter som det saag ut ny strid; riddarlive, kjærleiken blømde upp. Men alt var for honom eit underfullt drama, og gjenom gaateflokane i det saag han skipings-aanda aat den store diktaren.

Framfor alt vart no natura endelaust kjær og dyr for han. All daude kom burt, den daude natura lyfte seg til aandelegt liv og nærra seg til den granskande aanda, so han drog kjensl paa ho og vaaga helsa ho som si eigja. Han visste ikkje fyrr kva kjærleiken var, men han hadde skimta kor djup han var. No vart natur og soga, fyrrtid, samtid og framtid klaar for han,

no strauk han sæl ikring i fjella og i dei myrkaste dalane, kleiv upp paa dei høgaste tindane og saag glad ned til den livfyllte byen. Natur! ropte han, du er meg ikkje framand; det er eg som sprett i blomane dine. Harde berg, du goymer mine løyndomar; leikande baarer, de teiknar min lengt; skiftande skyer, de er mine draumar. Er ikkje kjærleiken heilt natur og heilt aand, heilt meg sjølv og heilt noko anna? Kvi daa dei ulike orda? ropte han. Her er løysninga. Og ein draum um den høgaste sæla, den ævelege kjærleiken ljosna for hugen hans. So sprang han heim i den stille stuga si, og det som dei djupe aandene hadde sagt han, vart klaart for han. Eg skynar dykk, ropte han, um eg so ikkje heilt fær tak paa dykk. Kjærleik, kjærleik, du er den høgsæle, æveklaare løysninga paa alle gaater.

Daa braut det seg liksom med tryllemagt inn paa han, det som han hadde lært og granska, sétt, lese og høyrt; det som fyrr berre hadde eggja han som noko nytt, det hadde no vorte eiga hans; det som fyrr berre budde i minne og var knapt nok samfest med fatige gissingar, det fekk no tanke og meining, og her og kvar flokka idéar seg um han som vene-aander, og han frygda seg uppatt og uppatt i den sælaste njotinga. So er det, ropte han daa; det hadde braatt vorte so klaart kringum han, og ei underleg visse fyre all gransking fortalde han, at han hadde funne sanninga. Soleis vart natur og kjærleik og gransking eitt for han, ein ny morgonrode glødde upp ungdomen hans, og han tykte seg lukkeleg trygg paa at stordaad og ære og kjærleik skulde kveikja live hans.»

Wergeland drøymde um aa vinna diktar-ære «inden og uden Norges Grændser» med ein veldig kjærleikssong. «Dette vil jeg,» skreiv han i september 1828 i friarbreve til Elise Wolff, «i «Himmel og Jord», hvis gigantiske Plan, som en Melkevei, jeg neppe uden deelvis kan beskue og omfatte, bølger igjennem min Sjel. Se «Himmel og Jord», naar jeg med en dristig Prometheusfinger faaer skabt det — og maal da min Kjærlighed, Elise! Thi Elises Sjel er Guddommen i dette Digt, hvor Verdenshistorien, som et fortløbende Drama, hvis Knude er Ideernes og Folkenes Kamp og Udvikling imod Frihed, kun er en Scene, og hvor et dristigt Blik hæver sig op i den anden Verden, og iklæder hvad det saae, og fremsætter som philosophiske Hypotheser, Phantasiens mest straalende Dragt. Det er en Aandeverden min Geist vil afdække, et heelt Verdensdigt, hvori som Centrum Stellas Liv og Fortskriden mod Fuldkommenhed med en Pensel, dyppet i Solen, skildres. Som Tidsmaal følger Verdenshistorien i Drama ved Siden.»

Her hev me daa grunnplanen i det nye verke ferdig i store drag. Det var heile livssoga til menneskja Wergeland vilde kveda um, og kjærleiken skulde vera styresmagta i dikte. Difor vilde han vigja det til «Digteren H. Steffens», «Norges bortblæste Laurblad», og difor ropte han til Stella:

Evighed er vor Medgift.
Messias til Salighed vier os.
Vi iføre os Guddom til Bryllupsdragt.
Serapherne spille; Vi dandse igjennem den lyse Udødelighed!

I feberskunding skreiv han paa dette kjærleiks- og allheimsdikte, samstundes som han dreiv paa med teologien. Vinteren 1828—29 gjekk dagen hans soleis heime i Eidsvoll: han rende paa ski um morgonen, las hebraisk um fyremiddagen, græsk um ettermiddagen, dogmatikk um kvelden; men seinkvelds, og elles i dei stundene han kunde stela seg til, skreiv han paa det storverke som fyllte heile hans hug. No kunde han for fullt aalvor syngja:

Ha, hvor spænder sig min Sjel
Op til Himmel, ned til Hel!

Og mang ein gong var det som um diktsynene reint tok magta fraa han:

Angst! o Angst!
Jeg synes at drukne; thi Altet,
*Jeg* vilde skille mig fra,
bruser igjennem min Harpe, som gjennem Chaos' glødende Port,
og hvirvler mig bort, som et Fnug, til Fnug.

Alt tidleg paa vaaren 1829 tykte han han var so langt paa veg, so han tok til aa prenta. Men verke voks under henderne hans; han skreiv i kapp med prentaren, han sende papire fraa seg endaa vaatt av blekk, og etter kvart som han skreiv, saag han «nye Udsigter, nye Dale og Kongeriger folde sig ud». Ikkje fyrr enn 17de mai 1830 kunde han setja det siste punktum, og i juli same aare kom det ut, det kjempeverke

som han kalla «Skabelsen, Mennesket og Messias», — eit dikt paa 720 sider, til ein bokbudpris paa kr. 11,20.

Boka er i drama-form. Berre eit par bolkar endefram fortèl. Elles er alt samtale, so me høyrer og ser fyre oss alt som vert gjort. Eg tenkjer Byron mykje hev vore mynstre for Wergeland i dette, og alt hev paa den gjerdi vorte meir levande, friskare enn det elles kunde vorte.

Der er tri hovudbolkar[1]: «Skabelsen», «Mennesket» og «Messias». Dei tvo siste bolkane tek mest kvar si helvt av boka. «Skabelsen» er berre for ei innleiding aa rekna. Likevel fær ein her sjølve grunnlage for livssyne til Wergeland.

Upptake er at tvo aander, Phun-Abiriel og Ohebiel sviv uppyver «den skyhyllede, dampende, øde Jord», den yngste, nyskapte himmelkloten, og dei talar um meininga i tilvære. Phun-Abiriel er eit namn som Wergeland hev laga av hebraiske ord, og han tolkar det sjølv som «en tvivlfuld, dristig Aand eller Engel»; det er ei manns-aand. Ohebiel er kvinne og skal vera «en Aand, besjelet af en mild Tilbøielighed eller Kjærlighed»; henne kjenner me att fraa eit eldre dikt av Wergeland, — han drøymde i 1828 um at han og Stella hadde runne ihop i denne eine aanda, «ædel Kjærligheds Engel». Den motsetninga som han no sèt upp, millom mannen — tvilaren, han som arbeider seg fram gjenom strid og liding — og den beinkløyvde, einfelde, klaare kvinna, — den hev visseleg rot i «Faust», det store tyske diktspele um menneskjelagnaden, som Goethe hadde gjeve ut fyrste parten av i 1808; andre parten kom ikkje ut fyrr i 1832 og sa daa beint ut det som hadde vore ein grunntone i fyrste parten, at kvinna med sin kjærleik og si tru var bergings-vona for mannen i all strid og tvil. Denne tanken um at den truskyldige, barnereine kvinna eig livsmagt til aa frelsa og nyskapa samfunde, naar langt fram i norsk dikting; han er sterk baade hjaa Bjørnson og Ibsen. Men det er hjaa Wergeland han fyrst dukkar upp, endaa ikkje so heilt utforma; for

[1] Eg held meg her heile tida til fyrste utgaava; um utgaava fraa 1845 skal eg tala paa sin plass.

Wergeland vil semja den djerve manns-tanken og den stille kvinnetrua i same menneskja.

Phun-Abiriel grunar og spør:

Ha *hvor* er Gud? Hans Kraft jeg seer kun, hører
som Støvskyer Verdner suse i Hans Fodtrin.
Flux jeg skuer did, men
seer som forhen Intet.
Ak Intet uden Sporets dybe Hvirvel,
hvori til Afsind, uden at den drukner
min Aand fordreies.

Han vil ha greie paa kva for magter som hev fødd han og styrt live hans, — kvi han lever, og kva endemaal han skal naa til. Ohebiel bed han nøgja seg med gleda yver den ævelege voksteren:

De glade Aander og Messias seer i hver
en nyeskabt Jord en Blomstknop kun, som udspringer
hvor, paa sin evige Flugt gjennem Alt, den Almægtige foer,
at dække (o Skyer dens Dug) med Rødme og Vellugt hans Spoer.

Det er berre kjærleik som kann raada den store gaata.

Messias, den fyrstfødde av aandene, kjem med svar paa spursmaala: Gud er i alt, og alt lever fraa æve til æve. Det er den gamle platoniske tanken, at det i sanning er berre aanda, tanken, som lever:

Guds Ord ere Aander: Aander, som blomstre fra Støvet.
Guds Tanker er Verdner.
Skjult ligger en Aand i dunklest Støvgran, som Ordet
skjult slumrer i Tanken.

Alt, som er til, hev samanheng med gud, og ævelegt liv i honom:

Verdner, hans frodige Æt, fødtes og fødes i Evighed.

— — —

Hver Jord i sine Væseners Hær har sin Sjel.
Hver en enkelt fornuftig Skabning er Tanke i Sjelen.
Dens Dyr dens Drifter, som mylre i Nerverne.
Planterne ere dens dunkle Følelser.

Se, over den yngste Jord
hvælver sig neppebegyndte Evighed,
at de unge Aander opad den fremblomstre kan,
som Druer, der klattre for Palmens Krones Rubin at blive.

Og all desse sjælene, «der vaagnede i Evigheden, som Tanker i Guds Barm», dei skal til slutt «til Alts Bevidsthed: Gud, tilbagevende». Eit endemaal i gamall meining kann det daa i grunnen slett ikkje vera tale um; det er ein endelaus livsgang, — ein vokster ut fraa Gud og attende til Gud. Men live for kvar einskild aand vert ikkje meiningslaus for det; det er det Wergeland vil syna oss i menneskja.

So ser me daa koss live kjem upp paa jorda. Det er tvo aander som skaper det: Cajahel, «det dyriske Livs Aand eller Personliggjøren», og Obaddon, «Dødens eller Forgjængelighedens personliggjorte Kraft». Dei er i strid med kvarandre, men naudsynlege baae tvo: «O uden Død kan Liv i Støvet ikke tænkes.» Dauden er berre inngang til nytt liv, og var ikkje den, so vart det berre stillstand, ingen vokster. I striden millom Cajahel og Obaddon stig daa jorda fram med alt som lever paa den, og sistpaa vert sjølve menneskja skapt. Ho stend ikkje so høgt som folk paa andre klotar, men likevel høgare enn dyra, og med evne i seg til større framtid:

Han vælge frit, om han vil løse
alt Ondt og sprede det paa Jorden,
om Han, der leve skal blandt Aander,
vil vende nedad Blodets Strøm tilbage
mod Dyrene og dukke sig i Drifter,
istedetfor paa udspændt Tankes Luftseil
at svæve opad!

Han skal sigla «modig, med Fornufts Lantern i Masten»; men han skal lata sin «Fornuft bølge i Hjertets Blomsterduft». Og Messias gjev han det varsels-orde for live:

Glem ei, du er Støv!
Glem ei, du er mere end Støv!
— — —

Hersk over Jord!
Vær Betydningen i dette Ord
i Verden: Guds Sprog,
i Verden, Guds Monolog!
Hersk over Dyrene, og
over det første Dyr: dig Selv!

Bolken um «Mennesket» tek no til med at Phun-Abiriel sviv yver det fyrste menneskjepare endaa fyrr det hev vakna, og han fær hug paa aa gjera seg til eitt med menneskja; han vil heller vera «en Verdens Konge» enn «Undersaat i Aandeverdnen», festa i mannen «Billedet af Himlens Herlighed» og æve-tanken og stiga med den til himmels att. So gjeng Phun-Abiriel inn i Adam. Men Ohebiel vert rædd for at kvinnedyre skal draga mannen ned og halda han fast i jorda, og so gjeng ho inn i Eva, so all menneskja skal faa lott i aanda. Messias tolkar for oss det som hev hendt:

Kun Qvist af Himlens Kraft
i Muld er sat, men ikke tabt.
Kun Knop af Himlens Kjærlighed
i Muld er sat, men ei forliist.
Den blomstrer op med Kraftens Qvist
paa Jorden som en Mand og Qvinde,
og i dens Skygge Fryd og Fred
skal alle Livets Hjerter finde.
Abiriel og Ohebiel særskilte hjemvende;
men Elskoven i Støvet i Førstefødtes Sjel
(og evig gjennem Ætten) forene skal de Tvende,
saa i hvert Bryst er dølget
en Abiriel-Ohebiel.

Fraa dette fyrste pare ættast all menneskja, og Wergeland skildrar no sjølve mannesoga i ei lang rad med bilæte og møte. Me ser korleis menneskja tek til aa sansa seg sjølv og det som er umkring ho, og korleis ho gjer sine fyrste røynsler um livsens strid. Ein kann ikkje segja at her er nokon freistnad paa aa samla soga under store lover; det er helst berre den endeframme forteljinga um korleis alt hev bore til eller kann ha bore til. Skal ein nemna den

magta som hjaa Wergeland mest er gjord til drivkraft i soga, so maa ein segja det er striden for sjølvberging og sjølvstyrkjing:

— — mellem Fryd og Kummer,
    Trang og Vellyst, Nød og Fylde
blev Mennesket sat, og Hunger jog det
    over Jorden, som de maatte
i deres Ansigts Sved nu dyrke.
    Smerten vel da vaagen slog
Opfindsomhed — —

Han tek upp tanken til Rousseau, at det var den som fyrst vilde leggja jord under seg med eigedomsrett, som vekkte den fyrste broderstriden. Det var upptak til samfundsframgang òg i dette kave for vinning; det var grunnlag for alle dei fyrste framstega i næringsliv, samfundsliv og aandsliv. Men det drog mykje nedgang etter seg; for det vart upphave til dei tvo skipnadene som hev vore verst for menneskja, — kongevelde og prestevelde. Kongane tok magta med vald, for di dei var dei rikaste og dei sterkaste; prestane tok ho med fusk og lygn, for di dei var dei klokaste og sløgaste. Og folka seig djupt i trældom, armod og vankunne:

Vee, Friheden solgt til Tyranner!
Vee, Sandheden til Bedragere forraadt!
Vee — Konger og Præster isammensvorne!
Frihed og Sandhed forlorne!
Stirr da, ulykkelige Menneskehed,
i flygtende Aarhundreders stinkende Fjed!
stirr over dampende Vale!
gjennem rygende Tempelhalle!
over sjunkne Throner!
gjennem brustne Kroner!
over Aarhundreder, høinende over
    sovende Slaver,
Lænker og Been, Monumenter og Grave!
gjennem Aarhundreder, der kaste,
liig sorte Volde, sig
om nye Vildfarelser, gamle Laster!

Det er fælslege skildringar Wergeland gjev oss fraa valdsferd og trældom, lygn og ovtru. Det var kjøte som hadde gjort seg til herre yver aanda. Men aanda var ikkje heilt nedtynt likevel. Alltid var det daa sume som gjorde upprør imot trælkinga. Fristatar skipa seg i strid mot kongane. Profetar og filosofar reiste seg mot prestane. Serleg var det den græske tenkjaren Platon som viste fram til det rette grunnlage for god gjerning:

at Kjærlighed er Dydens Guddomssmiil
og Guddomsglands og Guddomsliv,
der binder Væsnerne til Væsnerne,
og, som electrisk, Skaberen med det Skabte,
og Elskeren til Idealerne:
at, uden dette Dydens Hjerteslag
og Vellugt, uden denne Kjærlighed,
der Varmen er i Gudstilbedelsen,
kan Dyd vel være billedstøtte-sand
og ligne en guddommelig Aands Idee
af Gud; dog aldrig være denne selv;
thi Skjønhed, det Guddommeliges Glands,
og Godhed, det Guddommeliges Livssmiil,
er ei deri, og maae dog findes, i
uløselig Treenighed, i hver
vor Tanke og vor Stræben, hvis vi ville
den meest ophøiede Guddom ligne.

Wergeland vilde ikkje nøgjast med det kalde, strenge pligtkrave, slikt som den tyske filosofen Kant nyst hadde sett det upp til livslov. Han vilde, liksom Schiller, ha gleda inn i pligta, so menneskja gjorde det rette ikkje for di dei maatte, men for di det var ein trong for dei. Og ikkje strid for seg sjølv skulde vera høgaste lova, men kjærleik, samkjensla med alt som lever. Under denne lova «en Frelsens Tid fremrødmer af Trængsels lange Nat», og frelsaren, Messias for vaar jord, det vert Jesus.

Det var ein tanke som lenge hadde raadd millom kristne sogugranskarar, at Jesus var svingtappen i mannesoga, og nyleg hadde Grundtvig greidd ut i si «Verdens Krønike»

(1812) korleis heile den gamle soga var ei fyrebuing til Kristus, den nyare soga ei fullkoming av Kristus. Wergeland hev same grunnsyne; men han gjer Jesus til noko reint anna enn Grundtvig hadde vilja. Wergeland rekna seg nok for ein sann kristen; men han var ikkje kristen etter den retttruande uppskrifta. Han brukte dei gamle orda og formene, men la ny meining i dei. Han kalla Jesus guds son, for di han reinast av alle tok upp gudstankane. Og han meinte Jesus hadde frelst verda — ikkje med dauden sin, men med liv og lære. Alle dei gamle læresetningane maatte difor faa ei ny tyding. Freistinga i øydemarka vart ein strid Jesus stridde med seg sjølv; sjølve djevelen vart ikkje anna enn eit skræmebilæte menneskja hadde laga seg. Forteljinga um vismennerne fraa øysterlanda vart berre ei segn; duva som sveiv ned yver Jesus i daapen, vart berre bilæt-tale av Johannes; nattverden vart eit «Minni». Den nye vitskapen, religions-samføringa, hadde lært samtida, at der var noko som var sams i alle religionane, og Wergeland fann same aanda i Jesus som i Platon og Konfucius, berre reinare og sterkare. Det store som Jesus gjorde, det var det same som dei eldre tenkjarane og trudomslærarane hadde freista paa, og som ettertida endaa lenge maatte stræva med, — han hadde reist striden imot trælking og lygn, so han aldri meir kunde døy:

Du er Messias! — Du
har gjenvakt Aandens Liv i Mennesket,
opreist i den et evigt Haab, gjengivet
den sjunkne Aand sin Himmel her i Støvet.

Han kom

forat frelse, forat lette
Trældomsaaget af de Trætte,
lade alle Jordens Sjele
Himlens Aanders Klenodie dele:
Frihed og Sandhed: den Arvepart
Menneskeheden tabte saasnart;

forat løse op de Hjorde,
Herskere drive og slagte turde:
løse, saaat hver Jordens Sjel
føler sig selv som en Himlens Deel,
handler paa Jorden og tænker selv;
men og, for ved Kjærlighed igjen
knytte dem Alle, saa de blive Een,
handle og tænke alle som Een.

Det som Jesus forkynner, det samlar seg i desse tri orda: fridom, sanning, kjærleik. Det er dei som skal vera aandsmerke i menneskja:

Saa er da Sandheds, Friheds, Kjærligheds
uløselige Trefold-eenhed — —
mit Væsen; ja hver Aands, ifra de Høie,
der Verdner saae at blomstre og henveires,
som Sæd til nye Verdener udslynget,
og til de Smaae, der efter Plantens Væxt
og Visnen regne deres Levealdre. — —
Først, naar du troer, at Frihed er dit Væsen,
at Kjødet er din Træl, ei Kjødets du,
frigjøres du. — —
Din Kjærlighed gjenvinder du ved Troen,
at samme Aand i alle Hjerter boer.
Se, denne Tro dig gjør i Støvet alt
til halvopvoxet Spire for en Salighed!
Og *Sandhed* Spirens lyse Farver er;
og *Frihed* Spirens Stamme-Marv og Grene;
og *Kjærlighed* dens Blomst. Til Jorden falde
de gode Gjerninger som Frugter ned,
og vælde evig ud.

Fridom — det er evna til aa veksa etter eigne lover, det er retten for kvar aand til aa vera seg sjølv fullt og heilt. Kjærleik — det er den endelause samkjensla, den som femner heile verda. Og sanning — det er «Selverkjendelsen», vissa um at me alle kvar for seg og alle ihop hev i oss ein part av allheims-aanda, «Guds Billed». Sanning, fridom og kjærleik er daa berre kvar si form av den store aands-tanken; aa gjera dei til livslover er det same som aa arbeida fram til det fullkomne aands-velde paa jorda.

Det var noko som dei store upprørs-tenkjarane i det 18de hundradaare hadde funne ut og prenta inn i samtid og ettertid, — at menneskja hadde evna i seg til aa verta fullkomne. Det var rakt i strid med den gamle kristne læra um den syndefulle natura i oss; men Jesus sjølv hadde daa beint fram sagt, at me laut verta fullkomne liksom gud, og dei som levde i desse store gjenombrots-tidene, dei hadde faatt slik ei tru paa framgangen, so dei heldt mest ingen ting for umogeleg. Wergeland lét Jesus forkynna denne trua for verda:

O, stræb, du Støvets Aand, da fremimod
Guds Hellighed! Naar Ufuldkommenhed
hentil Fuldkommenheden stræber, da
sin egen Plads, sit Navn den selv forlod:
den er ei Ufuldkommenheden meer,
men Dyd i Himlen, som i Støv, den er.
Vord som de Himmelske — o Dette er
min Læres Sjel! — du Støvets Aand, fuldkommen.
Selvprøven hisset, om du stræbed her,
som Gud du skylder, redeligt, er Dommen.

Menneskje Jesus tapte i striden mot verdsens magter; men aanda hans kunde dei ikkje tyna. Ho stod upp att or grava hans og heldt fram med striden. Kongar og prestar samla seg til verje «for Throner og Altre», plent som dei gjorde paa nytt 1800 aar etterpaa, daa den store franske revolusjonen truga dei med undergang. Men Jesu-sveinane sigra med aandelege vaapen, med dei nye store tankane:

Hils Præsten: Frihed til at tænke
er Menneskets Krav!
Mod Himlen raaber det fra Jorden
igjennem Jesu Grav.
Hils Kongen: ingen Lænke
beskjæmme maa den Skulder mere,
der nyder Æren af at være
en Himmelborgers Svøb!
Hils Alle: Ret og Sandhed er vor Styrke!
Vort Løsen: Kjærlighed!
Vor Seier Friheds Fred!

Og ein gong skal me naa den fullkomne framtida:

Himlen meer ei deles efter
Altrenes Qvadrater; Jorden kløves
ei og røves meer ei af Tyranners Sceptre.
Blodige Kroner, Bøddelstaal,
Trældomsfakler og Offerbaal
glimte meer ei over Jorden:
gjennem Præstemulm, gjennem Kongetorden
Frihedens Morgenrøde,
Sandheds lyse Dag
straaler under Himlen, nu eet Tempeltag;
daler ned paa Jorden,
nu eet Altar vorden
for Brødrekjærlighed.
Jordens Aander gløde
i friske Hjerter nu:
Frihed er Aanders Hjerte, Sandhed Aanders Hu!
Jordens Aander alle
ned i Støvet falde
den Evige paakalde:
hver sin Thronehimmel i sin egen Pande har,
hver i sit eget Hjerte har Alter og Offerkar:
Drot er Hver for Jorden, Præst er Hver for Gud!

Soleis vart daa det store dikte til Wergeland ein song ikkje berre um fyrrtida, men endaa meir um framtida. Det vart som han sjølv sa, ikkje berre «Menneskehedens Epos», men væl so mykje «Republikanerens Bibel», — ein freistnad paa aa tolka gangen i mannesoga og difor samtundes ein heil livsfilosofi.

Det var eit megtigt tiltak, og han maatte vel vera ein ungdom paa 20 aar, han som skulde vaaga seg i kast med det. Ein maa undrast paa at han kom til endes med det, og det paa so stutt ei tid som tvo aar, med mykje anna arbeid innimillom. Og endaa meir maa ein undrast paa at det kom so storfelt og heilstøypt eit verk utav det. Det hadde mange brestar, det saag snart Wergeland sjølv. Fyrst og fremst var det for langt, for nedtyngt med ord og bilæte. I fyrstninga er det noko uklaart, og maale er mange stader

krokutt og flokutt. I bolken um «Mennesket» vert det noko einstonigt med alle dei like skildringane fraa konge- og prestevelde, og i «Messias»-bolken er det ikkje fritt at dei same lærdomane vert tekne uppatt meir enn ein gong. Men stort sétt, er dikte merkeleg klaart og fast i linene. Og det er ein styrke, eit liv i ordleidinga som sjelden slaknar av. Det glimtar av fantasi paa kvar sida, so tankane i sanning hev vorte til dikt.

Den forma som Wergeland her hev gjeve livsfilosofien sin, er heilt upp sjølvstendig, og dei synsmaatane han legg fram, er heilt igjenom hans eigne; dei er lott og part av hans eiga aand. Men eg hev alt peikt paa sumt som han fyrst hev lært hjaa andre, og i sjølve gruntankane byggjer han paa eldre tenkjarar. Han hadde sjølv god greie paa dette, og han dulde ikkje for det. Han skreiv vigslingsdikte med verke til Henrich Steffens, sjølvsagt for di han hadde lært store ting hjaa Steffens, og det var i sanning den romantiske filosofien, — den som Steffens hadde gjort seg til so varm ein talsmann for, men som tysken *Schelling* fyrst hadde forma ut, — som var grunnlage for «Skabelsen, Mennesket og Messias». Det som Schelling hadde forkynt med styrke, det var det inderlege livssamanhenge i all natura fraa det nedste og upp til gud, og han hadde lært, at framvoksteren gjekk ut paa aa koma tilbake til einskapen med gud, den som menneskja gjenom syndefalle hadde kome burt ifraa. Hjaa Steffens vart dette til heit tru, og me finn jamvel hjaa honom dei tri hovud-orda: kjærleik, sanning, fridom; menneskja skulde fullkoma seg sjølv med aa elska alt som lever, — i stræve med aa kjenna seg sjølv og vera heilt seg sjølv.

Jamsides med Steffens nemde Wergeland i vigslingsdikte den norske filosofen *Niels Treschow*. Det var ein mann av eit reint anna slag enn Steffens, — stillfarande, klaar, ein

*F. Schelling* (1775—1854), tysk filosof, gav ut ein naturfilosofi 1797 og ei bok um «heimssjæla» 1798. — *Treschow*, sjaa side 8.

fin, mangsidig tenkjar og ikkje nokon partimann; han hadde vorte professor i Kjøpenhamn 1803 nett i tevling med Steffens. Daa Wergeland i oktober 1827 hadde skrive dikte «Napoleon», briska han seg med at han der hadde lagt ut med «en original mystisk-philosophisk Aandelære» — «uden nogensinde at have seet i en Philosophie». Men me veit at han nett um hausten 1827 las filosofi til andre-eksamen, og daa hev han visseleg i minsto lese bøkerne til Treschow, den einaste norske filosofen. Eg tenkjer i vissa han las av Treschow «Historiens Philosophie» fraa 1811 og «Lovgivnings-Principier eller om Staten i Forhold til Religion, Sæder og Cultur» fraa 1820. Daa so Treschow hausten 1828 gav ut boka si um «Christendommens Aand, frimodig og upartisk beskreven», og Wexels og andre prestar kom med motmæle, for di Treschow var so frilynd og ikkje vilde binda folk i alle dei gamle læresetningane — han vilde t. d. ikkje vita noko av ein personleg djevel —, daa sette Wergeland sjølv inn i striden paa same sida som Treschow og spotta fælt i «Morgenbladet» med «den hellige Kamp, under Troens Oriflamme-Banner, for at forsvare den kjære, gamle, bittert fornærmede Satan».

Treschow bygde den filosofiske læra si paa heile det 18de hundrad-aare, — baade paa forstands-upplysninga og paa romantikken. Han var ikkje panteist, og han tykte Schelling var for «mystisk»; men han meinte likevel ikkje «Fornuften», den høgaste evna i menneskja, kunde vinna seg betre religion enn «at finde Enhed i en uendelig Mangfoldighed, Identitet i det Forskjellige og Modsatte». Han meinte at «Ideernes Verden egentlig er den virkelige Verden», at «af Guds Uendelighed Ideerne ved en evig Fødsel udvikle sig», og at dei livsformene me ser fyre oss alltid stræva etter aa verta lik desse ideane; det var aand og liv i alt som var til. Han vilde ikkje tviskifta verda i noko grunn-godt og noko grunnvondt; alt hadde i seg «Fuldkommenheds-Driften», og framgangen til det fuldkomne var open for oss alle. Det var «Fornuften» som alltid dreiv oss fram; den var evna vaar

til «at forbinde det Høieste med det Laveste, Himmelen med Jorden», og endemaale var aa verta eitt med gud. I denne framgangen var baade liv og daude hjelpesmagter, ikkje motsetningar. Frelsarverke til Jesus var at han endaa reinare enn dei gamle kinesiske og græske tenkjarane hadde gjeve oss mynstre paa ein mann som ofra seg for sanninga og for manneætta. Her er i heile dette grunnsyne tydeleg samanheng millom Wergeland og Treschow, og for sjølve gangen i mannesoga hev Wergeland teke ei mengd med større og mindre tankar fraa Treschow, — gangen fraa «Sanselighedens Alder» gjenom «Udartning» i vill strid fram til siger for fridom og «Fornuft».

Treschow var ein frilynd mann, men ingen umveltar, i stats- og samfundsspursmaal heller konservativ. I Steffens var det uro og sprengkraft. I Henrik Wergeland upprør. Det var eit nytt samfund han kravde og varsla um.

Kvar den som granskar aands- og samfundslive i dei dagane, maa leggja merke til den likskapen som det er millom tankane til Wergeland og ei anna upprørslære som nett kringum 1830 voks fram i eit anna land, i det gamle fridomslande Frankrike, det som Wergeland elska næst etter fedrelande. Denne nye læra var saintsimonismen, den fyrste spretten til sosialismen. *Saint-Simon* sjølv, han som læra tok namn etter, var daaen i 1825, og mest ingen hadde ansa paa han. Men han hadde ein liten flokk brennhuga læresveinar, og dei tok upp tankane hans og bygde vidare paa dei, so nokre aar etterpaa stod læra ferdig.

Saintsimonismen var ein religion; Saint-Simon sjølv hadde kalla ei av dei siste bøkerne sine «Ny kristendom», og læresveinane hans rekna han for den som skulde fullkoma Jesus. Han hadde lært dei, at mannesoga gjekk i baaregang, i skifte millom religiøse og kritiske tider, og det var dei religiøse tidene som gav gror og vokster til samfunde; kristendomen hadde vore upptake til ein stor religiøs tidarbolk, og no maatte menneskja paa nytt verta religiøs. Framvoksteren hadde vore ein æveleg strid millom aand og kjøt; men den

striden maatte no faa ende, — aand og kjøt maatte semjast i ein høgare einskap, sidan dei baae tvo berre var openberringsformer for gud. Det fanst ikkje anna vondt enn det som endaa berre skorta paa framgangen. Menneskja hadde arbeidd seg fram til større og større samskipingar, — fraa huslyd til grend, fraa bygd til rike; men alltid hadde det vore strid innanfor og millom samskipingane. Det endelege framstege maatte vera ei aalmenn samskiping, eit brorsamfund for all menneskja. Daa skulde all strid døy; ingen skulde faa nytta ut dei andre til vinning for seg sjølv; alle skulde semjast um aa gjera jorda nyttig og fager for alle. «Gullalderen», so lydde ei av hovudsetningane i læra, «den som ei blind segn hev lagt burt i fyrrtida, den er framfyre oss». Tvo vilkaar var det for aa naa fram dit, det var at menneskja fekk kunnskap og evne til sjølvstyre; og grunnlage for det nye samfunde skulde vera kjærleik. Fridom og kjærleik nemnde saintsimonistane tidt ihop. Fridomen var i-ser aa elska og vilja skyldnaden sin; kjærleiken var aa skyna einskapen i live. Gud var sjølve den grenselause kjærleiken, og kjærleiken søkte alltid gud. Denne kjærleiken eller samkjensla skulde skapa eit samfund med jamgod rett for alle menneskje.

Det er so mykje i heile denne tankeføringa som me finn att hjaa Wergeland i «Skabelsen, Mennesket og Messias», so ein reint uvilkaarleg maa spyrja um han ikkje kjende noko til saintsimonismen, daa han skreiv storverke sitt. Me veit at han hadde greie paa den i minsto so tidleg som vaaren 1831; daa spaadde han at saintsimonistane skulde vinna meir enn andre som vilde nya uppatt samfunde, for di læra deira var religion, og det er fortalt at daa han sumaren 1831 straúk ut paa Frankrikes-ferd, daa vilde han fyrst og fremst leita upp saintsimonistane og so gjera seg til apostelen for den nye læra i Noreg. Ein kunde vel tenkja seg at han kunde ha funne skrifter um saintsimonismen heime hjaa far sin; for faren fylgde godt med i det franske boklive. Men eg held ikkje dette for rimelegt. Det var ikkje fyrr sist i aare 1829 at saintsimonistane tok til aa naa ut i vidare krinsar, og ikkje

fyrr um hausten 1830 at dei fekk aalmenta til aa lya etter lærdomane deira; i norske blad og tidskrifter hev eg ikkje funne eit einaste ord um dei fyre 1830. Ein kunde daa koma til den endskapen, at Wergeland og saintsimonistane kvar paa sin kant hadde naadd fram til nokolunde eins grunntankar, og dette var ikkje umogelegt, sidan dei baae partane bygde paa eldre tenkjing. Likevel trur eg der er eit samanheng — ikkje beinveges, men umveges. Wergeland hev til røyndar funne tydeleg saintsimonisme i den boka av Steffens eg fyrr hev nemnt, «Die vier Norweger». Steffens hev det same syne som Saint-Simon paa religionen som framgangsgrunnlag i mannesoga, og boka hans endar med at hovudmennerne skipar eit heilt «Utopia», eit lite mynstersamfund, og det i sjølve fedreheimen til Wergeland, i Sogn; der fekk kvar mann etter sitt arbeid, soleis som Saint-Simon hadde vilja, og alle raadde sams for det som kom alle ved; det var kjærleiken som var grunnlova for dette samfunde. Soleis hev Steffens vore millommannen millom saintsimonismen og Wergeland. Liksom den norske fridomen av 1814 hadde grodd or den store franske revolusjonen, soleis hadde frø fraa dei nye franske upprørstankane, dei som endaa var ukjende for folk flest elles, blaase nord til Noreg og funne grobotn hjaa den normannen som vart den store vekkjaren for folke sitt.

## VIII.

## For fridom og sanning.

«Høimaalet for mit Liv,» skreiv Wergeland i desember 1830, «bliver at fremstille saa stor Samklang som muligt imellem Handling og poetiske Ideer. — — — Mine Ideer have en ubekjendt Far, men Menneskekjærlighed til Mor, og — — — jeg vil realisere dem saa meget det staaer i min Magt. I en saadan Følgerække findes de især i det Friheden, Sandheden og Kjærligheden (de sande, de christelige Muser) helligede større Digt «Skabelsen, Mennesket og Mes-

sias», at dette fremstiller mit Indre i dets Heelhed — mit Livs fortsatte Anstrengelser ville altsaa gaa ud paa at gjøre dette til en saa tro og prosaisk Commentair til Digtet som muligt.» Han heldt denne lovnaden. Heile live hans vart eit utrøyttelegt stræv for fridom paa alle umkvervar, ein strid imot all trælking i aandsliv, samfundsliv og riksliv. Det er ei ny tid som sèt inn i Noreg med livsverke hans.

Det er eit tilfelle med ein djup tanke i, at tri veker etter Wergeland hadde gjeve ut «Skabelsen, Mennesket og Messias», braut julirevolusjonen laus i Frankrike, og snart var heile Europa i brand. Det var fridoms-tankane fraa det 18de hundrad-aare som vakna til liv att; folka reiste seg etter tunge trælkings-aar og kravde sin sjølvstyrerett. Wergeland var fullt og heilt med i dette upprøre; for det var liv av hans liv. All menneskja hadde vore i hugen hans, daa han dikta storverke sitt, og i desse stridsaara femnde han heile verda med tanken. Vaaren 1831 skreiv han eit veldigt dikt um «Det befriede Europa». Han tykte sjæla hans blenkte den eine stunda fraa Skreia, den andre stunda fraa Kaukasus, og kva var det ho saag? Eit ljoshav som Europa drukna i —

ha! over Hovderne
høit gaae de skinnende Lysvover.
Det svæller skinnende opmod Alperne
— ha! bryder mod Pyrenæerne.
Preussen det splitter i tusinde Øer og Skjær.
Dets funklende Døninger rulle mod Africa.
— — —
Hvad Glimten dernede? Mon tændes rundtom
Lys alt i Hjemdalens Smaahytter?
Huijah! de Glimt ere Sværdhugs og Frihedens Ild,
frembrydende af Millionernes Hjerter.

Auga hans saag yver Polen til Hellas og Italia; øyra hans høyrde klangen av «Amerikas Frihed» og «O'Connells Røst»; han saag Belgia sprengja òke, og «drivende Bloddamp fra Java» truga den hollandske valdsherren.

Hver Nat en rødere Morgen føder, hver
Qvel seer med blodige Øine mod
Morgenen, der, Boblen liig over det puttrende Dyb,
slaaer højere Hvælv over oprørte Folkeslag.

Hver Time banker som Tidens Feberpuls.
— Ak, standser fredsomme Stueuhr!
Thronernes Bragen fortæller os Timernes Gang.
Kun Stormklokker hænge, at ringe til Arbeid.

Hvad Dagværk har Herren bestemt for Folkene?
Mon gamle Tiders Begravningsfest
feires? mon Nytiders Daabsfest? Thi Stormklokker gaae.
Hør Englenes Vingeklang! Havgang i Luften!

So jubelfyllt ein stridssong kvad Wergeland for den nye revolusjonen. Han kjende guds velde i folke-upprøre;

thi Frihed er Himmelens Sag.
Var Englen ei fri, da i Himmelen Opstand!

Det lokka han til seg, dette nyreisings-live, og sumaren 1831 saag han seg raad til aa koma utanlands, — sjølvsagt strauk han til midstaden for revolusjonane, Paris. Der kom han ikkje i lag med saintsimonistane, soleis som han hadde etla seg til, og han fekk ikkje tak i den gamle fridoms-kjempa Lafayette heller, ein av dei som han hadde vigt «Skabelsen, Mennesket og Messias» til. Men han vart daa kjend med fridomsdiktaren Delavigne, og i den maanaden han fekk vera i Paris, var han med i folkelive med all sin hug. Straks han saag det trifarga franske flagge, det som var mor til det norske, maatte han ropa hurra; han var med og festa paa bastilledagen 14de juli; han song marseillæsen i teatre og ute paa gata, so republikanane vart ville av glede, men dei gode fredlege borgarane ville av sinne og heldt paa aa kverka han, — republikken og fridomen var ikkje paa moten lenger i fridomsheimen. Daa han kom heim att fraa utferda si, gjekk han ikring med den jakobinske raude huva paa hovude; han maatte lata folk faa sjaa revo-

lusjons-gleda hans. Men til røyndar hadde bakslage alt kome paa alle kantar; dei gamle valdsherrane døyvde ned upprøra, eller folka fekk seg nye tyrannar. Wergeland fylgde dette med sorg og harm; hjarta hans var heilt hjaa alle dei folka som leid og vart kuva. Han skreiv syrgjekvæde yver den sør-amerikanske fridomshovdingen Bolivar, og han sette um minnedikte aat Victor Hugo yver dei som fall i juli-revolusjonen. I «Folkebladet» som han var med og gav ut fraa 1831 til 1833, skreiv han so djervt um det polske upprøre, so folk var rædd russekeisaren vilde faa han i straff, og daa upprøre var knekkt, dikta han det hatfyllte klagedikte «Cæsaris», eller «Czaris» som det fraa fyrsten heitte, — han likna tsaren med sjølve satan, ja han bad: «O, giv os heller den gamle Satan til Jordens Alherre, Gud!» Men han trøyste seg med at hemnen nok skulde koma:

Thi, Cæsar, Jorden af det Blod, hvormed du gjøded,
er i en frugtbar Brand!

— — — —

De Baalenes Gnister er Øjne, som flyve mod Skyen, og see,
at lysere Tider og skjønnere Riger og Byer, end før,
bag Asken og Røgdyngen lee.
I døende Brødre: Halelujah! mens vi dø!

Soleis levde framgangstrua hans midt i nederlage; ja han kjende seg trygg paa at Polen òg ein gong skulde vinna fridom, og i millomtida var det ei kjær pligt for han aa hjelpa alle polske rømingar som kom til lande, — dei skulde ein gong snu heim att med siger. Han trudde paa siger for det ulukkelege Irland; for «Erins Klagesang ryster Aljorden», og all menneskja vilde skunda seg til hjelp. Han song um «Spaniolen», som maatte røma burt for kongen, og som fann dauden under Fannarok i den norske fjellheimen; men vona levde likevel:

Land forgaar; — mon synker Verden?
Mænd forgaa; — mon Frihed vel?
Født med første Engel er den,
dør ej før den sidste Sjel.

Og so hadde han den glade vissa, at i hans fedreland, der hadde fridomen ein freda heim. Der vilde han vera med aa strida den fram. Han vilde, skreiv han i 1830, stræva for «at fortjene stedse med større Ret Æren af at kaldes en god norsk Borger», og han meinte han stræva best for det, naar han vilde vinna raaderom i Noreg for den fridomen som andre stader var husvill. Det var urolege stridstider som kom i Noreg no, og det var ikkje alle som var glade for det. Ei ung dansk gjente som var i Kristiania vinteren 1831—32, og som hadde mykje skyldfolk millom embætsfolke der, fortèl oss koss dei tenkte: «Kloge Folk af l'ancien régime sagde, at det kom af Julirevolutionen, der havde fordrejet Ungdommens Hoveder. De ældre Professorkredse skød al Skylden paa «den unge Wergeland», der nylig havde været i Paris og hvis fulminante Artikler bleve læste hele Landet over, selv af de Personer, der mest fordømte dem.» Juli-revolusjonen eller Wergeland — det kunde no koma paa eitt ut. Det var same aanda, det.

Henrik Wergeland budde heime hjaa far sin i Eidsvoll i desse aara. Upphavleg hadde han tenkt, at naar han var 23 aar, skulde han søkja um aa faa koma i presteteneste, — det var 25 aar som var rette embæts-alderen; men det var ikkje so uvanlegt for teologiske kandidatar aa sleppa fram fyrr, naar dei søkte kongen um det. Wergeland skyna likevel, at so upprørsk som han bar seg, so kunde han ikkje venta seg slik naade, og han gjorde ingen freistnad paa aa faa embætte, fyrr han hadde fyllt 25 aar. Daa synte det seg, at han hadde rekna rett; det teologiske fakultete sette i vitnemaale sitt, at han endaa ikkje var fri for ungdomslettlynde, kor gode gaaver han so hadde, og kyrkjestyre vilde ikkje gjeva han det minste kall: «Departementet maa paa den ene Side erkjende, at denne Kandidat har givet saa umiskjendelige Prøver paa udmærket Hoved og Dannelse samt tildels paa Virkelyst, at han, naar alene hensees hertil, vel kunde qvalificere sig til at komme i naadigst Betragtning,

*l'ancien régime*, det gamle regimente.

endog udenfor den ordinaire Maalestok; men Departementet maa dog med Hensyn til flere af hans Levnetsomstændigheder, der ere noksom bekjendte, ansee det tvivlsomt, hvorvidt han besidder den Characterens Modenhed og Sindighed, at man med Tryghed kunde anbetroe ham Bestyrelsen af en Menighed.» So vart han daa gaaande heime heilt til hausten 1834; daa maatte han prøva slaa seg fram paa andre vegar. I millomtida hjelpte han far sin med presteyrke, og han var slett ikkje gjerandslaus. Tvert imot — han hadde alltid hovude fullt med planar, og henderne fulle med arbeid. «Giver, dynger Arbeide paa mig!» bad han i 1830 «Selskabet for Norges Vel».

Systra hans, Camilla Collett, hev skildra live hans soleis i desse aara:

«Henrik beboede hjemme et Værelse, som hedte Grevens Kammer, saa kaldet, fordi der i en fjern Fortid havde boet en halv forrykt Adelsmand, som havde Kost i Huset. Det var stort og skummelt, og det havde Ord for, at der spøgte. Dette kan nu være, som det vil; men det er ikke sandsynligt, at det var Tilfældet, saalænge Henrik havde opslaaet sit Paulun derinde. Jeg gad vidst, hvad Slags Spøgelser der havde havt Mod til at betræde dette Værelse, end sige finde Behag i det som et fast Aftrædelsessted? Henriks lidenskabelige Kjerlighed til Naturen og det naturlige havde her ret *con amore* udfoldet sig. Alt hvad der af Produkter, hentede fra dens tre Riger, paa nogen Maade kunde anbringes i et menneskeligt Beboelsesrum, det kunde man vente at finde her, noget til Pryd, andet som Surrogater for de almindelige brugbare Ting. Aarhundreders Opfindelser og Fremskridt vare spildte paa ham; han elskede Tingene kun i Raaform og foretrak dem saaledes langt for det fuldkomne og bekvemme. En Barkstol stod foran hans Bord, en Tiurfjær tjente ham som Pen, om Blækhuset var naturligt — kunstigt mener jeg — og ikke kunstig-naturligt — husker jeg ikke, — udenfor Vinduet en Vindharpe, i en Krog et Kranium overraget af en blomstrende Hybenbusk. Man vidste ikke, enten man var kommen ind i et Naturaliekabinet, en Eneboers Hule eller en Heksemesters Laboratorium. Vægge, Mure, Dørgesimser bare ogsaa Spor af hans ligesaa fantastiske Kunstsans. Paa Muren havde han malet en legemsstor, dansende Neger, hvilket sigtede til et Sagn om, at de sorte tro, at naar de syngende og dansende styrte sig i Flammerne, komme de tilbage til sit Fædreland. Bønderne korsede sig, naar de kom i Døren; de troede naturligvis, at de saa den skinbarlige selv. Midt paa Væggen et kolossalt Eksemplar af Grund-

*con amore*, med lyst.

loven — bevogtet af tvende Jetteskikkelser i Døledragt med Biler og Økse. Dyreriget var ogsaa mangfoldig repræsenteret. Fugle flagrede løse omkring, Fiske og levende Snoge i Glas. Bella paa en Pude, med et forgyldt Halsbaand, hvorpaa den Indskrift:

Er du lydig og klog og from,
Saa skal du hede Bella;
Men er du lumsk og bidsk og dum,
Saa skal du hede Nella —

(Spotnavn, som Modstandere af «Den Constitutionelle» havde sat paa dette Blad), — ikke at glemme hans Yndling, den gamle Kanin, der «enøiet, trebenet, violblaa og fin» hinkede gemytlig omkring mellem Mos, Stene og friske Løvbuske. Paa Bordet ragede en uhyre Kvast af vilde Vekster og Blomster op af et gammelt Drikkehorn, og her sad han, visselig selv det sælsomste Naturprodukt — — — — —

Hvor han kunde være elskværdig, hvor han var elskværdig! Selv lo han næsten ikke, han gottede sig, han fløitede ligesom Latteren ud, men i hans Nærhed sprudlede der evige Fontæner af Latter, Liv og Lystighed. Man kunde ikke blive rigtig vred paa ham, hvad han end sagde og tog sig for. Henrik havde Anlæg til alle huslige Dyder, til alt, hvad der gjør Familielivet let og dog høiere beaandet. Alle hans Egenskaber havde noget af Barnets. Han var snild, nøisom, altid glad, taknemmelig for det mindste, en elskværdig Søn, og alt dette gjorde, at man under et længere Samliv med ham indlulledes sødelig i den Tro, at det maatte vedvare uforstyrret. Det er den Slags Sikkerhed, Beboerne af *Torre del Grecco* føle; de hænge som berusede ved den skjønne Jord og glemme tilsidst den farlige Nabo, indtil en vakker Dag Grunden bæver under dem og minder dem om, at næste Minut kan det hele være forvandlet til en Askemark.

Og saa har hans Nærmestes Liv været ved Siden af ham, en Usikkerhed, der ikke tillod os at dvæle i nogen Glæde, en Bæven paa Randen af et Krater. Vi vidste aldrig, hvad Øieblik Udbrudet vilde komme. Iagttog vi ængstelig et, aabnede der sig maaske to fra en anden Side. Som oftest var det de ædleste Anlæg i ham, der gav Anledningen. Hvor vilde de kunnet virke velsignelsesrigt, havde Klogskab og Sindighed ledet dem! Hans Iver for Menneskehedens Sag var saa brændende, og han fór saa blindt afsted, at han ikke kunde skjelne sandt fra det usande. Deraf hans fleste Feilgreb. Enhver virkelig eller falsk Nødlidenhed var selvskreven til hans Hjælp, og Mor maatte passe paa, at han ikke gav sine Sengetepper bort. Enhver Klage, der støttede sig til et Skin af lidt Uret, af en mægtigeres Overgreb, kunde være sikker paa at finde et villigt Øre og en fluks beredt Vilje til at gaa i Ilden. Han undersøgte ikke; Ringheden, Afmagten var Klagerens Ret, en luvslidt Kjole det ubestrideligste Argument.»

*Torre del Grecco*, ein by tett under Vesuv.

Det er sant at han var braa og framfusen; men det er ikkje heilt sant at han fór fram blindt, utan gransking. Han la i sanning mykje arbeid paa aa setja sig inn i livskaara til den norske aalmugen. «Jeg har søgt at lære Dennes Sjele-Tarv at kjende ved Gjæstebordet, ved Arnerne, i Kroen som paa Kirkegulvet», skreiv han sjølv i 1830. Jamt ferdast han millom bønderne i heimbygda, og tidt og ofte var han ute baade i grannebygdene og lenger burt, — i Odalen og Soler, paa Toten og Hadeland, i Lier og paa Ringerike. Sumaren 1832 gjekk han upp etter heile Gudbrandsdalen og tok gjenom Vaagaa og Lom yver Sognefjell fram til vestlande; han kom heim att sjøvegen. «Statsborgeren» kunde daa melda fraa Toten og Heidmarka: «Allevegne ønskede Almuerne at see ham og tale med ham, og paa et Sted, hvor han opholdt sig et Par Dage, havde han idelige Anmodninger af Almuesmænd om at tækkes mellem dem. Kort sagt, han er allevegne bleven modtaget med en høi Grad af Agtelse og Tillid, saa at man tilvisse maa sande, at hans Idretter og Fædrelandssind i disse Egne har reist ham et almeent Bifald, og Norges Stormænd vilde i deres Gallavogne neppe have tildraget sig den Opmærksomhed som den simple men saa rigt begavede unge Mand fandt, skjønt han vandrede til Fods med sin lille Randsel paa Ryggen, og fjern fra at ville vise nogen Smaalighedsaand.»

Og han var ikkje ein turist som berre vilde sjaa og njota. Han vilde gjera nytte for seg allstad som han kom. Det er fortalt at han allstødt pla gaa med skogsfrø i lumma, og naar han kom paa snaude flekkjer, saadde han det ut med gjevmild hand; han ville alltid lande skulde staa grønt og friskt og rikt. Same eins saadde han alltid aandsfrø ut i folke sitt, og vona det skulde gro til rikdom og framgang. Han vilde prestane skulde heita og vera «folkelærarar», og straks han sjølv hadde vorte teologisk kandidat, tok han seg fyre aa faa i stand ei folkeboksamling i Eidsvoll; han sanka ihop av sine eigne bøker, og tagg ihop hjaa far sin og venene sine alt som kunde høva, og dreiv so med

utlaan til bygdefolke. Det var ein arv ifraa dei gamle rasjonalistiske prestane han soleis tok upp, og han vilde vekkja bygdeboksamlingar til liv rundt ikring i lande. Han fekk skipa eit soknelag i Eidsvoll som skulde staa under «Selskabet for Norges Vel» og arbeida baade for boksamlinga og for jordbruke, og han vende seg beint til hovudstyre for sellskape med bøn um at det vilde taka i med saka; han fekk det til i 1830 aa gjeva ut tvo smaaskrifter han hadde sett upp «For Almuen», — den eine var ei uppmaning til aalmugen um aa faa seg kunnskap gjenom god lesnad og serleg gjenom bygdeboksamlingar; den andre skrifta var eit innlegg for soknelag i kvar bygd.

«O mine agtværdige Medborgere,» skreiv han, «Fædrenelandet fordrer indsigtsfulde Borgere, Friheden fordrer Tænkende!» Berre upplysning, greidde han ut, kunde gjeva sann aandeleg fridom og læra menneskja kjenna seg sjølv; «læs, og lær! og du skal ikke føle dig henkastet i en frydløs Afkrog, om du end sidder i en Stue bag Fjeld og Snee og øde Myr. Du er bunden med dit Legeme til Norges Klipper, men din Aand er skabt til fri at flyve rundt Himmel og Jord.» Han kalla paa «Almeenaanden», samlingstanken, den som det til daa hadde skorta so altfor mykje paa i Noreg, men som alle no laut fostra hjaa seg kvar i si bygd: «i Sandhed Alt opfordrer Os til at reise os forenede for det fælles Bedste: Den Eftertænksomme hører Agerens, Skovens, Havets, Bjergets Røst, og Frihedens; thi denne flygtige Himlens Gave bortdamper imellem Nationernes Hænder, dersom de ikke omslutte den og holde den fast i mindre Samfund.»

Sjølv hjelpte han til aa skipa boksamlingar i Urskog og andre av dei næraste bygdene, og det er visst nok, at skriftene hans kveikte nytt liv i arbeide for folkeupplysninga kringum paa lande. Mest arbeidde han no i Eidsvoll, sjølvsagt. Der samla han ungdomen um seg til leik og til lærdom, han song med dei, han dikta viser for dei, og ein vinter heldt han sjølv umgangsskule for den vaksne ungdomen

i bygda. Mang ein gong la han daa merke til utifraa emnelege gutar eller gjenter, og han tykte det var so synd at dei ikkje skulde naa høgare upp:

Tungsindig sidder paa sit Fjeld
en ledig Helt, en ubrugt *Tell;*
en *Byron* tidt, en *Platos* Sjel
i Folkets Sværm forgaaer.

Han kom etter kvart paa den tanken, at staten skulde leita upp og kosta upplæring paa slike flogvit, og sjølv var han alltid paa leit etter dei. Soleis var det han fekk tak i taterguten Vesle-Anders paa Hadeland, ein gutunge som kunde preika og tala paa vers og spela fele som ein heil meister, og Wergeland vilde gjera ein stor kunstnar av han; men «Wergelandsguten» hadde faatt brennevinsdjevelen i kroppen, og han seig attende i ulukka, berre med dei høge draumane i minne.

Til bruk for ungdoms-upplæringa gav Wergeland ut ei heil rad med folkeskrifter, t. d. ei rettleiding i bokmaal og ei lita katekisme um borgarpligter. Han dreiv mykje med botanikk, og han sette upp ei lærebok um allslags nyttige vokstrar; den boka er merkeleg for alle dei norske voksternamna han hev leita fram. Det største arbeide var ei Noregssoge (1834), og det var den fyrste Noregs-soga som førde forteljinga heilt fram til samtida, ja peikte paa fyrelogene for framtida. Han hadde lagt aalvorlegt arbeid i dette soguverke; me ser at han visste det som professor Hansteen i desember 1833 hadde rekna ut, at den sol-myrkjinga som etter dei gamle sogene fall inn paa Stiklestad-dagen i 1830, til røyndar fyrst kom ein maanad etterpaa; og den læra som vart so sermerkt for den «norske historiske skulen» etterpaa — den som Gerhard Schøning hadde sett fram i 1769, og som Rudolf Keyser tok upp i 1839, um at normennerne hadde vandra inn i Noreg vegen nordanum Øystresjøen, — den hadde Wergeland klaar for seg alt i 1834. Men

elles er ikkje boka fyrst og fremst eit lærdomsverk; ho er ei streng klage- og uppgjerdsskrift imot kongar og prestar, eit innlegg for aandsfridom og folkefridom. For det var det som fyllte hugen hans under alt dette arbeide, aa lyfta folke sitt til fridom.

Straks etter juli-revolusjonen, daa folk flest tykte det gjekk heller fort med framgang og frigjering, daa spurde Wergeland: «Hvi skrider Menneskeheden saa langsomt frem?» Og svare hans var ei klage imot prestane, som heldt folke bunde i gamall ovtru, i «disse Mysterier, i hvis blinde Antagelse det herskende orthodoxe Parti næsten udelukkende sætter Christendommen». «Giv Tanken og Troen fri!» ropte han; daa fyrst kunde det verta tale um sann framgang. Han vilde ha burt dei gamle pinnstive lærebøkerne og læresetningane og samla alt kristenfolke, ja all menneskja under ei einfeld tru som tanken kunde skyna. Ein ny og større reformasjon maatte no til: «Den «historiske Christendom» er nemlig ikke den stagnerende, men den fremskridende.» Difor sette han seg hardt imot det nye straumdrage i kyrkja som med dei teologiske professorane og presten Wexels i fyreenden heldt paa aa vinna fram; dei slo seg ihop med haugianane og vilde setja streng bokstavtru i staden for vitug umtolking eller rasjonalisme. Wergeland vilde ikkje vera med paa slik «Ringeagt for Tænkningen og dennes Frugter», han heldt allstødt striden uppe imot den retttruande dømesykja og imot det som han kalla «sværmerske religiøse Meninger» eller «theologiske Galskaber». Han vilde ikkje døma hardt um mennerne, han sette sjølv Wexels høgt i mange maatar, og rekna Grundtvig for eit geni, og han trudde for visst, at «religiøst Sværmeri er grundet i en fysisk Disposition» eller var eit slag sjukdom. Men sjølve «Sværmeriet» meinte han var eit fælt bakstræv som det galdt um aa stagga. I dette stykke stod daa Wergeland imot det samdrage som dei nye preste-ættene heldt paa aa faa i stand millom embætsfolk og bønder; for det var fridomen som var hovudkrave for han, — imot den var det nasjonale smaatt

for han. Men i andre ting, i samfundsarbeid, i riksliv, i bokheimen, fremde han sterkt det nasjonale samdrage; for her var fridomstanken paa folkesida.

## IX.

## For folkemagt og norskdom.

«Da Almuen mærkede», fortèl far hans, «at den i H. W. havde en oprigtig, frygtløs og aldeles uegennyttig Ven, begyndte enhver Lidende, og som troede sig forurettet og undertrykt, at tye til ham og søge Raad, Hjælp og Forsvar hos ham. Det tiltog alt mere og mere især fra Aar 1830. Ikke allene fra Eidsvold men fra andre Bygder søgte man til ham; og endnu [i 1843] kommer man fra fjerne Bygder til ham i saadanne Ærinder.» Henrik Wergeland var ikkje den som viste slike folk ifraa seg; han la seg hardt i selen for aa faa bøtt kvar ein urett, og han var ikkje rædd for aa vaaga sitt eige skinn. Det hev vorte til ei segn, at han tok paa seg heile saker for fatigfolk, — sanninga er at det var berre ei einaste sak han kom upp i for andre; men den saka var til vern for ei heil mengd med aalmugesfolk, og ho varde mest heile live hans, — fraa 1831 til 1843, i meir enn tolv aar. Det var den store saka med prokurator Praëm. Eg skal fortelja soga um denne saka; for ho vart paa meir enn ein maate vigtig for livsførsla til Wergeland.

*Jens Obel Praëm* var ein danske som i 1823 hadde vorte prokurator i Eidsvoll og sidan gifte seg til gard der. Det huse han gifte seg inn i, hadde mykje umgjenge med prestegardsfolke; men millom Henrik Wergeland og Praëm kunde det aldri verta nokon rett samhug. Praëm var rekna for alt anna enn fridomsmann, og daa han i 1827 skreiv i «Morgenbladet» eit innlegg imot det absolute veto, daa spotta straks Wergeland med korleis «hos Praëm fra Sjelen Patriotismen uventet steg». Daa Wergeland vaaren 1829 la inn sitt ord for «et Hædersminde for afdøde Statsraad Christian

Krohg», den kjende fridomsvenen, daa kom Praëm med motlegg, og daa det um sumaren 1829 kom i «Morgenbladet» eit ramt bakstrævarstykke «Om Rævbælgerne», trudde folk det var Praëm som var ute, so han laut fraaleggja seg andsvare. Wergeland kom daa med eit stykke og skildra ein viss prokurator P. som ein haal stortingsfriar, og Praëm vart ikkje svar skuldig, men tok paa Wergeland i heile tri namnlause bladstykke, — han gjorde Henrik Wergeland um til «Haabløs Villigliderlig», og Siful Sifadda til «Sviinfuld Supekjær». Samstundes tok Praëm paa seg aa vera sakførar mot Wergeland i ei sak han hadde paa seg. Med denne saka hadde det seg soleis, at ein gong Wergeland — det var um hausten 1828 — skulde rida heim ifraa Kristiania, var han burtum Gardermoen, og det var nok ikkje fritt anna han hadde drukke væl mykje; der kom han innanfor lægerlina, og so var det ein underoffiser som slo til han med sabelen. Han klaga, og han vart sjølv sett under tiltale, og saka gjekk heilt til høgsterett. Han vart i 1833 dømd til ei bot paa 30 dalar og skulde greia søksmaalskostnaden òg; men den fall til slutt paa statskassa, for Wergeland aatte ingen ting aa taka av. I denne saka nytta no Praëm alle tilføre til aa hemna seg paa Wergeland, og han hadde endaa meir aa hemna enn eg alt hev nemnt.

Ein sumardag 1828 hadde det hendt, at Wergeland reid framum garden til Praëm, og Praëm bad han daa inn, og spurde kvifor han hadde halde seg burte so lenge. Jau, sa Wergeland, det var for di han hadde høyrt, at Praëm var so hard med bygdefolke; han vilde gjera sams sak med sambygdingane sine og ikkje ha nokon venskap med slik ein blodsugar. Det vart ei heit trætte um dette, og ho slutta med at Praëm stemnde Wergeland; men han lét daa saka falla for det fyrste. No tok Praëm sin mun att i Gardermosaka; han heldt umstendelege forhøyr um kor mykje Wergeland pla drikka av sterke varer, og han truga med aa spørja ut vitna um sedugskapen hans; han kalla han i innlegga sine for «Fyllefant», «Candidat til Tugthuset» og anna slikt; han

sa at Wergeland «hører til det Slags Mennesker, der antage det for Patriotisme hvad fornuftige Mennesker, der mene det ærligt med Konge og Fædreland, kalde Oprør», og han gav (i oktober 1830) denne fraasegna: «Derfor henregner jeg det til en hellig Borgerpligt, at gjøre alt for at tilintetgjøre Henrik Wergelands Udsigter til nogensinde, idetmindste ikke forinden flere Aar have godtgjort hans totale Forbedring, at komme i en saadan Stilling, at han kan have den mindste Indflydelse paa Medborgeres Tænke- og Handlemaade.» Praëm sende avskrifter av alt dette ut i bygda, og stræva soleis idigt med aa øydeleggja framtida for Wergeland. Samstundes la han politikk inn i striden; han slo paa at Wergeland sine «Reiser, Samlinger og forskjellige Bestræbelser ikke ere andet end en Maske for politiske Stemplinger», og han sette ut at Wergeland var «en Forhaaner og Ringeagter af de bestaaende Troessætninger». Wergeland vart meir og meir uppterga, og han beit ifraa seg. Det var no mest eit gutestrek, at han i jolehelga sende burt paa garden til Praëm eit skilt som han hadde maala fanden paa, slik at Praëm kjende seg sjølv att, og yver bilæte hadde han skrive dei byrge ordi: «Daare, seer du da ei, at din rasende Nidhevn bringer, forfølgende Hvad der hører en Efterverd til, dit Navn, hvis Ærebrist Glemsel ellers veldædigen dækked, som en udødelig Skjændsel ogsaa til denne.» Aalvorlegare var det uppgjere han heldt med Praëm i «Morgenbladet» i februar 1831, for di Praëm hadde lagt seg i vegen for alt aalmugesarbeide hans. Praëm svara at han hadde i Gardermo-saka prova alle skuldingane sine imot Wergeland, og tenkte paa aa gjeva ut heile innlegge sitt. Daa vart Wergeland so harm, so han paa timen sette i blade, at slikt var «skurkemæssig Fremfærd», og lova han skulde stempla «denne Forbryder mod Stat og Menneskehed» etter rette verde hans. So vart det sak, og den varde heilt til hausten 1843.

Wergeland la straks fraa fyrsten alt arbeide paa aa prova at det var sant, naar han kalla Praëm ein «Forbryder mod Stat og Menneskehed». Noko heldt han seg til «det Djæ-

velske og Forbryderske mod al Menneskelighed» i den fyresetninga Praëm hadde gjort seg, aa øydeleggja den borgarlege velferda for Wergeland. Men mest drog han fram all urett Praëm hadde gjort imot aalmugen. Praëm hadde alltid havt uord paa seg for aa vera hard til aa krevja og taka pengar. Til røyndar hev han vel ikkje vore verre enn so mange andre; men dei var sleime, mange av prokuratorane i gamle dagar, — det sat i dei fraa den tida embætsmennerne var herrar i lande, og det er vel ikkje for ingen ting at «prokurator» hev vorte eit skjemdarnamn millom folk. Praëm hadde ikkje bore seg «fuldkommen daddelfrit», det maatte sjølve sakføraren hans gaa ved; han hadde vore «dyr» med baade auksjonar og eksekusjonar, inkassasjonar og sakførsle. Kom han og heldt eit par utpantingar paa ein gong, so rekna han seg serskilt for kvar «forretning»; gav han ein skuldmann frest med betalinga, tok han pengar for velviljen sin; han rekna seg drjuge renter av alt; han slo til seg garden og avlinga for skuldbundne bønder for spottpris, og han snøydde huse for alt som var pengar verdt, naar han skulde taka sitt; det kunde vel henda òg, at han lét bønderne skriva paa brev som dei ikkje sjølve skyna. Mange bønder hadde kome og klaga si naud for Wergeland; serskilt i den harde vinteren 1830—31 kom dei, enkjer med store barneflokkar, og mange andre fatige stakarar, og Wergeland vart inderleg harm, naar han «saae dem vandrende sultblege og frostblaae nøgne i Sneen og hørte dem forbande Praëm, som Ophav til sin Elendighed». Han hadde heile bygda med seg i harmen sin, og difor kunde han i ei vise til eit stort brudlaup i 1832 kveda:

Ælle banna Pram,
ønskte i en Dram,
at han sat i Ulvens Stue.
«Da de skulle ite sammen godt de To
ta den Kua, som hu Marthe,
Hu fra Julsrud, tel Hr. Prokoratren dro',
skjønt han sea ikke sparte.

«Malmros» maatte sta; de' var en svari Nau;
«Malmros» maatte sta, som Erik Fossums Sau.
Skaal! De' var nu de'!
Gji vi snart fek Fre'!»

Straks Praëm hadde reist søksmaale, slo Wergeland upp utanfor kyrkja eit upprop um at alle som hadde lide nokon urett av Praëm maatte koma til han med klagene sine. Det melde seg daa innpaa 60 mann fraa heile Romerike og fraa Odalen, som vilde vitna for Wergeland imot Praëm, og i eit innleg paa 82 store, tette sider kunde Wergeland i 1834 samla alle dei prova han hadde faatt fram i ei lang rad med klagepostar. Men Praëm kunde verja seg med at han aldri beint fram hadde brote lovene, og mange av vitna til Wergeland fekk han gjort magtlause, for di dei vitna i si eiga sak. So vart endskapen, at domen gjekk Wergeland imot. Underretten sette han i 1834 i ei bot paa 300 dalar, men la all sakførsle-kostnaden paa statskassa, og Wergeland var viljug til aa nøgja seg med denne domen, liksom han aare i fyrevegen hadde bode seg til aa taka skilsdom. Men Praëm var ikkje nøgd; for han hadde gjort paastand paa aa faa Wergeland dømd ærelaus og sett i tukthus eller paa livsvarigt slavearbeid. So gjekk saka vidare, og i 1840 vart det endeleg ny dom i yverretten; Wergeland fekk bota si nedsett til 100 dalar, men skulde no bera all sakførsle-kostnaden. Praëm var ikkje nøgd endaa, og gjekk vidare til høgsterett; men i 1843 gjekk han daa med paa forlik i samhøve med yverretts-dommen, — Wergeland skulde leggja væl 800 dalar i sakførsle-kostnad, og med bota vart det i alt meir enn 3600 kroner han maatte ut med.

Det er lett aa skyna for ei økonomisk øydeleggjing dette maatte vera for ein mann som ingen medel aatte, og han laut til slutt gaa ifraa gard og grunn for det som denne saka kosta han. Endaa verre var det at Praëm naadde augmaale sitt, aa halda han utanfor embætte. Daa han i 1833 tok til aa søkja prestekall, sette kyrkjestyre upp den meininga, at det var ikkje raadelegt aa gjeva han kall so lenge ikkje saka med Praëm var avgjord; men Praëm sjølv fekk stiga til yver-

retts-prokurator i 1837 og vart gjord til fut i 1839. Wergeland kjende dette som ein svidande urett, og det la seg tungt paa han at levevegen soleis var stengd for han. I eit innlegg fraa 1837 talar han um alt det denne saka hadde kosta han: «ikke alene Anstrengelser, Ærgrelser, Opofrelser, men Udbyttet af mit hele foregaaende Liv, Forældres Haab og Bekostninger paa min Opdragelse og Dannelse og Medborgeres og egne Forhaabninger om ved den at være gjort mit Fædreland nyttig.» Og det var ikkje rart at han mang ein gong kjende «Modbydelighed» for aa halda paa med den endelause sakførsla. I det heile maatte denne lange saka slita hardt paa hugen hans, so han tidt vart trøytt og mismodig og bittr, og det er visseleg sant som han sa, daa han laag paa det siste, at han hadde aldri kunna skriva «Skabelsen, Mennesket og Messias», hadde han alt den gongen vore uppi saka med Praëm; han trong til eit yverskot av ljos, livsglad, modig tru for dette diktverke.

Ein kann sjaa merke av Praëm-saka i samfunds-arbeide til Wergeland seinare. For no var det ikkje berre samkjensle, meddynk med dei fatige og ulukkelege, som dreiv han. No var han sjølv ein av dei som leid under embætsvelde, no fekk han sjølv kjenna kva det var aa ha ein prokurator paa nakken; han var liksom sjølv støytt ned i underklassa, og det var underklasse-liding og underklasse-hat som væpna han til strid. Sumaren 1833 skreiv han i «Folkebladet» eit par «Sortkridttegninger» so innharme og so eggjande, so ingen egtefødd proletardiktar kunde gjort dei betre; og me ser det var emne fraa Praëm-saka han brukte. Der er ei forteljing som heiter «Execution — Auction — Execution — Auction», som endar med at bonden hengjer seg i ørvæna, og son hans vert galen. Ei anna av desse svartstrek-teikningane handlar um «Vinkelskriveren», ein mann som hjelper ein bonde med aa skriva klage paa ein prokurator og difor kjem paa tukthuse, medan kona hans døyr i barseng og bonden sjølv vert galen; med blodig spott steller Wergeland det so, at daa vinkelskrivaren vert førd i tukthuse og bonden

i daarekista, møter dei ei folkeferd som ropar: «Hurra for Friheden! idag er 17de Maj! Hurra for Grundloven!» Og mange gonger sidan var han etter prokuratorane med same hate; han prenta uppatt «Sortkridttegningerne» sine i 1841, han gav ut i 1835 eit beiskt spottestykke um «Prokuratoren Zobolam» (d. e. Jens Obel Praëm) som herja all jorda og sistpaa steig til helvite som konge der; han skildra i 1837 same Zobolam som son til sjølve djevelen, han skreiv um plundringane aat prokuratorane i Sogn i 1842, og endaa i 1844 hadde han tak i sin Zobolam att.

Men det var ikkje berre prokuratorane han tok paa. Han vende seg imot heile «den saakaldte konditionerede Klasse» og sette aalmugen upp imot den. Han fortalde um løytnantar som hjartelaust lét hesten sin spenna gamle kjerringar i koll, og um smørkapteinar som lét rike og fine gutar sleppa verjepligta for betaling. Han skildra dumme «Lands-Pabster», som ikkje dugde til anna enn aa fylla i prestesekken og elles «behandle alle Bønder med Foragt», eller ein hoven snobb av ein «By-Pabst», som «ogsaa har sine Bønder, hvorpaa han viser sin Stands Værdighed». Stridast var han likevel med alle dei som flaadde den fatige aalmugen. Ein gong var han i eit lag i Vinger, og der bad dei han tala for futen som var til stades; men den futen var kjend for aa vera ein hard kravsmann, og Wergeland heldt daa denne tala: «Hans Kyhn, reis til helvede eller by'n! Gjør ett av to, saa Solør og Odalen kan faa fred og ro!» Kyhn vart rimelegare etter dette. Men nokre aar seinare hadde dei ein ny bondeflaaar der i bygdene, og daa var Wergeland straks paa ferde att; daa var det bl. a. han skreiv den hjartevarme barnesongen um «Smaafuglene paa Juleneget». Det var husmannen han der sette upp imot futen, og alt i 1832 og 1833 hadde han maala med myrke fargar kaara til husmennerne; han hadde fortalt um ein husmann under baron Wedel paa Fornebu, som hadde vorte jaga ut vintersdag med kjerring og sju ungar og hadde maatt liggja um natta i ei granbarkoie paa ville fjelle; den

husmannsplassen kalla han «Menneskelighedens Valplads og Barmhjertighedens Rettersted». I 1837 skildra han i «Statsborgeren», ei heil rekkje med «blodsugarar», og det er merkelegt, at daa tok han ikkje berre med prokuratorar og alleslags òkerkallar, men bondekaksen òg. Wergeland var den fyrste som saag, at bønder og bønder var ikkje alltid det same, — at sjølve bondestande hadde si yverklasse og si underklasse. «Husmændene,» skreiv han, «ere uden Beskyttelse. Det er forfærdeligt hvad Kaxerne kunne tillade sig mod sine Huusmænd.» Han saag her òg, for ein «frygtelig Krig, Armod og Rigdom, Elendighed og Havesyge føre med hinanden», og han saag at kontraktane inga hjelp var til for husmennerne; for rikmannen hadde magta, og det maatte lovbòd eller samfunds-umbøting til, skulde det verta annleis.

Det var naturlegt at Wergeland med slike kjensler og synsmaatar gjekk ihuga med i bondepolitikken, striden imot embætsvelde. Men han kunde ikkje verta staaande med bondepolitikken heller; han peikte straks fram imot nye fyreloger, ny strid, — reisningsarbeide for den nye underklassa som steig fram, naar bønderne hadde vunne sin rett. For det var ikkje gardmanns- og storbondepolitikk Wergeland vilde; det var full samfundsrett han vilde skapa, og samhugen hans var væl so mykje hjaa husmennerne, det største norske arbeidarstande den gongen, som hjaa gardmennerne.

For det fyrste var det no striden imot embætsvelde som var brennande. Den hadde laga seg til gjenom lange tider, og ut-etter 20-aara fengde han i vidare og vidare ringar. I 1829 kom det i blade «Nyeste Skilderie» ein fjellmannssong um den norske bonden, og der høyrer me den nye sjølvkjensla:

Ti Norje er Bonden ein høgagta Mand;
Han site paa Storthingjes Bænkjer,
Ve Sia paa Greve aa Statsraad, aa kan
Saa hugheilt si fram haat han tænkjer.
Han liter saa viljug qver Laav i sit Land;
For sjav er en mæ aa gjer Laaven istand.

So var det at nordmørsbonden *John Neergaard* i 1830 tok upp agitasjonen sin for aa samla bønderne til eit fast parti. Det er ein merkedag i den politiske soga vaar, den sumardagen daa han la ut paa ferd kringum i bygdene med den vesle «Olaboka» og vilde eggja bønderne i heile lande til berre aa velja sine eigne folk inn paa stortinge. Hjaa bønderne sette han serleg si lit til haugianane; men dessutan søkte han straks studnad hjaa folk av embætsklassa som hadde synt samhug med bondesaka og folkestyre-tanken, og den fyrste han vende seg til var advokat *Jonas Anton Hielm* paa Jeløya (attmed Moss), som nett daa for fyrste gong hadde vore paa stortinge. Hielm var den fyrste som bygde norsk politikk paa store grunnsetningar, han vilde gjera stortinge til einherre i alle norske saker, og han reiste til samlingsmerke for framgangsflokkane krave paa heilt sjølvstende og folkestyre. Han vilde føra yverklassa og underklassa ihop paa norsk grunn, og difor var han straks viljug til aa hjelpa Neergaard. Neergaard fekk tak i Henrik Wergeland òg, og var med han heim i Eidsvolls prestegard. Soleis fekk han straks samlag med dei tvo mennerne av embætsklassa som klaarast saag den store fyreloga for norsk politikk, aa grunnleggja eit sant folkestyre. I tvo aar fór han no land og strand rundt og skifte ut «Olaboka» og tala for bønderne, og i 1832 vart det valt eit bondestorting som reint sette støkk i embætsfolke.

Wergeland hadde alt i slutten av 1830 vore med og sendt ut innbjoding til aa tinga paa eit nytt blad for den nye politikken. Det var «Folkebladet», og det var han med og gav ut i nære tri aar (1831—1833). Der skreiv han sine «Sortkridttegninger» og mykje anna som skulde eggja og læra bønderne til aa taka styre i lande. Men «Folkebladet» fekk straks i 1831 ein medtevlar i «Statsborgeren», som skulelærar Soelvold gav ut, og dette blade fekk snart yvertake, beint fram for di det i ymse maatar var ringare. «Statsborgeren» greip djervare inn i dagsens strid; han tala ikkje i aalmenne ord um embætsvelde, men drog fram med

fullt namn alle syndarar, og slikt beit betre enn alt anna. Wergeland sjølv forsmaadde ikkje aa gaa til «Statsborgeren» med stykka sine, helst naar han hadde eit personlegt uppgjer aa greia upp, og i-ser sette han mange spottevers inn der. «Statsborgeren» vart, som Wergeland hev sagt, «en Slags Alligator, som i sex Dage laa skjult i sit Slam, men gabede baade hørligt og synligt den syvende, slugende da et halvt Dusin Embedsmænds gode Navn og Rygte i sig. Fanden var i den Tid meget mindre frygtet i Norge end «Statsborgeren»». Men «Statsborgeren» var dessutan noko mykje meir; han var den megtige talsmannen for den nye norske bondepolitikken, han var ordførar for eit aukande parti i stortinge og i folke. Og Wergeland var i pakt med denne politikken og dette partie.

Vaaren 1833, medan stortinge sat samla, kom han inn til Kristiania og skulde vera der væl ein maanads tid. Meininga var at han no skulde taka den praktiske presteprøva og so søkja um embætte. Men han bar seg ikkje soleis at han skulde vinna naade hjaa regjeringa. Han søkte straks lag med dei verste opposisjonsmennerne. Ei ti-tolv av dei fremste bønderne hadde nett daa teke til med aa samlast hjaa John Neergaard um laurdagskveldane og dryfta alle vigtige stortingssaker i fyrevegen; dei vart kalla «den hemmelige direksjon». Der kom den bause Lista-bonden Teis Lundegaard, han som hadde vore hovdingen for bønderne i Eidsvolls-møte, og den haugianske føraren Michel Grendahl; der kom nyvalde tingmenner som snart skulde taka førarrome etter dei gamle, slike som dalbuen O. G. Ueland, totningen Peder Fauchald, og trønderen Ingebrigt Sæther, og endaa nokre faae andre. I dette lage kom Wergeland òg med.

«Saavidt erindres,» hev Neergaard sidan fortalt, «kom han og Theis Lundegaard ledsaget af Sæther første Gang i 1833 til min Hybel, forinden der den Lørdagsaften var kommet andre end Grendal. Jeg synes se Henrik med sin kjæmpemæssige Gestalt, sit fyrige rødmossede Ansigt og funklende Øine, da han paa sin Fransk hilsede os 2de med Ordet: «*Msjos*», spørgende om han maatte have den Fornøielse, i vores Protokol at tegne «Henrik» som Medlem (han vilde helst kaldes bare Henrik). Hertil blev der hverken

af Grendal eller mig i den Hast, som Henrik talede, givet noget Svar. Teis tog saaledes Ordet, uden selv at bry sig om nogen Indtegning for at advare Henrik imod at lade sit Navn komme ind: «Han kunde jo komme og gaa som om han var . . . . En Kandidat havde en anden Fremtid at tænke paa end vi andre private Folk. Karl Johans kongl. norske Regjering syntes ikke om deslige Selskaber o. s. v.» Og efterat jeg tillige havde gjort Henrik opmærksom paa, hvad hans Fader, Provst N. W. sagde, da Neergaard i 1830, om Vinteren, fulgte med Henrik i Besøg til Eidsvolds Præstegaard, medbringende det første Korrekturark af «Ola-Boka», glemtes Indtegningen, idet Henrik slog Hænderne i Veiret, og, i det samme som Ueland og flere imidlertid vare indkomne, raabte: «end Neergaard og Ola-Boka, som har kunnet fremskaffe et saa overveiende Antal af deslige Mænd, som jeg nu har den Fornøielse at hilse paa for første Gang.» — — Henrik maatte tage Plads i Sofaen og blev valgt til Præses, hvilket jeg saa, at Grendal ikke syntes om, og da det viste sig, at han som andre store Aander var upraktisk, («alformeget i Firmamentet, udenfor Sagen», som det hed), saaat Tiden gik bort uden tilsvarende Nytte, fik Grendal Forfald og gik dengang afsted uden at deltage i Forhandlingerne, som bleve for vidløftige om ikke stormende. Henrik og Teis kom nemlig fra «et andet Selskab» ind i vor Forsamling.»

Um det vart løynt at Wergeland var med i desse møta, so steig han snart òpe fram for aalmenta i samband med den nye folkepolitikken. Det var daa han heldt avdukingstala for Krohg-stytta den 17de mai 1833. Statsraad Christian Krohg hadde vore pennefLøraren for stortinge i 1824, daa det galdt um aa avvisa dei kongelege grunnlovs-framlegga um aa auka kongsmagta, og difor hadde han vorte ein mynstermann for folkestyre-venene. Straks han var død, hadde Neergaard og eit par andre bønder bode folk yver heile lande til aa skriva seg for pengar til ei minnestytte, og den skulde no verta avduka ein 17de mai, — det var fyrste gong det vart halde ein aalmenn folkefest 17de mai. Heile høgtida hadde soleis alt paa fyrehand faatt merke av «opposisjon», og alt som heitte regjeringsfolk heldt seg burte. Difor var det vanskelegt aa faa nokon til aa halda festtala, og fyrst daa mange høge menner hadde svara nei, vart den unge Wergeland vald til talar.

Den 17de mai'en tok han til med festinga si alt kl. 12 um natta. For det var ein ung fridomsven løytnant Roosen

som hadde faatt order um aa melda seg paa Fredriksstein festning 17de mai kl. 12 middag, og so fann dei ut, at med rappe hestar kunde han naa fram, um han tok i veg kl. 2 um morgonen. So vart dei eit heilt lag som heldt paa med skaaling og drikking fraa kl. 12 til 2, og der var folk med som hadde moro av aa faa Wergeland full. Daa Roosen skulde av garde, fekk Wergeland mange med paa aa fylgja han paa veg utigjenom Oslo; men der ute vart det slagsmaal, og klæda til Wergeland vart sundrivne, og han slapp ikkje undan fyrr F. G. Lerche kom og rudde plassen med kjæmpenevane sine. Kl. 4 um morgonen kom han upp til stortingsmann Tønsager fraa Eidsvoll og laag der nokre timar og sov ruse av seg; fyre kl. 8 vart han vekkt, og so fekk han laana heimevovne klæde hjaa stortingsmann Haakenstad, — ein myrkblaa vadmaalskjole og ein raudrutut verkensvest. «I denne dragt finder jeg mig mere berettiget til at holde tale ved denne frihedshelts mindestøtte end i klædesklær,» sa han.

Avdukinga gjekk for seg kl. 8 um morgonen, og minst 5000 menneskje hadde samla seg utmed Ankerbrua, daa Wergeland steig uppaa foten av stytta og tala: «Medborgere!» ropte han, «vi staae her ved en Borgeraandens Triumfstøtte, ved et Fædrelandets Altar.» Her fann han alle standsmerke utstrokne, her stod alle normenner samstelte og jamgode ihop, og stytta skulde staa «som vidnende om en norsk Almeenviljes kraftige Tilvær, som et Selvstændighedsmærke, som en Støtte under Forfatningen, et Minde om dens Opretholdelse og Folkets Hengivenhed til den, som et Foreningspunct for Fædrelandssindet». Stytta skulde tala til det norske folke og gjenom det ut til heile Europa um sams framgangsarbeid for folkefridom: «Vor Moder er fattig, dog er der Ære i hendes Huus, dog er der mere Ære i hendes Spind end i fremmed Flitter, mere Sødhed i hendes Røst end i fremmed Veklyd. Vi ville være som Krohgs Støtte norske i Malm og Klang og Præg og Pryd, og dog under Borgerkrandsen skuende frit og vidt udi Verden.»

Det var grunnsyne sitt paa norsk politikk som Wergeland her la fram; det var det demokratiske og det nasjonale krave han sette upp og knytte ihop. Og denne tala sette skil i live hans. Med den naadde han for fyrste gong fram til heile folke, og han vann seg eit hovdingrom i folkemeininga. Fraa den dagen vart han eitt med 17de mai, med alt det som Eidsvolls-grunnlova hadde lova det norske folke.

Men det segjer seg sjølv, at det vart ikkje lettare for han aa faa embætte etter dette, og paa slutten gav han reint upp vona um aa verta prest. Hausten 1834 flutta han til Kristiania og tok paa med aa studera til lækjar. Det heldt han trottigt paa med i halvtanna aar; daa fekk han eit arbeid som han likte seg betre med. Vaaren 1836 vart han hjelpesmann paa universitets-biblioteke med ei aarsløn paa 800 kroner, og det greidde han seg med for det fyrste. Noko ténte han òg med bok- og bladskriving; det vigtigaste var at fraa hausten 1835 var han den som mest styrde med «Statsborgeren», — Soelvold var dømd ærelaus og hadde maatt gaa ifraa blade. I væl tvo aar hadde Wergeland «Statsborgeren», og det var ei hard stridstid for han. Embætspartie fekk seg fraa 1836 sitt eige blad i «Den Constitutionelle» med professorane U. A. Motzfeldt og A. M. Schweigaard og kgl. fullmegtig C. Fougstad til styrarar, og dette blade var Wergeland jamt i haara paa. Dei sparde ikkje paa pipparen paa noka av sidene; «Den Constitutionelle» sa straks fraa, at det var ei hovud-fyreloge for blade aa vinna paa slik ein «falsk og feig Folkeprophet» som Wergeland, som hadde faatt so reint for stor ei magt, og Wergeland la ikkje fingrane imillom, han heller; det er ofte ei løveklo i desse stridsstykka kans, so dei hev verd langt utyver dagen, og ein merkar diktaren som baade kann sjaa motstandaren inn i dei inste hjartekrærne og kann byggja motsetningane upp med veldig fantasi.

Wergeland var i desse aara den fremste ordføraren for bondepolitikken, og han var med og stridde fram den største

saka som bønderne hadde paa kravs-lista si, — formannskaps-lova av 1837, den som sette ut i live den gamle tanken hans, at folke i kvar bygd for seg skulde læra borgar-aand og samfunds-arbeid. Men bondetanken i denne politikken laag mindre i hugen hans; det var grunnsetningane han gjekk etter, og nett no i «Statsborgeren» var det at han jamvel tok til aa setja husmennerne upp imot storbønderne. Han brydde seg mindre òg med aa draga fram dei einskilde embætsmanns-syndene, so dei gamle lesarane tykte ikkje slik moro i blade som fyrr; Soelvold og hans likemenner arbeidde med aa reisa nye blad paa den gamle gjerda, og sjølve «Statsborgeren» gjekk det difor etter kvart ut med, — han maatte slutta til jola 1837.

Det var den nasjonale sjølvstende-politikken som Wergeland meir og meir hadde gjeve fyrsterome i «Statsborgeren». Og det var naturlegt etter hendingane i samtida. Paa stortinge i 1836 hadde unionsspursmaale vorte brennande; det var strid millom kongen og Sverik paa den eine sida og stortinge paa den andre baade um skipnaden med utanriksstyringa og um ymse sjølvstendeformer, — flagg, riksvaapen, kongstitel og anna slikt. Sverik hadde slett ikkje halde unions-avtalen fraa 1814, men hadde paa mange maatar gjort inngrep i den norske sjølvstyre-retten. Alt dette vilde no stortinge segja fraa um. Men so gjorde kongen det som han korkje fyrr eller sidan hev vaaga seg til: han løyste upp stortinge utan varsel. Slikt maatte setja støkk i det norske folke; for det var tydelegt at det var svensk magt kongen studde seg paa. Det vart riksrett imot statsminister Løvenskiold som hadde vore med paa stortings-uppløysinga, og han vart dømd til bot for dette. Wergeland kasta seg med heile sin hug inn i striden. Han fylgde her etter den store mynstermannen sin i politikken, Jonas Anton Hielm; for det var i unionsspursmaala Hielm la største og beste arbeide sitt, og han var den fyrste, ja paa lange tider den einaste som tok dei upp i heile si vidd. Men Wergeland dreiv sjølvstendetanken endaa lenger fram enn sjølve Hielm.

Han var fridomsmann ifraa den fyrste ungdomen. Han hadde skrive festsongar, ofte fleire um gongen, mest til kvar einaste 17de mai heilt ifraa 1826, han hadde kvede for det trifarga norske flagge, og han hadde samla eidsvellingane til dei fyrste 17-mai-festane der i bygda. Ingen var nærare til aa staa paa vakt for fridomen enn han, og han visste det. Han kunde ikkje greia seg med berre «Statsborgeren». Straks i februar 1836, ein sundag som han preika i Akershus-kyrkja og han saag det var mange stortingsmenner til stades, sette han norskt rekkje-tal paa kongen i kyrkjebøna og kalla han Carl den 3dje i staden for Carl den 14de Johan; det vart Carl Johan ovleg harm for. So til 17de mai laga han eit lite spelstykke som vart framført i studentsamfunde, — «Norge i 1800 og 1836», med hyllestsongar til stortinge og til flagge. Utpaa sumaren gav han ut den ypparlege visa um Ola Høyland; han sette denne stortjuven upp imot svenskane som hadde stole den norske løva og sett ho paa dalarane sine:

Hvor har du dine Hunde, du gjæve Bondemand?
Hvor, Norge, er din Løve, saa barsk som Ildebrand?
        Ve, svenske Gubber graae
i fremmed Mynt har ladet til Norges Spot den slaae!

De rysted vel de Gubber paa Haand, og skjalv i Knæer;
om Morasteen de stode som raatne Aaspetræer.
        Som Uglereir i Top
var Gubbernes Parykker, der klækked Daaden op.

De skjælved vel paa Fingre, men ei for Løvens Tand;
men lade nu den bære vor Skam fra Land til Land.
        Liig gamle Huuskat, som
udlaanes Nabolaget, den gaar i Verden om.

— — —

Gid da de Specier havde i Bankens Kjælder lagt,
da Ola Høiland var der paa Nummer Attens Vagt!
        Han skulde dem beholdt,
saafremt ei til at ta'e dem den Gavtjuv var for stolt.

Um hausten, med' riksretten stod paa, sende han ut ei rad med smaa flogblad «For Menigmand», og i-ser var det eitt av dei som vekkte ei heil røre; det var eit som han skreiv yver teksten «Ond Forligelse ødelægger Huse». «Og det samme skeer,» skreiv han, «med Stater, hvor ond Forligelse er indtraadt mellem Folk og Konge. Det vil sige, denne Tilstand er saa utaalelig, at den ikke kan bestaa, men maa ophæves for enhver Priis, undtagen Frihedens og Selvstændighedens, og Grunden dertil tilintetgjøres.» Grunnen til striden millom det norske folke og kongen fann Wergeland i sambande med Sverik:

«En Konge, der alene var norsk, en Konge saadan som vore Hjerter og Øren finde en Vellyst i at høre dette Ord, vilde ikke inden Riget eller i sin Stilling finde Grunde til at sætte sig i en uafladelig Opposition mod Folket om den dyrebareste Perle i dets Frihedskrands [d. e. grunnlova]. En saadan langvarig Blokade vilde blive farligere for ham end om han forsøgte et raskt Stormangreb paa enkelte Punkter i Konstitutionen. Ja selv om vi tænke os denne som hovedsageligen hans Værk, vilde Forsøgene paa at ændre det gjøre en Ende paa Taknemmeligheden; og det kunde ikke vare længe før han saa i hver Normands Rynker Einars brustne Bue og fik høre Svaret fra Svollder: «nu brast Norges Rige af dine Hænder, Herre Konning!» Men af en Konge, der i saadanne Tanker, nemlig at have skabt Forfatningen, regjerer Norge fra Sverrig af, af en Unionskonge, hvis Regjering baade har Karakteren af at erkjende dette Rige for Hovedrige og af ikke at ville indlade sig paa nogen Forandring af dets Forfatning, lader hiin Regjeringshandling sig forklare. Skal et Vedligeholdelsessystem hævdes i Sverrig, maa Slagfjedrene brydes paa den norske Frihed. Denne Ørn maa ikke stige saa høit, at den sees over Kjølen og forfærder de gamle rolige Svaner i Vettern og Mælaren. Det mindste Rige maa ikke byde det større et opeggende Exempel; den yngre Broder ikke besidde Noget, som kan vække den Ældres Misundelse; Folkevældet i Norge ikke staa i for skjærende Modsætning til Stormandsvældet i Sverig saaledes som dette er omhegnet af den bestaaende Konstitution. Norge maa minke Sejl forat kunne holde sig i sømmelig Afstand bagefter Sverig, skjøndt det bedste vistnok var, om denne tunge gamle Orlogger satte nye Seil til forat gjøre Følge til den politiske Lysaligheds Verden istedetfor at maatte skilles saagodtsom ved Udsejlingen af Havnen. — — Skilles? Det var en Tanke!

Kan den forundre? I Sverig «graater» man over Foreningen.

Vi ville tænke derover til en anden Gang.

Eller over hvilke Forandringer der maa foregaa med Foreningen, forat den skal kunne bestaa. Den maa ikke genere.»

Svenskane skvat upp, daa dei høyrde at ein mann som Wergeland slo paa unionsuppløysing, og dei norske blada skunda seg og lova paa at ingen annan normann tenkte same-eins. Men Wergeland slepte ikkje tanken for det; i 1837 skreiv han likninga um vognhestane med denne slutt-læra:

Det er det bedste,
Forbindelsen at løse mellem Heste,
som trække slet isammen.
Amen!

Han vart rædd for at svenskane vilde taka paa Noreg med vald, og han som fyrr hadde vore so imot altfor mykje hærstell, so han hadde likna det med «Luus og Lopper» paa fatigmanns kropp, han vart no brennhuga for eit sterkt forsvarsverk, fyrst og fremst paa austgrensa. Han slo seg ikkje til ro, fyrr kongen med flagg-vedtake i 1838 hadde synt vilje til aa gjeva Noreg den retten det hadde krav paa. Daa trudde han det endaa kunde vera von for unionen til aa halda.

I unionsstriden kom det i dagen, at ikkje alle normenner var like rake i ryggen, naar det galdt Sverik og svenske yvergrep. Wergeland peikte i «Statsborgeren» paa ymis «Svensk Indflydelse paa norsk Tankesæt», og i visa um Ola Høyland song han:

Hvis Folket er for kleint,
da bør dets Ukrud luges, indtil det bliver reint.

Sjølv freista han ryskja upp alt slikt ugras, og serskilt la han seg ut etter svenskekrjupinga i 17de-mai-stykke sitt fraa 1837 «Stockholmsfareren»:

Til Stockholm alle rulle,
som ville og som skulle
bli' store Mænd hos Os.
Didhen de dra' paa Kjærrer;
men hjem igjen som Herrer
de rulle i Karos.

Han vilde byggja aandelegt sjølvstende òg i folke. Men ein kann elles ikkje segja, at han endaa i desse aara hadde fullt skyn paa kva nasjonalt aands-sjølvstende var. Grunntanken hans var til røyndar ikkje stort meir, enn at me skulde vera nasjonalt sjølvhjelpne, um han so ender og daa i braae hug-glimt kunde sjaa djupare i saka. Han vilde me skulde klæda oss i norskt ty; han dikta lovsong til «Stella i Verkenskjole», han gjorde ap med bondelapsen «Sprætt i Vasfad», og naar han saag bondegjentene stasa seg med silkeplagg, sleit han dei av dei. Men han vyrde ikkje stort den gamle bygdebunaden: «Begejstringen for Valdersens eller Hardangernes Eenfoldighed og Nationaldragt bliver let, om den ikke gjør sig Rede for sig Selv, til al Illiberalitetens Begejstring for Uvidenhed og gammeldags Barbari hos Bønderne.» Paa same gjerda vilde han me skulde halda oss sjølve med norske kunstfolk, — spelemenner og tonediktarar, diktarar og skodespelarar. Men hovudsaka var at dei var normenner, ikkje at dei bygde kunsta si paa norskt grunnlag. Han skreiv i 1831 og klaga seg for at ikkje norsk musikk fik vyrdnad nok, — at «fremmede Marodere sætte sig fast, fortrængende Landets Børn og Landets Musik», og han fortalde med lovord um eit par bondefødde tonediktarar paa Romerike. Men det var visst ikkje norsk musikk i vaar meining desse tvo laga: «De tonsætte betydelige Storvaltse, pragtfulde Marscher, Adagioer og deslige», segjer Wergeland, og dette tykte han endaa var fullnok.

I minsto fraa 1831 førde han stendigt strid imot det danske teatre som i 1827 var grunnlagt i Kristiania; han vilde det skulde ha norske skodespelarar og spela norske stykke. I 1832 gav han ut eit skjemtestykke um den norske smaken for alt som var danskt; der læt han meklenborgarar sitja i eit oldenborgsk teater og skamrosa allt som berre er oldenborgsk: «Enhver maa dog tilstaa, at den oldenborgske Oxe baade var en Vildoxe og en Kunstoxe, der var vant til at træde frem, hvorimod vor var ganske raa og taget fra Stalden. Og, at den brølte meget smukt; og, at Asnet havde

længere Øren end hertillands; og at, om vi have større Sviin i Mechlenborg, saa have dog de oldenborgske baade finere Børster og finere Maal og Opdragelse.» Daa dei skulde reisa det nye teatre midt i 30-aara, heldt Wergeland teaterstyringa fast paa lovnaden hennar um aa skipa ein teaterskule for normenner, og denne striden hans skapte ei sterkare og sterkare folkemeining imot danskane paa det som skulde vera norskt nasjonalteater.

Endaa vigtigare var arbeide hans for eit norskare bokmaal. Her gjekk han vidare fram paa den vegen som norsklynde bokfolk fyrr hadde staka upp. Alt folkediktarar fraa slutten paa 17-tale, slike som Claus Frimann og Jens Zetlitz, hadde teke upp i diktinga si mange ser-norske ord ifraa folkemaale; etter 1814 auka krava, for no vilde normennerne ha sitt eige maal liksom andre sjølvstendige folk, og det var ikkje alle som vilde nøgjast med berre aa kalla det gamle danske bokmaale «norskt». Det er berre som ein kunde venta det, at den mannen som hadde det kvassaste syne i det politiske sjølvstendespursmaale, Jonas Anton Hielm, -- at han var med dei fyrste til aa greia upp i maalspursmaale. Han peikte i 1831 paa at skriftmaale i sjølve grunnbygninga si var i strid med norskt talemaal baade i by og i bygd, og han vilde ha eit egte norskt bokmaal, bygt paa talemaale, i staden. Wergeland hadde ifraa barneaara sòge i seg so mykje god norsk maalkraft, so straks han vart sjølvstendig diktar, slepte han fullt med ramme norske ord inn i diktinga si; dei friskar upp mange stader i sjølve «Skabelsen, Mennesket og Messias», og aller mest fløymer dei djervt inn yver folkevisene hans. I dikte «Blaamyra» (um slage i Trangen) fraa 1832 finn me slike ord som «Tall» (furu), «Synju» (misskriving for «synu», d. e. sene), «Knark», «gnegge», «vak», «Korp», «svint», «Bruse» (brisk, einer), «briske sig», «Svolk», «Vælte», «Vidju», «spræk» o. fl., og der er norske skriveformer og bøygjingsformer, slike som «gnage», «valt», «tilgars»; eg hermer eit par vers:

Vintren kom saa skarp med Gjæst;
    Ski maa da paa Bein.
Skien foer; men Gothens [d. e. svenskens] Hest
    sad i Snø og Stein.

Paa Blaamyra Svensken sad;
    Skreppen tog fra Ryg.
Thi til norske Paaskefad
    Veien vard for dryg.

Baade orda og maalformene er fraa Romerike, og eg trur jamvel Wergeland alt i 1832 dikta ei vise heilt paa romeriksmaal, — visa um brudlaupe paa Styri. Maalkunnskapen hans var no ikkje alltid so stø; det var mykje han trudde var norskt, som ikkje var det, og han kunde gjera mistak i mange einskilde ting, — han skreiv t. d. alltid «røite» i staden for «raute», han bøygde «vark» i staden for «verkte», og meir slikt. Verst var det at han ansa so lite etter samsvare i maale; han kunde bruka «Fyrr» og «Furu» umkvartanna i same dikte, og han kunde klina ramnorske ord og former inn i kav dansk-tyske setningar. Men ein ser daa tydeleg framstemna; det bar i norsk leid. Mangt og mykje som saara den næpne samtida, er no rekna for fin-fint bokmaal, og aalmuges-ord som den gongen lydde grovt og fælt, fekk Wergeland lyft upp til heimstad-rett i den høgaste diktheimen.

Han la fram maalstrævs-tanken sin i eit stykke «Om norsk Sprogreformation» fraa 1835. Han peikte der paa at det var ei naturlov som dreiv fram norskdomen i maale; so sant normennerne var eit serskilt folk, maatte dei koma til aa skapa seg sitt eige bokmaal. Han tykte det var harmelegt, at den lange trældomen under Danmark hadde tynt i hel so mykje av det gamle norske maale; for folk visste ikkje endaa, at dei norske bygdemaala alle ihop hadde vakse upp ifraa det gamle grunnlage etter sams lover. Men ein laut daa i minsto, meinte han, «fremkalde enkelte af de mandigere Røster, som røre sig imellem Fjeldene, og saaledes med Talesproget bøde paa Skriftsproget, og redde hvad der lader sig

redde». Og det var ikkje berre sjølvstendekrave, det var i grunnen aller mest diktaren i han som gjorde han til maalstrævar. Dei norske orda som han ikkje berre hadde lært ifraa bøkerne, dei gav honom so mykje friskare, rikare bilæte; dei sette straks hugen hans i sving, og baade det norske folke og den norske natura fekk liv for han i dei. Difor var det ikkje noko han tvinga seg til, aa fylla dikta og bladstykka sine med norske ord. Det var ein naturtrong i han som han maatte fylgja, skulde han fullt faa ord for diktsynene sine.

Det som det skorta paa i heile dette norskdoms-arbeide, det var vaken sans for det historiske samanhenge. Wergeland sjølv var glad i soga, og han heldt alltid minne friskt um gamletida aat Noreg. Han vilde jamvel, at dei i skulane skulde bruka Noregs-soga i staden for den gamle jødesoga til lærebok i moral. Det var han som gjorde upptake til dei festane for fedreminne som sidan vart haldne i mange aar baade i Noreg, Danmark og Sverik, og den tala han heldt paa den fyrste festen — heime i Eidsvoll paa mikkjelsmess 1834 —, den var eit megtigt manings-ord til folke um aa halda fedrearven i stand. Men det var ikkje dei næraste federne han vende tanken imot. Han saag nok, at restar av norsk aand og norsk samfundsskikk likso væl som av norskt maal hadde halde seg tvert igjenom dansketida; men han sakna i den ei levande nasjonal samkjensle, og han kunde «hverken beundre eller elske disse Nordmænd» som «kunde saalænge taale Fædrenelandets Vanære». Han kjende seg meir i skyld med den gamle sjølvstendetida: «Vort Norge og Fortidens Norge synes som to afbrudte Halvringe, der passe paa det nøjeste isammen; Mellemalderen kun som den uægte Lodning, som vi bryde væk forat hele de ægte Led.» Han gjorde sjølv mykje til at gamletida vart levande att i folkehugen, han vilde ha Snorre staaande jamsides med bibelen i bokhylla, og soleis gjorde han godt fyrebuings-arbeid for ein reinare sogutanke. Men endaa hadde han ikkje sjølv naadd heilt fram til den.

Han visste endaa ikkje av at gamle folkeviser hadde halde seg paa folkemunn; det var mest inga folkeviser den gongen som hadde kome paa prent, og i dei bygdene han var kjend song ikkje folk stort anna enn innførde danske viser. So vilde han ha landet sjølvhjelpt i den vegen òg, og i 1832 og 1833 gav han ut nokre hefte med «folkeviser» han sjølv hadde dikta. Sume av dei var gode dikt; men nokon folkeviseklang var det ikkje i dei. Eit par aar etter fekk han ein teft av at den egte folkevisa var ikkje reint burtdøydd likevel. Det var ein kveld i studentsamfunde um vinteren 1834—35, at han høyrde ein presteson ifraa Trondheimen spela so vedkjømeleg ein lund paa fela si; daa vart han so teken, so han fauk upp: «Hvad fanden er det du spiller der? Om igjen! Hvor har du den fra? Syng, om du kan!» Det var den kjende visa «I fjor gjætt' æ geita ti djupaste dalom» som soleis kom i dagen. Og Wergeland var so uppi vêre, so han sende ut uppmoding til folk um aa samla viser og lata han faa dei til utgjeving. Men det kom ikkje noko meir utav dette. Og i 1837 var han med og gav ut smaahefte med nye visetonar som var etla til aa fylla rome etter dei gløymde folkevisene. Han hadde ikkje tolmøde til aa venta paa den seine voksteren; naar ikkje det norske kom av seg sjølv, vilde han skapa noko norskt. Han hadde endaa ikkje lært den rette sogutanken: at eit folk kann ikkje springa yver noko steg paa framgangsvegen sin.

## X.

## Bokstrid.

Desse aara nærast etter 1830 hev i aandssoga vaar faatt namne «norskdomstida», — ikkje for di ho var so egte norsk, men for di ho skramla so mykje med norskdom. Det var liksom folke no fyrst rett sansa kva som hadde hendt i 1814; lande hadde vunne magt og mod att etter dei harde tidene kringum hundradaarsskifte, og folkereisningane ute i Europa

i 1830 hadde kveikt sjølvstendehugen i Noreg òg. Rope paa norskdom skrall difor no med velde ut yver heile lande. Studentar og bønder vilde vera like norske; kvar ein rett normann maatte briska seg med norske talemaatar, norskt vadmaal, norskt brennevin; det vart eit merke paa den gode fedrelandsvenen, aa drikka og skaala kvar syttande mai. Alt gjekk etter same tonen som den bjerregaardske nasjonalsongen «Sønner af Norges det ældgamle Rige»; men no skulde den «hellige Flamme» ikkje lenger berre «blusse i Nordmandens Hjerte», — logen skulde slaa ut i ord og i gjerning. Fyrst og fremst maatte Noreg gjera seg fritt fraa det danske aandsvelde, og «Statsborgeren» sette i — paa godt danskt — med ein «norsk» marseillæse:

Op at kjæmpe, I brave Normanner!
Op til Kamp hver en Norriges Geist!
Jydske Sprogherrers Pennefjerbanner
har sig frækt i vort Fædreland reist.
Hører I Knaldet af Fiendens Kanoner:
disse Røster fra Herthadals Lund?
Snart myrder han i Eders Mund
hvertet Ord hvori Norge gjentoner.
Til Vaaben: Pennen grib!
Det Aandens Glavind slib!
Flyv, norske Geist! dit Vingeslag
skal slaae det Aag iqvag.

Det er lett aa sjaa kor utanpaaklint mykje av denne norskdomen er; trongen og viljen var so mykje større enn evna. Me ser no dei djupe magtene som her var i ovring; men det var ein flokk i lande den gongen som berre saag alt det umogne og uferdige i det nasjonale stræve. Dei saag berre «Raahed» og uvitug sjølvbyrgskap i alt braake med den gjæve norskdomen, og dei vende seg burt ifraa alt som heitte nasjonalt. Dei rekna seg sjølve for «intelligensen» i lande, og det er sant, dei hadde fin utdaning, og dei hadde mange framifraa gaaverike menner millom seg, — eg tarv berre nemna slike namn som A. M. Schweigaard,

P. A. Munch, Welhaven, Frederik Stang, Bernhard Dunker, Birch-Reichenwald, U. A. Motzfeldt, o. s. fr., — fine, tysk-danske embætsnamn mest alle ihop. Dei gjorde i sanning mykje for eit sømelegare liv millom ungdomen; det er mykje desse mennerne aa takka, at studentane fekk høgare ideal for sedugskapen, og dei var med dei fyrste til aa taka upp avhaldstanken, striden imot brennevine. Det kann daa synast løgje nok, at ein mann som Welhaven, som her heime galdt for ein veldig stridsmann imot «Raaheden», han gjekk i Kjøpenhamn for rett ein norsk bjørn, og han kunde i sellskapslive i Kristiania saara og støyta mange med vyrdlaus framferd; daa Schweigaard kom paa stortinge, tyktest han ha rett til aa gjera seg til skulemeister for alle dei andre tingmennerne. Det var det at dei var so sjølvgode, desse intelligensmennerne; dei var so hjarteleg visse paa at dei aatte den einaste sanne daninga, so dei nett difor kunde bera seg hjarteraatt og udana. Dei tokka seg ihop i ein klikk, eller ein «tropp», som dei sa den gongen; difor vart dei heitande troppistane. I slik ein klikk tykkjer dei jamt so gjævt, kvar mann i det som dei andre segjer, og so vanvyrder dei alle dei som stend utanfor. I «troppen» snobba dei seg med allslags framandord, og dei trudde, at sidan dei ikkje var nasjonale, so var dei reint utifraa europæiske. Men sanninga var at det var berre eit trongt og lite «Europa» dei sokna til, og dei nasjonale kunde med større rett segja at troppen «under en unyttig Grublen paa unyttige Petitesser glemmer de store Ideer som besjele Europa». Naar troppistane sa Europa, meinte dei i grunnen ikkje stort meir enn Danmark.

Me maa hugsa paa at dei som endaa kringum 1830 var den store mengda i embætsstande, det var folk som hadde faatt upplæringa si i Kjøpenhamn og hadde fotfeste sitt i danskt aandsliv. Kjøpenhamn var endaa hovudstaden for det meste av den norske yverklassa. Heilt ut i 60-aara var det danske maallærer dei brukte for «morsmaale» i dei høgare skulane, og dansk uttale var mynstre for den som vilde tala

fint. «Man har endnu,» fortel Henrik Ibsen i 1861, «i pent Selskab fra og til den Fornøielse at høre ældre Kavallerer parlere ret artigt Kjøbenhavnsk, skjønt Døbeseddelen, som desværre ikke kan fragaaes, opgiver en eller anden ærlig Tømmerhandlertrakt som Vedkommendes virkelige Hjemstavn.» Det var visst «norsk»-læraren Lyder Sagen i Bergen som ein gong takka ei dansk dame for ho var so snild aa vitja Noreg: «Gudskelov, nu kan man dog engang igjen faa høre hvorledes dannet Sprog lyder!» Baade i Bergen og i Kristiania hadde dei i 20-aara private spel-lag, der dei fine norske damene og herrane spela paa kjøpenhamnsk so godt dei kunde, og bergensfolka hadde stort ord paa seg, kor gode dei var til aa herma. I 1843 skreiv troppist-blade «Den Constitutionelle»: «vi have jo ogsaa engang været saagodtsom danske; vi hænge ved Sprogets og Hjertets Fibrer endnu sammen med dansk Poesi og Aand, skjønt ikke mere med den danske Politik.» P. A. Munch kalla det i 1832 ei lukke for oss, at me hadde danskt bokmaal og soleis gjenom Danmark kom i samkvæme med Europa; han merka ikkje sjølv kor aandeleg umyndig han dermed gjorde oss. Munch sjølv vart ikkje hangande fast i Danmark, og ikkje ein mann som Schweigaard heller. Men elles vart det altfor mykje berre danskane «troppen» fylgde, og i-ser i ein ting var det berre dansk lov som skulde faa gjelda, — det var i diktekunsta. Danmark hadde paa den tida ein einveldig kunstdomar i *Johan Ludvig Heiberg*, og det var strenge band han vilde leggja paa diktaren. Emne, tanken var ikkje det vigtigaste for han, men kunstforma, og her vilde han ikkje vita av noko slag «subjectiv Vilkaarlighed»; diktaren skulde pent halda seg til «de engang bestaaende Digtarter», og Heiberg kom gjenom fine utgreidingar til den endskapen, at den høgaste diktforma, det var — «vaudevillen», songspele. Denne danske kunstlæra var det Welhaven og troppen tok upp, og etter den vilde dei døma den villstyringen som heitte Henrik Wergeland.

Um Wergeland aldri hadde tenkt paa aa vera nasjonal,

so maatte han ha kome i strid med desse fine danskdyrkarane. Han stræva korkje i liv eller i kunst etter aa vera fin. Eit svenskt høgreblad tala i 1837 med vanvyrnad um «hans demokratiske Lighedsfanatisme, hans Duusdrikken og hans Krofamiliaritet med Kreti og Pleti, ja endog med Personer av den allerlaveste Klasse, hvilket alt nødvendigen maa forskaffe ham en stor Popularitet hos Massen og i Ordets egentlige Bemærkelse gjøre ham til Pøbelhøvding». Han kjende seg ikkje heime i yverklassa, han vilde vera folkeskald, og han vilde ikkje snøra diktsynene sine inn med dei tronge kunst-reglane Heiberg hadde sett upp. Han kunde aldri ausa seg ut nok paa «vaudeville»-diktarane og paa «Sofaliteratur», som berre hadde «Underholdning til Med». Han fann ikkje egte livskraft hjaa Oehlenschlæger dessmeir, ikkje den sterke sansen for levande liv og framgangskrav. Nei, dei sanne diktarane, dei «indelukkede ikke sine Sjæle i Gemakkerne. Verdensmoralen var dem anviist, og de søgte sin Plads i Verden, forhen som Hærbevægere og Kongernes Lærere, nu som Ideeanførere og Folkenes Lærere. De stode i Spidsen for sin Tid. De levede i Sphærer, deres Tid endnu ikke igjennemskar; og deres Kvad vare Forjettelser. Som fagre Luftsyn foran den susende Snekke glimrede deres Højbilleder foran deres Tid». Det Wergeland vilde ha, det var «Digtere, som ikke boe i Himlen for at spytte paa Jorden; som ikke beruses af en barbarisk Fortids Mulm, eller baske om med Fantaseringerne i dens Støv for at gjøre Nutiden ærværdig ved at tilpudre den dermed, men som forstaae sin Tid, deeltage i dens Krav, oplyse den derom og paaskynde dens Idrætter og Flugt; og endelig som idealisere ikke derfor, men for at realisere eller see eller haabe realiseret». Den sanne diktaren var ei framgangskjempe, ein revolusjonshovding, og daa skilde det eitt, um han ikkje gjorde regelrette kunststykke.

Det var eit heilt anna livssyn i denne wergelandske kunsttanken, enn i den heibergske. Det var paa botnen tvo motsette samfundsmagter som stod imot kvarandre. Spursmaale

var um kunsta skulde vera berre til njoting for eit lite faatal, eller ei magt i folkelive. Det var striden um demokratie, førd inn i diktekunsta. Og det var ei motsetning i sjølve diktinga: det var spursmaale um hugdraum eller livssanning skulde raada i diktheimen. So djupt og so vidt greip denne striden.

Wergeland var sjølvskriven til aa vera største stridsvekkjaren. Han var den djerve realisten som ikkje saag paa live gjenom framande briller, men lét det festa seg friskt og fritt i hugen hans. Og han vyrde ikkje gamle forskrifter og former, berre dikta i veg, ofte villt og urydigt, soleis som det høvde best for huglynde hans. Dei maatte ræddast, alle dei fine formdyrkarane, naar han slengde i syne paa dei sine stormvers og sine saftige bilæte.

Striden vart reist i 1830, — det store gjenombrots-aare i alt aandslive vaart. Wergeland eggja sjølv motmennerne paa seg. Straks i fyrstninga paa 1830 bar han vaapen paa ein av dei som fyrst hadde freista taka etter den danske mynsterkritikken, — teatersnobben student Christian Rasmus Hansson. Og daa han gav ut «Skabelsen, Mennesket og Messias», sende han samstundes ut narrespele «Harlequin Virtuos» med kaat spott yver alle som laag paa magen for alt framandt, serskilt danskt jugl. Svare kom i et dundrande dikt i «Morgenbladet» til han som hadde brote alle formregler i det fyrste storverke sitt:

Hvor længe vil Du rase mod Fornuften,
hvor længe svinge Don-Quixotisk Spær?
— — — —

Og tænker Du, at mørke Feberdrømme
er Himmelsyner fra Begeistrings Flugt?
Tror Du, et Kaos, hvori Drager svømme,
er noget Kraftigt, eller noget Smukt?
— — — —

Din Rang Du sikred Dig med tusind Stemmer:
«Rang blandt Parnassets Daarekiste-Lemmer.»

Det var *Welhaven* som her for fyrste gong lyfte si røyst i den norske bokheimen, og dermed fekk det strenge kunstkrave ein vaapenfør stridsmann. Han var mykje meir enn berre ein tom formdyrkar, han saag fraa fyrsten kva for megtige diktar-evner det budde i Wergeland; men den harde striden gjorde han etter kvart blind for dette, so han snart ikkje øygna meir enn den ville styrken hjaa motstandaren. For Wergeland var ikkje den som vart svare skuldig, og det varde ikkje lenge fyrr alle som fylgde med i bok- og bladliv i lande hadde skilt seg i tvo fiendsflokkar. Wergeland fekk med seg baade gamle og unge sjølvstende-vener; det er eit tydelegt merke paa sambande hans med det eldre sjølvstende-arbeide, at professor Georg Sverdrup, ein av førarane fraa 1814, skreiv eit varmt forsvar for «Skabelsen, Mennesket og Messias», og studentane stod for det meste paa same sida. Det var i studentsamfunde Wergeland la ut paa den hærferda som vart heitande «stumpe-rida». Daa han um hausten 1831 hadde kome heim att fraa Paris, frisk og stridsglad, var det noko av det fyrste han gjorde, at han sende inn til studentsamfunde ein haug med skjemte- og spottevers til moro i ledige timar, og der var eit par stubbar til Welhaven òg. Welhaven svara med ei heil tylvt versestubbar, og so heldt dei paa nokre maanader og godgjorde kvarandre med hædande slengjestev. Det meste var reint personlege haadingsord, og dei var grove nok, baae partane. Welhaven skreiv slike vers som desse:

Du drømte tidt om Lyrens Klang,
Om Drik af Hippokrenen;
Du vaagnede blandt Vægtersang,
Og laa i Rendestenen.

Herr Siful har en vinget Hest,
Saa ellevild og spinkel;
O ynker dog det arme Best,
Den faaer for meget Finkel.

*Hippokrene,* ei kjelde i Hellas, vigd til diktmøyane.

Wergeland tok fyre seg heile «den welhavenske Æsthetiklernes og Poetiklernes Klub», og skildra dei ein for ein, baade den tjukke, vigtige Rasmus Hansson og den vesle danske bokhandlaren Johan Dahl; Welhaven sjølv maala han av som eit narr utan «Sjel og Hjerte», og ropte til han:

Hvis engang Hver skal tage sit,
Dig Satanas annammer;
men Tysken hveren Splint og Smit
af dine Epigrammer.

Men det var dei tvo motsette dikt-tankane som laag under. Welhaven stygdest ved det formlause hjaa Wergeland, —

«dit oprørende,
Til dyrisk Søleri og Vildhed førende,
Dit ækle Surrogat for dannet Sprog.»

Og han saag Wergeland «i Spidsen for Byens Gadedrenge». Men Wergeland kjende naturstyrken i seg, og var viss paa sigeren:

Med usle Nidvers, Kallifan,
Du qvæle vil et Psalter?
Mod en Natur Du kjæmper, Jan:
Som Jacob og Du halter.

Rasmus Hansson spurde under stumpe-rida: «Skal Staten tilstaae Skudpenge for at skyde virkelige Ulve, men ved ingen Opmuntring fremskynde Jægere, der kunne gaae paa Jagt efter hylende Ulve i Poesie og Kunst og dæmpe deres disharmoniske Skrig?» Welhaven tok paa seg det yrke aa veida ulven Henrik Wergeland, og i 1832 gav han ut ei heil bok um diktinga hans, der han freista prova at Wergeland var «en Digter, der er mærket med alle Poesiens Dødssynder»: «Fuldkommen Mangel paa Klarhed i Opfatningen og Besindighed i Udførelsen, den meest forskruede Affekta-

*Kallifan* skal visst vera Kaliban, ei illgjernings-aand i eit av stykka til Shakespeare.

tion, og, som Følge af alt Dette, den ubændigste Lovløshed, udgjøre Grundtrækkene af denne Forfatters Billede.» Han fann at dei wergelandske dikta «alle ere mere eller mindre frygtelige Monstra. Fast overalt aabenbarer sig et af de vildeste Lidenskaber sønderrevet Indre, en lænkebunden Trods, der vrider sig i sin Afmagt». Og i dei større verka fann han berre «Jammerlighed». Han meinte at heile diktinga til Wergeland var «fordærvelig for Nationens sande Kultur»; «under Frihedens og Fædrelandskjærlighedens hellige Navne» var det ein «Raahedens Propaganda» som beint fram førde «til det vildeste Barbarie og derhos til en Kaadhed, der truer med at omstyrte al god Samfundsorden». Soleis var daa Wergeland paa ein gong gjord til kunstfiende, kulturfiende, og samfundsfiende. Klaarare kann det ikkje vera sagt, kor djupe motsetningar det var som her stod imot kvarandre.

Denne gongen svara ikkje Wergeland sjølv; han leit paa at diktinga hans skulde vinna seg fram med si eiga magt. Men far hans svara for han med ei bok «Retfærdig Bedømmelse af Henrik Wergelands Poesie og Karakteer». Det var eit klokt innlegg for fridom og imot stiv regeltvang i diktinga; «Æsthetikens Politiecorps» maatte ikkje faa lov til aa brjota seg inn i sjølve tankeheimen til diktaren og leggja «Samvittighedstvang» paa han; kvar diktar maatte faa kveda etter si natur. All diktinga, heile livsførsla til Wergeland vitna um at, var han ikkje nett so pen og pynteleg som folk vilde ha han, so var han likevel det som større og gjævare var, — ein brennhuga bygningsmann for folke og framtida.

Den motsetninga som kom fram i striden um Wergeland, hadde sumaren 1832 sprengt studentsamfunde. «Intelligensen» skilde seg ut og samla seg i «Studenterforbundet», og førarane for denne flokken gjekk i august maanad i gang med eit vekublad «Vidar» som skulde taka upp striden imot «raaskapen» i heile si vidd. Der skreiv Schweigaard imot den «litteraire Antidanskhed», P. A Munch gjekk i leidang imot det «pøbelagtige» norskdomsstræve i maale til Wergeland,

og Welhaven mælte dei nye diktarane med si heibergske aln. Mykje god og sann kritikk kom fram her, og serskilt Munch peikte paa nye vegar i maalgransking og sogugransking; men i det store og heile var det ein strid imot dei levande framgangsmagtene i samtida. Wergeland tænkte soleis um «Vidar»-mennerne:

«Den schweigaardske Dunkelhed tilhyller ham ikke Glimtet af denne skarpsindige Sjel. Talentet og Lærdommen fryder ham, men at see dem samtrælle under Tydskeriet vækker Vee og Smerte. Den velhavenske Herostratismes Ordvid er ham behageligt, medens han maa korse sig for de lave og magtesløse Dæmoner, der kogle derunder. Og han glæder sig paa samme Tid paa Fædrelandets og dets Videnskabeligheds Vegne over den flittige Munchs Virken for Nationalhistorien, og lykønsker ham dertil, som han ønsker ham bedre Held i dennes poetiske Dele og mindre Snæv af Danomanisme, men mere Retfærd og Beskedenhed og Kundskab, naar han dømmer Andre.»

Det var «danomanien», danskdyrkinga, som norskdomsmennerne no med rædsle saag stiga fram att i Noreg. Og no var det (i september 1832) at diktaren Bjerregaard vende seg til Wergeland og spurde um dei ikkje skulde skipa eit motlag imot danskdomen i bokheimen; han meinte at no laut dei samla seg, alle som vilde ein sjølvstendig norsk framvokster, og «Alt for Norge!» skulde vera hærrope. Wergeland var straks med, og han sette upp ein heil plan til «Eenhed i Modkampen»; han nemnde ei rad med folk som kunde vera, — dei gamle danskhatarane Nikolai Wergeland og sogugranskaren J. Chr. Berg, Jonas Anton Hielm, den nye styraren for «Morgenbladet» A. B. Stabell, diktaren S. O. Wolff, rektor Holmboe og presten Nils Dahl i Bergen, student L. K. Daa, og mange fleire. Han meinte dei skulde slaa seg ihop um aa skriva jamt og støtt i alle blad utyver lande og soleis arbeide upp ei folkemeining imot danomanien; «til grovt Skyds kunde Statsborgeren og nordenfieldske Journal tjene». Noka samskiping vart det ikkje av; men Wergeland aaleine var so god som eit heilt samlag. «Fortræffeligt at leve i Kamp, naar man har Neb,» ropte han.

*Herostratisme*, øydeleggjingshug.

Me kann kjenna «nebben» hans att mest i alle blad som kom ut; alltid og allstad var han paa ferde, og det er mest utrulegt alt det han rakk aa skriva. Han var ute med motstykke imot «Vidar» i «Morgenbladet», han sette spottevers og skalkehermingar etter Welhaven inn i «Statsborgeren»; han skildra live til dei fine kavalerane som kvart aar maatte fara til Kjøpenhamn og læra seg daning av heibergske vaudeviller; han vaaga seg fram med kritikk imot sjølve diktarkongen Oehlenschlæger; han skreiv «Historiske Supplementer til «Danmarks politiske Forbrydelser imot Norge»». Han var so idig, so det vart mest ikkje rom for andre; det syner seg i alle skildringar ifraa norskdomstida, at mest alt som vert hermt er det han som hev skrive, — han samlar i seg heile norskdomsrørsla i desse aara. Og norskdomstanken var for han einstydig med fridom og framgang:

Norges unge Frihed slider
End paa gamle danske Tider.
Ret har du, om du dømmer strax:
Den Dragt er fæl og gammeldags.

Men dei som fyrst og fremst vilde byggja vidare paa den danske yverklasse-kulturen, dei gjekk paa si side djervare og djervare fram. «Vidar» hadde døydd, daa han var tvo aar gamall; men eit par maanader etterpaa, den 14de november 1834, paa fødedagen til Oehlenschlæger, sende Welhaven ut det namngjetne diktverke sitt «Norges Dæmring», og det vart ei stridsfane som hærane styrmde um i hard òte i halvtanna aar. «Norges Dæmring» var ei heit og kvass klage imot all halvkulturen, imot alt det skraale og skrøyte som vilde gjelda for sjølvstendigt liv, men berre dulde for aandstome sjæler. Inga bok hev nokosinne vekkt slik harm i Noreg, som denne. Dei paa den norske sida kjende nok med seg sjølve, at dei var uferdige; men dei visste at dei hadde ein ærleg vilje, og no var det som um Welhaven hadde lurt seg bakpaa landsmennerne sine med dette yverfalle. Wergeland var fyrstemann paa flekken til aa

møta det nye aalaupe; det var det «grove skytse» han brukte, med stev og spotteviser i «Statsborgeren», og det han heldt fram, det var det same som han hadde sagt i stumpe-rida, at Welhaven maatte vera eit hjartelaust menneskje som kunde setja ihop slikt eit niddikt:

Du irrer Dig: den Dæmring som
skal øines i din Vise
er ikkun Morild kold og tom,
og Maaneskin paa Ise.

Han egla seg personleg inn paa Welhaven òg. Ein morgon han kom heim ifraa ein natterangel i lag med nokre vener, trengde han seg inn paa hybele til Welhaven og brukte seg paa han. Og ein middag han sat og aat paa eit vertshus og fekk sjaa Welhaven var der, drakk han ei skaal med det ynskje at det snart maatte «dæmre i Dæmrings-Skaldens Forstand», og han la til nokre ord um kald vin og kalde vers. Han slo jamvel i «Statsborgeren» paa at baade Welhaven og bokreidaren Johan Dahl, det heile «jydske Compagni», kunde turva refsing paa kroppen:

Det lyster norske Hænder nok
paa sligen Tromme spille.
Ei heller skulde med en Stok
Reveljen lyde ilde.

Ein serskild uppvask med bokhandlar Dahl heldt han i det morosame skjemtestykke «Papegøien»; for det var i bokbuda til Dahl, at dei hadde samlingsplassen sin, alle dei fine «skjønaanderne», og det var vel òg eit slag innlegg i «Dæmrings»-striden, at ymse studentar nett i dei dagane gjorde leven i gata utanfor huse til Dahl.

Det var i det heile ikkje so greitt aa vera «Dæmrings»-mann, og i-ser gjekk det sjølvsagt ut yver Welhaven. Det hagla med bladstykke og skrifter fraa alle kantar, og dei tok hardt i paa baae sidene. Det var ein son til J. Chr. Berg som skreiv i «Morgenbladet»: «Den, der paa saadan

Maade som Welhaven kan haane og spotte sit Fædreland, er ikke bedre end en Modermorder, der fortjener den haardeste Straf; den anseer jeg visselig for en «Forbryder mod Stat og Menneskehed» [det var det same som Wergeland hadde kalla Praëm]. En Stat kan ikke være tjent med en saadan «Æretyv» blandt sine Borgere.» Nikolai Wergeland gav ut heile tvo smaaskrifter imot «Dæmringen», og etter uppkaste hans vart boka høgtideleg brend paa eit par 17de-mai-festar. Daa Welhaven i 1836 kom heim fraa ei lita utanlandsferd, var det ein heil flokk studentar som tok imot han alt ute paa fjorden med huing og piping og fylgde etter han igjenom gatene, so han laut røma i hus.

Alt slikt tok Welhaven og venerne hans for prov paa at dei hadde havt rett i orda sine um den norske villskapen. Og det er sant, det var ikkje fin kultur, slikt; det var tydelegt, at norskdomen kjende seg ikkje trygg og stø, naar han treiv etter slike vaapen. Men dermed var det ikkje sagt at heile striden berre var ein strid imillom kultur og kulturløyse. Til røyndar var det ein samfundsstrid um kven som skulde raada i Noreg, yverklassa eller folke, og aandsstriden var berre den eine sida paa denne magtstriden. Det synte seg greitt i riksrettssaka imot Løvenskiold i 1836; forsvararen hans, advokat Petersen, som snart etter sjølv vart statsraad, gjorde i grunnen heile forsvarstala si til ein «Norges Dæmring» i prosa, — det var ei klage imot den nye sjølvstendeaanda, den som korkje vilde tola framandt eller heimlegt band, — denne «hvidslende, edderspyende Drage», «dette Uvæsen, der altfor længe har berøvet os den indre Fred, paa samme Tid som det i mere end een Henseende skader vort udvortes Forhold til Andre». Det var bondepolitikken og norskdoms-arbeide som her vart sett ihop, og det med full sanning.

## XI.

### «Campbeller»-slage.

Det var rimelegt nok, at villskapen var verst paa den sida som det nye samfundslage, underklassa, stod. Men det var ofte fælt, det som dei skreiv paa den andre sida òg; slike folk som Peder Soelvold og John Neergaard leivde dei ikkje ære for tvo skilling, Jonas Anton Hielm laut taka mykje styggedom yver seg, og Henrik Wergeland freista dei halda heilt utanfor det som skulde gjelda noko i Noreg. Ei dansk dame som var i Kristiania vinteren 1831—32 og hadde umgjenge sitt i dei beste embætsmanns-husa, vilde gjerne lesa noko av Wergeland; men ho kunde slett ikkje faa tak i skriftene hans. Det var ingen som vilde hjelpa ho med det; ho fekk berre det svare, at «Forfatteren til disse Skrifter umulig kunde være vel forvaret, og at der selv i hans egen Familie var Frygt for, at han kunde komme til at ende paa Daarehuset». Ein norsk embætsmann skreiv i 1834 til Oehlenschlæger: «Intet forstandigt Menneske kan betragte Henrik Wergeland uden som en drukken litterair Soldat, hvis Digterskrig tydeligen bærer Forvildelsens Skrig.» Verst var det, daa han hadde teke yver «Statsborgeren»; daa hadde han gjort seg sjølv til «den raaeste Pøbel».

No skal det straks vera sagt, at det var so visst ikkje noko mynsterliv han førde i desse aara. Etter politibøkerne er det likt til at der var framgang i studentlive fraa 1830 og utetter, og ein kann vel tru at fyredøme fraa den Schweigaard-Welhaven'ske veneflokken hadde hjelpt med til dette. Svært høgt stod det vel ikkje med den aalmenne moralen endaa, naar ein full student, som i 1836 gjorde valdtektfreistnad imot ei tenestgjente paa gata, ikkje fekk større straff enn ei bot paa 30 dalar. Men strengare krav heldt paa aa vinna fram, og difor fall domen no hardare enn fyrr yver Wergeland. For daa han flutte inn att til Kristiania i 1834, daa tok han nok upp att det gamle uvyrne live fraa

20-aara, med altfor mykje natterangling. Politikken førde han visst òg ut i krinsar, der akkevitdrikking og slikt var jamt i bruk. Difor kunde det henda no, det som aldri hadde hendt han i studentdagane, at politie maatte ha tak i han. Den 27de mai 1837 stend det i politiboka: «Cand: theol. Henrik Wergeland optaget i Nat af Vægterne No. 7, 11 og 17 for at have skreget udenfor Kjøbmand Kolstad, men strax igjen løsladt.» Den 18de mai 1838 kom han paa eit vertshus i trætte med bergkandidat Sinding, sjølv var han visst noko full, og det slutta med at han slo til Sinding midt i syne; um dette vart det ei sak som stod paa nær eit aar, fyrr ho vart forlikt. Slikt var gode vaapen for motmennerne hans, og me ser at dei brukte vaapna; dei gjorde han visst ofte mykje svartare, enn han i sanning var.

Likevel var det ikkje dette som fyrst og fremst gjorde han til «Raahedens Apostel» i augo deira. Det var politikken og samfundsstriden hans som eggja dei paa han. Det var «Statsborger»-mannen og farsediktaren («Siful Sifadda») dei vilde hemna seg paa, daa dei i 1838 samla seg um aa slaa eit slag og gjera ende paa han som diktar. Det var det som vart «Campbeller»-slage.

Kristiania fekk seg i 1837 nytt teaterhus med ny styring, og den vilde ha eit nasjonalt opningsstykke til aa vigsla den nye bolken i teatersoga med. Litegrand nasjonalt kunde i sanning væl turvast; for det var til røyndar berre dei gamle danske skodespelarane som hadde flutt inn i nytt hus, og det var det kongelege teatre i Kjøpenhamn som endaa i mange aar var mynstre baade i spelkunst og i stykkeval. Teaterstyringa lova no ut ei æreløn paa 100 dalar for det beste nye norske spelstykke, og endaa fresten berre var tri maanader, kom det inn 11 stykke, deribland 3 med emne fraa den gamle norske soga, — «Hakon Athalstan» av Maurits Hansen, «Olaf den Hellige» av sjølvaste Oehlenschlæger, og «Kong Sverres Ungdom» av den unge troppistdiktaren Andreas Munch. Wergeland melde seg òg, med songspele «Campbellerne eller Den hjemkomne Søn».

Han hadde alt ein heil dramatisk bok-avl bak seg, Wergeland. Han hadde skrive ei rekkje med skjemtestykke, paa jamnen eitt um aare i dei siste ti aara, heilt ifraa «Ah!» til «Stockholmsfareren», og eit par av dei hadde han faatt fram paa tile i studentsamfunde. Han hadde dikta tri syrgjespel, — «Sinclars Død» i 1828, «Den indiske Cholera» og «Barnemordersken» i 1835, — dessutan eit lystspel «Opium» i 1828. Dei tvo stykka fraa 1828 hadde han den gongen sendt inn til Kristiania teater; men dei vart heimatt-rekne, for di dei ikkje høvde til aa spela. Det var det med alle desse stykka hans, at det kunde vera mykje fager dikting i dei; men det var beint fram for mykje til at dei kunde staa seg paa spel-tile, og so hadde han so mange «ærend» med diktinga si. Wergeland var slett ikkje evnelaus til aa slyngja ein dramatisk knute eller teikna sermerkte huglynde med livsens rike drag; men forkynnaren og den lyriske diktaren i han vann alltid paa teatermannen, bilæt-rik tale trengde handlinga undan, og nokon sjælevokster fekk han mest ikkje rom til aa skildra.

Han vann ikkje prisen med «Campbellerne». Med 2 røyster imot 1 sette doms-nemda det etter «Kong Sverres Ungdom», og med dette stykke til A. Munch vart daa teatre opna den 4de oktober 1837. Men «Campbellerne» vart verdsett sopass, at det skulde faa koma fram, det òg. Sant aa segja, var dei slett ikkje gode, noko av desse tvo stykka. «Kong Sverres Ungdom» var ein veik etterklang etter den oehlenschlægerske speldiktinga; «Campbellerne» var eit dikt um den udramatiske kjensla som heiter heimlengt. Baae stykka hadde for mykje røde, og for liten framgang i handlinga.

«Campbellerne» vart framført fyrste gong den 24de januar 1838, og folk tok rett godt imot det. Wergeland sjølv tykte det var eit langt steg fram, at han fekk eit stykke spela paa teatre, og han skreiv eit fint fyredikt um «Den første Gang», um den herlege gleda i det fyrste frambrote:

Hvor ligger Marken graa og ry:
af Muld et Mulm, af Leer en Sky!
Medeet af Løvetand den spredes,
den Urt, der groer, jo meer den trædes.
Da hvidligt Skud af Mulden sprang,
var kjække Plantes «første Gang».
Deri var Sejer, deri Vaaren.
I Skuddet er dens Krone baaren.
Mej den! Ærværdig Fnok blæs fra!
*(Sic transit mundi gloria)*
Dens bedste Liv var i Sekunden,
da første Gang den brød fra Grunden.

Wergeland vona at han med dette fyrste stykke sitt skulde vinna rom «imellem Landsmænds Kjærlighed»:

Den er for mild til Knop at bryde,
som skulde «første Gangen» skyde.

Men denne vona hans um mildskap slo ikkje til. Og kor kunde han venta det? Det var daa snautt ein maanad sidan han hadde slutta med «Statsborgeren», og i sjølve det siste hefte hadde han eggja heile yverklassa paa seg so godt han kunde; det var der han hadde teikna sine «Figurer» ifraa prokuratoren (Praëm) og til hovudstadspresten (med stiftsprost Edvard Munch, far til P. A. Munch, til mynster). I november 1837 hadde han vore hovudmannen i ei utpiping for eit egte danskt lystspel paa teatre, og i desember hadde han gjort seg til talsmann for folkeharmen imot ein sirkusmann som hadde pint ein liten gjentunge til aa gjera kunster for folk. Baade det eine og det andre var inngrep i det som «fine» folk hadde til moro, og det var ikkje undrande dei var arge.

Alt fyrste kvelden «Campbellerne» vart spela, gjekk det ein setel rundt i teatre med uppmoding til aa pipa; men det vart ikkje noko større utav. Daa so andre spelkvelden kom, sundag den 28de januar, tok Schweigaard um morgonen til ords i «Den Constitutionelle» og gjorde kaal paa heile stykke:

*Sic transit mundi gloria*, soleis kverv verdsens ære.

«En saadan Vasvællingsmag, et saadant Pjaltesyn, et saadant Tohuvabohu har endnu aldrig indsneget sig paa et Theater før.» Og endaa var ikkje det det verste, at stykke var so ovlag vesalt. Det verste, forkynte «Den Constitutionelle», var at teaterstyringa nok hadde teke stykke for di ho vilde tekkjast Wergeland og skaffa han «et Slags dramatisk Betydning», — at ho «manglede det borgerlige Mod til at trodse en tøilesløs Skriblers hadske Angreb og ikke agtede det dybt under sin Værdighed at bygge eller vedligeholde en forfængelig Popularitet ved Concessioner for eller Alliance med Raahedens Coryphæer».

Daa dette stykke kom, var det alt avtala aa halda utpiping i teatre. Alt som fanst av piper i byen var kjøpt upp, og dei vart skift ut ved inngangen til alle som vilde ha. Wergeland fann um fyremiddagen paa borde sitt ein namnlaus setel um at motmennerne vilde «levere et formeligt Slag».

Piparane samla seg i parkett og i fyrste rad. Dei kunde vel vera ei 40 mann i alt. Det var mest alle hovudmennerne i «troppen». Berre Welhaven og P. A. Munch var ikkje med. Førarane var professorane Schweigaard og Motzfeldt, advokatane Fr. Stang, Skjelderup og Dunker. I hæren sin hadde dei eit par Munch'ar, ei tvo-tri Collett'ar, Wollert Konow og mest alle dei andre medarbeidarane i «Den Constitutionelle», tonediktaren Halfdan Kjerulf, o. m. fl.

Det var tydelegt, at det var ikkje spelstykke dei fyrst og fremst vilde pipa til. Det var til Wergeland. Ein av førarane, advokat Skjelderup, gjekk sjølv ved at han slett ikkje hadde lese stykke. Og dei tok til med pipinga straks etter fyredikte «Den første Gang» var framsagt. Diktaren var sjølv til stades og fekk spelemennerne til aa setja i med fedrelandssongen; daa skjemdest dei fleste for aa halda paa med pipinga, so skodespelarane kunde koma i gang med stykke. Men etter fyrste akten tok piparane i att med ny magt, og no gav dei seg ikkje so skjott. Korkje Wergeland

*Tohuvabohu,* tom-rom.

eller politimeisteren kunde faa ljod. Andre gav seg til aa klappa og trampa, folk i parterr tok til aa trengja seg fram og ropte: «Ut med troppen; ut med piparane!» Endeleg kom ein skodespelar fram paa tile og bad folk fyrst høyra stykke tilendes, og so stilna levene.

Men daa stykke var ute, bar det laust paa nytt. Frederik Stang sat med ein lang barnetrompet og bles beint upp i syne paa Nikolai Wergeland. Og dei andre piparane dreiv paa med brennheit ihuge. Men klapparane var i yvertal og freista døyva ned pipinga. Ein ung juridisk student, Richard Krogness — han som sidan kom paa stortinge og vart kalla «Rikard løvehjarta» — vaaga seg til aa tala professor Schweigaard til rettes. Og daa piparane slett ikkje vilde halda upp, daa var det striden vart til eit slag. Ovanfraa radene tok folk til aa kasta ned paa parkettpiparane med steikte og usteikte eple, papirkuler, skraatobakk og koparskillingar. Og fraa parterr styrmde folk fram og gav seg til aa bruka nevemagta. Ein liten krambudgut hadde klive upp paa bolken millom parterr og parkett. «Fær eg lov aa kasta deg ned i hovude paa ein av dei?» spurde ein student. «Lat gaa!» svara guten, og dermed bar det ned paa ein av piparane med han. Ein liten student hadde sett seg til aa pipa uppi fyrste rad tett attmed Wergeland; men Wergeland tok han i kragen og heldt han paa armen ut for rekkja, og lova aa senda han stuttaste vegen ned i parkett, um han ikkje slutta aa pipa. Førarane for pipinga hadde kome seg undan i god tid; men dei andre fekk svida hardt for moroa. Det var ikkje blide hogg som vanka, daa yvermagta fraa dei billege plassane braut fram, og mang ein fin mann maatte i mange dagar etterpaa gaa baade lemster og blaa. Heilt uppi gatene vart dei ettersette og maatte taka imot juling, — so sint hadde dei gjort folk.

«Troppen» hadde tapt slage, det var berrsynt. Og det tyngste nederlage var ikkje all julinga i teatre. Det som sette djupaste merke, det var det at folk hadde faatt prov for at dei fine troppistane kunde fara «raatt» fram, dei òg,

naar det berre galdt aa kverka ein motstandar. Dei maatte tòla at ein velvyrd og visleg mann som Herman Foss òpe fellte denne domen, og aalmenta gav han rett. Det snudde seg so underleg, at noko av det ringaste Wergeland hadde skrive, spelstykke «Campbellerne», kom til aa vinna den fyrste store diktarsigeren for han. Jamvel folk som fyrr ikkje hadde vyrdt stort paa han, skyna no at han hadde vore ute for hat og urett, og det var berre dei argaste troppistane som endaa ikkje vilde vera ved at han var, som Herman Foss skreiv, «en rigtbegavet Digteraand», ja den fremste av alle norske diktarar.

Det vart ein kvass bladstrid etter «Campbeller»-slage. I mest eit halvt aar heldt innsendarar paa aa fikta i «Morgenbladet» og «Den Constitutionelle» og andre blad; det kunde staa upp-til fire og fem innsende stridsstykke i same bladnumere, so heite var folk. Wergeland sjølv var fraa fyrsten rett i godluna, og til bruk for troppistane laga han ein «Tropmarsch» med tone etter Malebrokvisa:

Au! au! au! skjøndt Ryggene svide,
fremad, Trop, dog! frem til at stride!
Lad mod nye mandige Værker
dæmre freidigt frem vort Mod!
Lyn, Øje, stolt og skjønt
i Blaat og Sejersgrønt!
Vi os Navn af Smagens Bersærker
har erhvervet i vort Blod.

I «Den Constitutionelle» var dei ute, alle dei beste intelligensmennerne, og skulde prova at dei hadde stridd for fin smak og kultur. Frederik Stang gjorde seg den umaken og saumfor «Campbellerne», og synte for noko skrot det var. Welhaven skildra Wergeland som risen Goliat, som vilde røva tabernakle, men som datt daa han fekk «et Ram, hvor Panden var bar». Og til mynster for flokken sin sette han upp Nehemias, han som valde «at mure med Sværd ved Lænd». Til slutt kom den unge juristen P. J. Collett med

ei rekkje paa fem lange bladstykke «Om Henrik Wergeland og Campbellerne» og gjorde det av med all diktinga til Wergeland. Han gjekk nok ved at Wergeland hadde store diktar-evner; men diktaren hadde aldri tøymt desse evnene til aa tena den sanne kunsta, og difor hadde han aldri kunna skapa noko heilt kunstverk. «En vild raa Lidenskabelighed» var det som meir og meir hadde teke magta i diktinga hans, og den hadde etter kvart øydelagt evnene hans. Endskapen vart daa:

«Det er utænkeligt, at Wergeland efter denne Tid skulde kunne tilegne sig, hvad han mangler; det er ikke let at blive født paany; og her gjaldt det ikke mindre end at vække alle de Spirer tillive igjen, som han selv har myrdet, og ganske at glemme sin foregaaende digteriske Tilværelse. Det er en Paastand, som man seer udgaaer af Ubekjendtskab med hans Skrifter og hele Udvikling, at han nu giver Forhaabninger om sig. Der er intet Haab længer, vi have intet Mere at vente; hans Genius ligger dræbt i hans egen Barm. Hans Digterperiode er sluttet, ikke i den Forstand, at han skulde ophøre at forfatte; dette bliver ham naturligvis stedse lettere, men fra hans Udviklings Side er den uden Tvivl sluttet. Det er noget høist smertefuldt at see, at en saaledes udrustet Aand Intet er blevet af hvad den kunde, dette er at svigte sit Fædreland, og det fortjener en bitter Erkjendelse.»

Alt i 1832 hadde Welhaven dømt Wergeland uverdig til diktarnamne. Seks aar etter, fyrr han endaa hadde fyllt 30 aar, forkynte ein annan kunstdomar, at han aldri kunde verta diktar ein gong.

Og so hende det, at han nett no gjekk inn i den rikaste diktargjerninga si. «Campbeller»-slage vart ei vending i live hans baade i indre og ytre meining.

## XII.

### Ny-vokster.

Daa «Campbellerne» vart spela for tridje og siste gong den 12te februar 1838, gjekk heile inntekta til diktaren, og Wergeland ténte mest 400 dalar. Det fyrste han tenkte paa var aa faa seg eit hus og ein hageflekk for pengane. For han hadde aldri vorte bymann. Han kjende seg ikkje rett

heime utan i den frie natura. Inst inne hadde han alltid det same ynskje som han gav ord paa sottesenga:

O sad jeg fri paa ti Maal Jord
og hedte bare Peer!
O Jordens Paradiis: en Plet,
jeg havde dyrket Selv,
en Halmhat og en Kofte graa,
en Hytte ved en Elv!

Han fann seg eit lite hus uti Grønlia, eit stykke uppunder Eikeberg, og det fekk han kjøpt for 150 dalar i mai 1838. Det var berre ei stuge med uthus og hage. Men der var han reint paa lande, med fagert utsyn yver fjorden imot Akershus og Hovudøya, og uppetter Eikeberg grodde det fullt med ville blomar. Han gledde seg kvar dag, naar han var ferdig med arbeide sitt i biblioteke og reid dit ut den lange Oslo-vegen paa Veslebrunen eller rodde seg i baat tvert yver Bjørvika. — Og paa desse ro-ferdene fann han seg ei kone.

Naar han kom inn til byen med baaten, fekk han lov aa setja aarene inn hjaa ein smaakjøpmann og vertshushalder Peter Bekkevold nedi Skippargata, og der fall augo hans paa ei ung, frisk og fager gjente, den eldste i den store barneflokken til Bekkevold, — ho heitte *Amalie Sofie* og var daa snautt nittan aar gamall. Det var ikkje mange vekene lidne, so loga elsken heitt i hjarta hans; kvar dag mest nytta han paa og sat nokre timar hjaa Bekkevold, og juni maanad var ikkje ute fyrr han tydeleg la kjenslene sine i dagen. Amalie var slett ikkje kald for belinga hans; ho kom og vitja han i Grønlia, og i juli maanad var det visst imillom dei. Men det kom ein stein i vegen: far hennar sette seg imot. Det var det at Henrik Wergeland var ikkje nokon lovande forsyrgjar; i ni aar hadde han vore kandidat og hadde endaa ikkje faatt noko embætte, berre ei lita teneste paa 200 dalar aare, — det var ikkje stort aa gifta seg paa, det. Men so kom sjølve prosten Wergeland og lova aa

hjelpa kjærastefolke, og daa gav gamle Bekkevold seg. Den 12te august vart trulovinga godkjend.

Det var ei uppøst tid for Wergeland, desse tvo maanadene han gjekk paa friarfot. Mismod og von skiftest um aa raada i hugen hans, og kvar ein streng i sjæla hans var sett i sving. Me kann sjaa i diktinga hans, kor djupt denne elsken tok han. For i desse sumarmaanadene dikta han ei rekkje med kvæde so fulltonande og so inderlege, so me snautt hev fagrare kjærleiksdikt i bokheimen vaar enn dei til Amalie Bekkevold. Naar han ikkje kunde bjoda gjenta si blomar, so hadde han daa i hjarta ein uvisneleg blom, kjærleiken sin:

*Den* er udsprungen saa fuldt som en Sol. *Den* ømt har jeg plejet,
ledet mit varmeste Blod til Rødderne dybt i min Barm,
dugget den med min Graad.
*Den* Blomst jeg dig skjænker, min Elskte.

Forhen et Skud i min Sjel, kun en Drøm imellem dens Tanker,
Tanke og Sjel er nu den; liig Barnet i Vuggen, min Sjel
kun en Drøm i dens Dyb.
*Den* Blomst jeg dig skjænker, min Elskte.

Naar ho um kvelden kom roande yver til stuga hans, daa vart hjarteslage hans urolegt i den «glade Angst for hende», og naar ho var burte, tykte han friske roser spratt i fotefare hennar. Naar vonløysa seig paa han, so han ikkje tyktest øygna anna fyre seg enn «Vanvid eller Døden», daa saag han likevel glad fram til grava si:

Har *Hun* ei lovt, hver Pintsefest
mig at besøge der?
Skjærsommersøndagen dernæst
Hun atter være skal min Gjæst.
O Plet, hvor kjær du er!

Da Bogfink, syng i Pilens Top!
Spring ud, Jasmin! spring ud!
Har Gravens Rosentræ en Knop,
da lukke den sin Læbe op
til Ære for min Brud!

Der boer jeg da den Sommer kort.
Mit Lyststed, Plet, du er.
Med sidste Blad jeg flyver bort,
at vente tro i Himlens Port,
til Selv Hun kommer der.

Men daa han so fyrste gongen hadde teke ho i famn, daa kria han upp i endelaus sæle:

Kommer nu, Sorger! knuger mit Bryst,
at det ei sprænges af jublende Lyst!

Og ho gav fred til stormen hans:

Du har forsont, uskyldige Brud,
Sjelen med Verden, Blodet med Gud:
Dengang din hellige Pande du sænkte,
straalreen som Naadens skinnende Lin,
over mit Bryst,
borttog du Synden, den taarebestænkte.
Nu er mit Sind
reent som et Tempel og lyst.
— — — —

Hil mig, min Geist,
forhen dæmonisk, for Himmelen fremmed,
er nu ved Dig,
Elskede, hellig gjenreist!

Det var ein ny, grøderik vaar som vakna i han:

Dengang du laa ved mit Hjerte, min Brud,
var det som Blomster sprang derifra ud:
Blomster, som levte, drømte og tænkte.
Mandel og Abild ei vajer saa fuld.
Solen sit Blod
ikke saa rigt over Roserne sprængte.
Sjelen sit Muld,
drømmende saligt, forlod.

No visste han trygt, at songen hans aldri skulde tegja, um han so maatte slita hardt for den han elska, og um «blodig Graad end risler indenfor Øjet». For stræv og liding maatte han venta seg.

Fyrst og fremst maatte han no tenkja paa utkome til aa setja hus for, og straks i august 1838 tok han til aa fyrebu seg paa prestegjerninga att. Han preikte nokre sundagar i Oslo kyrkje, og fekk seg gode vitnemaal hjaa den frilynde Akers-presten Iver Hesselberg. So sende han i november søknad inn um det minste prestekalle i lande, kapellans-embætte i Nannestad paa Romerike, som var lyst ut med ei inntekt paa 200 dalar. Han klaga seg saart i denne søknaden for di han endaa ikkje hadde faatt koma i fast arbeid, og han skildra kor hjarteleg han no lengta etter «Rolighed». Han var lei politikken no, fortalde han; sjølv hadde han aldri tenkt paa anna enn aa gagna fedrelande, men parti-striden hjaa oss hadde no berre vorte til «Patriotismens egen Borgerkrig».

Og det var ikkje so rart um han var trøytt. Han hadde daa sjølv nyst vore strids-emne millom partia, og han hadde sétt altfor mykje av den tilrakkinga som ein politisk strids-mann maatte taka imot. Nett no um hausten 1838 var det Jonas Anton Hielm drog seg ut or politikken, for di han ikkje tolde meir av det slage, og Wergeland tykte det var som aa drøypa eiter i hjarta til fedrelande, aa fara soleis med den beste fridomskjempa. Han kunde koma til aa drøyma um undergang for gamle Noreg og ynskja seg burt ifraa heile live. Sjølv vart han i denne tida minst kvar fjortand-dag minnt um gamle synder, med di at saka hans med Sin-ding fraa 18de mai gjekk for retten; Bernhard Dunker førde saka for Sinding, og det var tydelegt, at motstandarane vilde bruka denne saka til aa faa sett ein flekk paa Wergeland. Det synte seg kor traatt dei var etter han, i slik ein ting som det at daa han i januar 1839 hadde skrive eit dikt til framsegjing paa ein spelkveld, fekk dei stengt det ute. Straks etter fekk han nei, daa han bad um aa faa laana hus hjaa det dramatiske sellskape til ein spelkveld til inntekt for naud-trengde bygdefolk. Og han fekk høyra, at endaa han var eldste søkjaren, var dei endaa lite huga i kyrkjestyre paa

aa gjera han til prest. Daa skreiv han sist i januar 1839 beint til kyrkjestatsraaden:

«Nannestad, med saa ringe Indtægter, at mine nærværende ere større, har ved sin Beliggenhed en Vigtighed for mig som for ingen Anden, idet denne nemlig tillader mig at udføre den for mig livsvigtige og for vor magre Literatur neppe ganske ligegyldige Plan, ved Bistand af anseede Literatorer i Hovedstaden og min Fader i Eidsvold at udgive hvad jeg hidtil har forfattet af saadan Art, at det kan fortjene at opbevares. At der er noget deraf i Massen, indrømme selv De, der have værst for at tilstaae mig noget. Saa gammel, jeg nu er, maa jeg udføre dette Forehavende, om jeg skal kunne raade dermed og ved Siden deraf eller efter kunne give de poetiske Stoffer Liv og Fuldendelse, der kun vente paa landlig Afsondrethed, Fjernelse fra al Kiv og en friere Afdeling af Tiden end jeg nu maa finde mig i. Jeg kan ikke beskrive med hvilke bittre Følelser jeg seer mig nødt til i min nærværende Stilling under nedslaaende Udsigter at sløife i mine bedste Aar dette mit naturlige Kald. Leve ved det gaaer ikke an hos Os; men at dyrke det i et lidet geistligt Embede, der ogsaa blidgjør sin Knaphed ved Muligheden af Adgang til Hovedstadens videnskabelige Kilder, gaaer an for En, hvem det, om ikke for andet, saa for de Forventningers Skyld, man nærer, vil være en paahvilende Æressag at stræbe endog at udmærke sig. — — Det maatte især være Almeenmand, som skulde finde min Ansættelse som Geistlig anstødelig; men i dette Sted er det saa, at Folket længe har undret sig over at jeg ingen saadan har erholdt. Det vil med Bebreidelse kræve mig tilbage af Regjeringen, om den Skjebne, mig fra dens Side times, driver mig fra Fædrelandet.»

Det var eit tungt andsvar han la paa regjeringa, — andsvare for aa spilla diktarlive hans, ja kann-henda jaga han fraa lande. Og no kjende han seg so trygg, so han laante pengar og gav seg til aa kjøpa innbu. Men regjeringa tok andsvare; ho meinte ikkje han endaa var mogen til prest: «Hvad enten det skriver sig fra en Higen efter at fremtræde som genial eller original, eller fra en Exaltation som altfor let fremkaldes under selskabelige Nydelser, saa er det vist, at han ofte har vist sig kun lidet at tage Hensyn til de Former og Regler, der maa betragtes som almeenerkjendte i den dannede Verden; og at han lettelig skrider over paa det Usømmeliges Gebet. Der mangler neppe heller Beviser paa, at hans Genialitet har været i hans Lidenskabeligheds Tjeneste og fjernet ham langt fra den Tolerants, den Sagtmodigheds og Kjærligheds Aand, der er den christelige Lærers Sær-

kjende.» Til vitnemaal um hans «Ubesindighed» peikte kyrkjestyre paa saka med Sinding, og det vilde difor ikkje no gjeva han embætte.

Han hadde visst ein lovnad fraa kongen paa Nannestad-kalle; men i ei kaat stund spillte han den vona òg. Det var ein kveld han var med i eit lystigt lag i vaktstuga i sjølve kongsgarden, og dei høge militære som slett ikkje var glade i han, skildra det so fælt, so kongen vart sint og ropte at Wergeland var umogeleg, — han kunde ikkje faa noko prestekall.

En sundagskveld dei gjekk og reikte paa isen paa Bjørvika, maatte Wergeland fortelja kjærasten sin, at han vart nok ikkje prest andre stader enn der ute i det draumlande «hvor Solen dalte blandt Skyer gyldne og purpurmalte!» Men daa dei kom upp i byen og gjekk framum kongsgarden, daa stod kongen uppi glase og helsa paa dei; han truga til dei med fingeren, men smilte samstundes, og fylgde etter dei fraa det eine glase til det andre heilt til næste hyrna. Nokre dagar etter sende han bod med Nikolai Wergeland, at han av si eiga kasse vilde betala Henrik 200 dalar um aare i tvo aar. Og Henrik Wergeland tok imot tilbode, paa det vilkaare at pengane skulde vera til vederlag for upp-lysningsskrifter for aalmugen.

Det høyrest rart for oss, at Henrik Wergeland, den gamle «Statsborger»-styraren, unionsfienden, republikanen, soleis tok imot løn hjaa kongen, og alt den gongen var det mange som dømde hardt um det, — som tykte han hadde selt seg og svike fyrrtida si. Skal ein skyna det rett, maa ein kjenna til det serskilde sambande millom den radikale diktaren og kong Carl Johan. Fyrst og fremst maa ein hugsa paa at Wergeland hadde vakse upp hjaa ein far som sjølv var «hofprædikant» og tok imot pengar av kongen, — som kalla upp yngste son sin etter kronprinsen og lærde barna sine til aa halda kongen for ein annan far.

Me ser daa òg, at Henrik Wergeland heilt ifraa ungdomen gjekk med ein reint barnsleg elsk til kongen. Fyrr

han var tjuge aar gamall, skreiv han æredikt baade til Carl Johan og prins Oscar, liksom dei skulde vera fyregangskjemper for fridomen. For det var det som alltid sat i han, at Carl Johan hadde daa vore med i den store franske revolusjonen, og han kunde aldri tenkja seg anna han maatte i hjarta elska fridomen. Difor priste han Carl Johan i dei fyrste dikta sine til fridomen og til 17de mai, i 1825 og 1826, og difor vigde han fridomsstykke «Sinclars Død» til kongen. I sjølve den store tala paa 17de mai 1833 lovpriste han «Carl Ædelhjerte, Carl Frihedsklinge», og samstundes sa han, han trudde ikkje Carl Johan hadde noko imot, um Noreg gjorde seg til republikk, — korleis han tenkte unionen daa skulde vera, sa han ikkje noko um. Naar Carl Johan likevel sette seg so hardt imot alt fridomsstræve, so trudde Wergeland berre det var for di embætsherrar og svenskar narra han. I Noregs-soga si fraa 1834 tala han ein stad um at ein hadde rett til aa elska mannen under purpure, og det var mykje ved Carl Johan som ein kunde elska. Han kunde vera baade lur og lygen, men han kunde attaat sjoda upp i ein heit hugbrune som maatte vera herleg for ein diktar, og so var han raust paa handa, naar det galdt um aa hjelpa; kann henda var der noko utrekning med, men det gode hjartelage kravde daa likevel sin rett. Soleis kunde Wergeland halda fast paa elsken sin til kongen, og han kom aldri paa at den skulde vera i vegen for fridomsarbeide hans. Daa han i 1830 var med far sin til Stockholm og for fyrste gong tala med Carl Johan, daa gjekk han samstundes og heldt seg med dei fremste svenske fridomshovdingane. Han skreiv paa ein gong «Kong Carl Johans Historie» og innlegg mot kongedøme i «Statsborgeren», ja lovprising yver kongemordarar. Samstundes med lovkvæda til kongen og kronprinsen skreiv han i eit anna dikt, at han vilde syrgja meir, um han miste kaninen sin, enn

om en Konge dat fra Thronen,
saa et splintret Hoved laae
midt imellem Krop og Kronen.

Daa Carl Johan ein myrk desemberkveld 1838 kom til Kristiania, daa visste Wergeland at han var i unaade, og han kvad til kongen:

Tør en banlyst Harpe lyde?
Hvo vil Flodens Flugt forbyde?

Paa dens Vover end ei flommed
troløs Priis for Kongedommet.

Frihed, Kjærlighed og Smerte
tonte fra dens Aandehjerte.

Republikens Kolonnader
skinne bag dens Strengerader.

I dens Dyb sig Idealer
som i Tryllespejlet maler.

Heller Syner mig forvirre,
end en Løgn dens Malm skal irre!

Før den fuld af Drømme hænge,
end af kjøbte Messingstrenge!

Serafimerkjeden vejer
op ei mindste Streng, den ejer!

Det var ord fraa ein mann til ein mann, og Carl Johan hev aldri synt seg større enn daa han gav handa til den som song soleis. Han kunde nok lika aa kjøpa seg vener, Carl Johan; men han maa ha skyna, at Henrik Wergeland var ikkje til fals. Og Wergeland tenkte aldri det kunde vera svik, naar han tok imot løn paa slike fyresetningar.

Domen stend paa, um kongsgaava likevel gjorde han til svikar i livsverke sitt. Han gjekk sjølv ved (i «Morgenbladet» 1841) at han i sume maatar hadde skift hug: «min Skrivemaade er mindre hæftig end fordum, ligesom jeg og i visse Henseender kan have antaget formildede Anskuelser». Men, meinte han, «det flyder af Alderen og det modnere Omdømme», og «i Realiteten kan vel Ingen siges at have været sig selv mere liig end jeg». No er det greitt, ein mann i

30-aars-alderen er ikkje so gamall, so han for den skuld vert bakstrævar, og med Wergeland ser me at han elles nett no var i sterk vokster og framgang. Men det kann vel vera at dei nye hugmaala han no fekk, tok han noko burt ifraa dei gamle stridsspursmaala. Og so hadde sjølve spursmaala kome i eit anna lag. Unionsstriden hadde vorte fredlegare etter flagg-resolusjonen i 1838, og aare etter vart det jamvel sett til ei nemd til aa greia upp i heile floken, — den vart ikkje ferdig so lenge Wergeland levde. Motsetninga millom storting og regjering var ikkje lenger so kvass etter den harde samanstøyten i 1836 og etter den sigeren stortinge daa vann. Bondepolitikken hadde faatt fram største saka si, formannskapslova fraa 1837, og han hadde no vorte liksom ein regelrett led i rikslive vaart; det galdt ikkje lenger um aa strida fram sjølve tanken um at bønderne hadde rett til aa vera med og arbeida for sine krav.

I det heile: det store gjenombrote var gjort. I det hadde Wergeland bore sin gode lott av stræve og møda, og ingen kunde skulda han for fraafall, um han no la arbeide sitt paa andre umkvervar. Han hadde daa heller aldri bunde seg til partimann. Han hadde baade sett inn og sett til meir enn dei fleste i striden for den nye politikken; men partie hadde tidt maatt avsegja seg andsvare for han, for di han var so mykje radikalare. Det var sin eigen politikk han dreiv, og det er noko av det største med han, at han i all si ferd alltid berre gjekk etter sitt eige hovud og ikkje træla under framande lover. Han kunde villa seg burt; men det var frigjering i dette personlege upprøre. Og eg trur ein skal sanna med han, at i alt som var vigtigt og grunnleggjande i tankane hans, der veik han aldri av. Han dreiv paa etter 1839, likso væl som fyrr, og stridde for aalmugesmann imot futar og inkassatorar, for folke-upplysning, for fridom, for norskt sjølvstende, og fall ikkje dette arbeide alltid innanfor partiraama, so var skulda likso mykje hjaa partie som hjaa Wergeland. Heile live hans provar, at han vart ingen svikar, um han tok løn hjaa kongen.

Det fyrste han no kunde gjera, etter han hadde faatt inntekta si tviauka til 400 dalar, det var aa gifta seg. Det gjorde han daa straks i april 1839; han selde stuga si i Grønlia med god fortenest, og flutte med den unge kona si langt uppi Akersvegen. Det var den gongen langt utanfor byen; der hadde han utsyn ut yver dalen og fjorden, og der hadde han ein hage med eit lite lysthus, som han arbeidde i um sumaren. Der budde han i tvo aar og hadde rett ei arbeidsglad, lukkeleg tid. Han var idig som ein maur; um han var aldri so seint uppe um kveldane, so var han i fullt arbeid att klokka 6 um morgonen.

Det er tydelegt at han no ei stund serskilt etla seg til aa vera teaterdiktar; han vilde halda fast den sigeren han hadde vunne med «Campbellerne», og so vilde han tena pengar paa det. Eit lite franskt stykke sette han um til teatre, og samstundes høyrer me um heile tri spelstykke som han heldt paa med. Det eine av dei, med det merkelege namne «Anna Zingha, Moderdronningen», fekk han slett ikkje ferdigt. Det andre, «Søkadetterne iland», var eit songstykke som Ole Bull skulde setja tonane til; meininga var nok aa byggja ein «nasjonal opera» paa det grunnlage som Bjerregaard og Waldemar Thrane hadde lagt med «Fjeldeventyret». Men Ole Bull kom ikkje til aa setja tonar til dette stykke, og teatret vilde slett ikkje taka imot det. Berre med det tridje stykke, «Venetianerne», rakk Wergeland fram; men det kom han ikkje i gang med aa skriva fyrr i 1840.

Ein maa i det heile leggja merke til kor lite nytt han dikta i dei tvo fyrste aara etter «Campbeller»-slage. Det var den braae sumars-flaumen med kjærleiksdikt i 1838; elles kom det mest ingen ting fraa han fyrr enn eit par smaa stridsstykke aller sist i aare 1839, — inga større dikting fyrr um sumaren 1840. Det som han elles gav ut, det var ei tvo-tri gamle skrifter i ny utgaave og eit par visesamlingar ifraa andre diktarar, og so dreiv han med ymist umsetjings-arbeid.

I sjølve dette arbeids-vale syner det seg, at desse aara fyrst og fremst var lære-aar for han, — strenge lære-aar. Og

det kann vel ikkje vera tvil um at det var «Campbeller»-striden som dreiv han til aa ta denne orka paa seg. I Welhaven-rida ei fem-seks aar fyrr hadde han sett seg den fyreloga «aa vinna med dikting». No vilde han fyrst og fremst fyrebu seg til betre dikting. Han maatte gaa ved for seg sjølv, at det var noko sant i det som motmennerne, og serskilt P. J. Collett, skreiv um han. Han hadde altfor mykje late fantasien raa seg sjølv og fara vilt i veg med alle sine hugskot. Difor var det no han sjølv likna seg med «et rasknedrablet Digt». Endaa so seint som i slutten paa 1837 hadde han vilja syna at han kunde skriva norske soguspelstykke likso godt som Andreas Munch, sigervinnaren i teatertevlinga, og so hadde han rive ihop «Hytten eller Kristian Ildens Afreise fra Norge»; men det var med full grunn han sette paa namnblade: *Ex tempore* (paa staaande fot) —, for det var sluskedikting. Sjølvsagt hadde han ikkje alltid sluska soleis; mange einskilde dikt fraa ungdomsaara er so formfagre, so ein mest ikkje skal finna brest eller lyte. Men P. J. Collett hadde altfor mykje rett, naar han vaaga det paastande, at «Wergeland selv ikke forstaaer at bedømme, hvad der er ret skjønt i et Digterværk og hvad der ikke er det». Han kunde so lite med aa byggja strengt innanfor faste raamer; tankar og bilæte som rann i hugen hans, tok han med, um dei so slett ikkje høvde til fyremaale for heile verke.

Eg er viss paa at Wergeland hev teke lærdom av utgreiingane til Collett i «Den Constitutionelle». Han kunde nok med same slengja fraa seg slike ord som «Dvergefantasi». Men me ser daa likevel at han tok saka upp til ettertanke. I 1839 sette han um i ei tidskrift ei engelsk avhandling «Om Poesie»; det var same stykke som far hans hadde brukt til verje for han i striden med Welhaven. Me ser, han vilde ikkje gjeva upp grunntanken sin, at brennhugen var det fyrste og største for diktaren; men han skyna betre enn fyrr, kva vegt det laag paa kunstforma. No kjende han — som han skreiv i eit brev — den «Qval» det var «at være Poet og dog ikke at kunne være det». No jaga han diktsynene

burt «som Slanger, der skyde mig over Veien». For no vilde han læra, og so vilde han gjera heile livsverke sitt upp att. Alt i november 1838 sette han ut lysing um at han vilde faa i stand ei utgaave av alt det han fyrr hadde skrive, i gjenomsedd og umarbeidd form, og han sa det var ikkje mykje han vilde kjennast ved av ungdomsdikta sine. I breve til kyrkjestatsraaden fraa januar 1839 heldt han sterkt fram, kor det var eit livskrav for han aa faa koma i gang med dette umstøypings-verke, og me ser at han dreiv paa med det baade i 1839 og 1840. Men endaa betre ser me kva han no hadde lært, i den ny-diktinga som han tok paa med fraa 1840. Fraa «Jan van Huysums Blomsterstykke» til «Den engelske Lods», so finn me der den gamle rike fantasien tøymd og tukta i fast og sterk form; det er ei rekkje med dikt som maa ha livsmagt i seg so lenge folk kann njota sann dikting.

Og det var slett ikkje berre i formkunst han gjekk fram. Den sjølvtuktinga som han sette seg under i dikteforma, var med det same ei gagnleg uppfostring for heile aandslive hans. Og desse aara — 1838 og 1839 — var ei rik læretid for han paa alle maatar; han vann so mykje nytt aands-innhald, so ein mest kann tala um eit heilt gjenombrot i live hans. «Campbeller»-striden og den nye kjærleiken gjorde kvar sitt. Og den tridje store vokster-magta var den nye sogu-granskinga.

Det var ikkje noko nytt for Wergeland aa driva med sogu-arbeid; det hev eg alt fyrr fortalt um. Men det var nye sogu-tankar han no kom inn paa. Sumaren 1839 høyrer me at han sat djupt nedgraven i fyrebuings-arbeid til «en almindelig Kulturhistorie», og til jola heldt han ei prøve-fyrelesning um dette emne i studentsamfunde. So kom anna arbeid imillom, og han maatte leggja det burt; men i 1843 hadde han ferdig ei lita, men vegtig avhandling som han kalla «Historiens Resultat», og der ser me greitt kva det var for nye lærdomar han hadde sòge inn.

Fyrr hadde han helst tenkt at mannesoga var liksom ei

samling paa fyredøme med gode og laake gjerningar, eit slag lærebok i moral, og framgangen kom, hadde han meint, naar folk berre fekk upplysning um koss dei best skulde skipa seg. Slik var heile den gamle sogu-tanken. Men det var ein annan tanke som no meir og meir vann fram, — det var den at framvoksteren gjekk etter naturlege indre lover som upplysninga nok kunde lempa paa, men ikkje støyta i koll. Den som fyrst hadde gjort denne tanken til ei livsmagt, det var tysken *J. G. Herder.* Han var den av dei store bokmennerne i det 18de hundradaare som sterkast hadde samla og gjort levande i seg alle dei store framgangstankane i samtida si, og som nett difor bygde breidaste grunnlage for aandsarbeide i det 19de hundradaare. Han var paa ein gong upplysningsmann som Voltaire, og naturdyrkar som Rousseau, og difor rikare enn dei baae tvo. Han hadde mykje aa segja for slik ein storkult som Goethe, og han var ein av ættfederne til romantikken. Han lærde ettertida eit nytt syn paa folkedikting og folketru, han knytte sambande millom den aalmennelege og den nasjonale framvoksteren. Fraa han fører traadane fram baade til hovdingane i den nynorske romantikken, menner som P. A. Munch og Ivar Aasen, og til dei store motstandarane, slike som Aasmund Vinje og fyrst og fremst Henrik Wergeland.

Det var mykjen likskap i dei aandelege fyresetnadene millom Herder og Wergeland, og Wergeland hadde alt i «Skabelsen, Mennesket og Messias» vore fram-i historiske vokstertankar som var skylde med dei nye, herderske. No i «Historiens Resultat» var det beint fram Herder han heldt seg til, — likevel med sjølvstendige tilskot. Han saag liksom Herder sogu-voksteren i framgangen til «humanitet», menneskjeleg sjølvfullkoming: «Kultur er ingen Fjernelse fra den menneskelige Natur, men dens nødvendige Udvikling». Og

*Johann Gottfried Herder* (1744—1803), tysk filosof, skreiv um Ossian (1773) og um jødediktinga (1782), sette um folkeviser ifraa alle land (1778—79), gav ut «Tankar um mannesoga» (1784—91) og «Brev til fremde for humaniteten» (1793—97), m. m. m.

han fann sjølv ei ny lov i folkevoksteren: at all yverklasse-kultur er lagje til undergang, — at berre aalmenn folke-kultur kann halda eit folk uppe.

Denne vokstertanken kom ikkje fram berre i sjølve av-handlinga; men han sette merke i mest alt arbeide til Werge-land, og serskilt i det historiske hovudverke hans: «Norges Konstitutions Historie». Det var ein bokhandlar sør i Kiel som i 1839 tinga paa eit par bøker um den norske grunnlova; for baade i Holstein og elles i det danske rike heldt dei paa og stræva for ein fri riksskipnad, og no daa Kristian Fredrik hadde vorte konge der, vilde dei halda fram for han den norske grunnlova som han sjølv hadde godteke. Paa nyaare 1840 tok Wergeland paa seg aa skriva grunnlovs-soga, og den arbeidde han hardt med ei 3-4 aar. Det verke som han soleis fekk i stand, er i mange maatar ypparlegt; der er mykje nytt tilfang um riksmøte paa Eids-voll, som ein ikkje finn andre stader, og alt er so friskt og levande fortalt, — sumtid hev han vel kanskje skildra altfor levande, so det ikkje alltid er strengt sant. Men det for-vitnelegaste er kann-henda likevel inngangsbolken, den som kom ut vaaren 1841. For der er det fyrste gongen me ser verknaden av dei nye sogu-tankane.

Fyrr hadde han, liksom andre folk, tenkt at det norske folke aatte i grunnen inga sjølvstendig sòge i «dansketida». Han hadde nok sétt, at restar av den norske folkeaanda hadde halde seg under trældomen, og det er ein merkeleg ting, at dei tvo einaste norske sogustykka sine, «Sinclars Død» og «Kristian IIdens Afreise fra Norge», dei hadde han teke emne til fraa dansketida. Men han hadde meint, at framgangen vaar maatte me byggja ikkje paa dansketid-kulturen, men paa den gamle stortida. Straks han no skulde til med grunnlovssoga, var det det fyrste han tenkte paa — og det trur eg han hadde lært hjaa Herder — aa røkja etter dei aandelege røterne til fridomsverke, og han fann at grunn-lova fraa 1814 hadde djupe sogu-røter, «som sænke seg i foregaaende Aarhundreder langt henunder Fædrenejorden».

Ja, han fann meir, — han fann at sjølve dansketida hadde ein vokster i seg, og at same tilburden — nedfalle aat den norske adelen — som hadde gjort Noreg magtlaust og knekkt sjølvstende vaart, den hadde samstundes skapt framgangsvilkaara for det norske bondestande og dermed lagt grunn under sjølve nyreisings-arbeide.

Det var ein ny og stor tanke, dette, um det faste nasjonale samanhenge i soga vaar. Han var so ny, so samtida fekk ikkje tak paa han dessmeir. Men for Wergeland vart han noko av ein livstanke, og han arbeidde trutt vidare fram paa den vegen han soleis hadde funne. Han granska etter teikn paa den nasjonale framgangen i dansketida, og han skreiv ymist um bonde-reisingane i desse «myrke hundradaara», serskilt i 1842 ei stor utgreiding, endaa den einaste som bid, um Lofthus-røra.

Og den nye sogutanken sette frukt i det nasjonale arbeide hans.

Me ser at han i desse aara sysla mykje med folkedikting, — fyrst og fremst den utlendske; for den norske hadde endaa ikkje kome i ljose. Hausten 1837 stelte han med danske og skotske folkeviser, i 1838 var han i lag med kalmukkiske og kirgisiske; i 1839 friska han upp att barnekjennskapen sin til dei arabiske eventyra, og til februarmarknaden 1840 gav han ut den vesle samlinga «Vinterblommer i Barnekammeret», viser og stubbar, som han for det meste hadde sett um etter tysk folkedikting. Det er ein ny tone som kling i denne samlinga, — ein einfeld, truverdig barne- og folketone. Der er i samlinga ei tvo-tri dikt av Wergeland sjølv, og so hev han gjort det vaagestykke aa setja um til barnevers nokre dikt av den mest ubarnslege av alle diktarar, den store spottaren Heinrich Heine; jamvel der hev han faatt inn same barnetonen, — sjølve det fyrste dikte i boka, det um mora som er ute og søkjer mat til barne sitt, so gripande fagert og fromt som det er, det er laga um etter eit egte heinesk spottedikt. Det er tydelegt nok, at Wergeland i sanning hadde lært noko av folkevisa.

Herder, den store folkevise-umsetjaren, hev visseleg her synt Wergeland leida, og fraa den framande folkediktinga naadde han heim til den norske. Kann-henda umgjenge hans nett i desse aara med den store norske spelemannen Ole Bull hev hjelpt han paa veg. Same dagen som «Vinterblommer» kom ut, skreiv han eit langt brev til den svenske diktaren Frederika Bremer, som hadde bede han um upplysningar um norskt folkeliv, og der tala han um norsk folkedikting òg. I mange aar hadde det spursmaale pint han, um det ikkje levde noka norsk folkedikting, og serskilt etter den dagen han sjølv hadde opendaga visa «I fjor gjætt' æ geita», gnog spursmaale alltid i han. Men han fann ikkje svar, og so freista han seg med den grunngjevinga, at folke song ikkje, for di det var ikkje lukkelegt, ikkje heilt fritt. No saag han likevel, at det var ikkje dei lukkelege folka som song mest; gjenom Herder vart han kjend med folkedikting hjaa serbar, russar, og andre ufrie folk. Korleis var det daa med det norske folke? No skreiv han til Frederika Bremer:

«Det synger i det Hele ikke, dets egentlige Sange i dets eget Tungemaal ere saa ubekjendte som Gaelic, og dets igjennem Skriftsproget indympede ere slette og udartede. Jeg har anstrengt mig for at bekjæmpe dette ved at erstatte et i Secler næsten bedrivtløst Folks Mangel paa Text ved at balladisere noget af dets ældste Historie; men uden synderlige Følger. Danmark med sin Masse af kunstgjorte Viser, der alle beile til Folkets Gunst, men kun leve i Maanedsskrivterne, viser noksom, at en bedre Periode for Folkesangen maa komme af sig selv. Og jeg troer paa Menneskehedens evige Selvforyngen, og at Norge, naar det faaer bygget og ryddet fra sig, og bliver gammelt i det Nye, vil igjen blive besøgt af sine blaaklædte Huldrer med Langeleiken i Hænderne. Saa seer Folkesangens Muse ud. — O, hvad siger jeg! mit Folk har ikke Poesi nu, og i dette Øjeblik (det er Marked) toner en Halling fra Gaden, fra en omvandrende Spillemand i Skindbuxer og hvid Kufte. Denne ejendommelige, vilde, rørende Musik er vor Nationalpoesi. Hvortil behøves Ord, naar ingen Normand, ihvor denationaliseret han end kan være, kan høre den uden med den Vexel af hjemlige Vemodsfølelser, af Lidenskaber, af Erindringssyner fra Landets og Folkelivets Inderste, som saa kjendeligt har bevæget disse musikalske Naturgeniers Sjele idet de bøjede Hovedet over den metalstrengede Hardangerfele og overlode sig til Indskydelserne. Der er samme Alf i Ole Bulls og den berygtede «Malicerknuds»

*Gaelic*, keltisk, grunn-maale i Ossian-songane.

Violin og Kompositioner. Den Første rører Enthusiasmen stærkest, naar han lader den Sidstes forunderlige Toner — Tonen i hans Toner — klinge igjennem. — — —

Men skulde — De vil erindre at jeg har vedgaaet min Incompetenz til at dømme om vor Fjeldpoesi, paa hvis Tilvær og Væsen jeg ikke mere tør sværge end paa Aandernes, men som jeg dog ligesaavist troer — skulde en saa malende Musik være uden en ligesaa riig Folkepoesi? Nei, jeg troer den er til, men, som sagt, paa Høiderne og i Aftagende inden sine Sprogskranker.»

So trudde han daa — endaa han ikkje hadde noko prov for det — at folkesongen var ikkje utdøydd i Noreg, men at han heldt seg i fjellbygdene. Og naar han ikkje hadde kome fram i bokheimen, so var det for di at han brukte eit maal som «de Dannede» ikkje skyna. For det saag Wergeland no klaarare og klaarare, at «Normændene have mere end andre Folk to Sprog, som kun vanskelig trænge ind i hinanden: Skriftsproget, det fordanskede, som Folket tvinges at lære for Religionens Skyld, og som det forkaster, saasnart Tvangen er forbi, og aldrig taler og allermindst synger i, og Talesproget, hvori de Dannede ikke trænge saavidt ind, at de kunne berige eller forskjønne dets Mundsveirsliteratur, eller endog kun redde dets levende Sange for de Degenerationer, de ere undergaaede og undergaae».

Men i dei same dagane som han skreiv dette breve, høyrde han gjete at Jørgen Moe nett skulde til aa gjeva ut ei samling med bygdemaalsviser. Og daa loga han upp i eldhug. All tvil og mistru var med ein gong stroke av han. Han tenkte at han likevel skulde faa vera med og skapa ei ny tid for folkesongen. I ungdomen sin hadde han — lenge fyre nokon romantikk-diktar — gjort huldra til ei ikjøting av norsk natur. No trudde han at huldra hadde gjeve han den nasjonale langeleiken sin, og han høyrde huldredottera kveda paa ein velkjend tone:

Hvad vil du i Byen? Hvor snart du kan glemme,
der norskhjertet Skjaldskab er allermindst hjemme!

Søg dybt ind i Norriges ensomme Dale:
der lytter dit Fædreland til din Tale.

Han lydde dette bode, og han tok til aa fjellska. Fyrr hadde han ikkje trudd det var raad aa lokka fram meir enn nokre einskilde ord av det sterke fjellmaale og soleis friska upp det danske bokmaale, og endaa so seint som vaaren 1839 ser me at han sette bokmaale upp til læremynster for aalmugesmann. Men visesamlinga til Jørgen Moe gav han von um at normennerne kunde faa reist sitt eige bokmaal heilt paa norsk grunn. Ein sumardag i 1841 raaka han for fyrste gong paa Jørgen Moe paa ei dampbaatsferd paa Mjøsa, og daa fauk han paa han:

«Jeg hører, De er Jørgen Moe! Jeg vidste det ikke for. De maa skrive flere viser — norske viser. — — Desuden — sproget maa vi have reformeret. Hør her min plan — men jeg har saa rent forbandet travlt, ser De. Hør nu: Sprogrestitutionen (det er fanden, vi maa, naar vi faar tid, finde et norsk ord) sprogrestitutionen maa have forskjellige cirkler, hvis fælles centrum maa være lexikograferne, et selskab, der maa bestaa af mænd med autoritet som Munthe, Keyser og andre, der kan strække sig ud i deres virksomhed. — — Dernæst kommer første cirkel, journalisterne, saa lærebøgernes forfattere — for alle lærebøger maa skrives i samme sprog; saa vi frie forfattere, som gjennemløbe alle cirkler. — — Ikke blot berigelse for sproget! Nei — omstøbning! Gamle endelser, gamle former, alt som ikke klinger altfor splittende galt! Ethvert middel maa vi bruge! Enhver kjæft maa vi vinde, paa hvilkensomhelst maade!»

Dette var so ramt eit maalstræv som slett ikkje Jørgen Moe hadde tenkt paa. Men det er eit merkelegt tilfelle, at nokre faae dagar etter denne samtala var det at bondeguten Ivar Aasen gjorde si fyrste utferd ifraa heimbygda og søkte hjelp til maal-arbeide sitt. Aasen var ein tòlug samskipar og vilde leggja traust grunnlag fyrst. Wergeland vilde straks i veg med aa byggja sjølve huse, og han fylgde i fotefare til dei gamle bygdemaalsdiktarane, til Edvard Storm og Hans Hanson. Alt i 1840 fann han fram eit par av dei gamle «folkevisene» sine fraa 1832, visa um brudlaupe paa Styri og ei visa um den norske bonden, og sende dei til Jørgen Moe paa romeriksmaal, so dei kom inn i hans visesamling. Sidan dikta han nye bygdemaalsviser — paa hallingmaal og

*Gerhard Munthe* (1795—1876), norsk sogugranskar, gav ut i 1847 ei rettleiding um «Norske Stedsnavnes rette Skrivemaade».

valdrismaal — i 1840 og 1841, og samla dei i ei lita bok som han kalla «Langeleiken» (1842). Men dei kunde ikkje verta folkeviser, dei hadde ikkje den egte norske svipen; berre i ei einaste vise, «Valdrisen po Heimvægen», er det som ein høyrer atterljoden av tonane til Edv. Storm, og den visa tykte sjølve Ivar Aasen han kunde bruka til grunnlag for ei maalprøve fraa Valdres. Elles er baade maale og heile gjerda for det meste radt unorskt; ein kjenner at visene fyrst er tenkt paa bokmaal. Kor lite dei høvde til bygdeskikken, ser ein greitt av soga um den siste bygdemaalsvisa han skreiv.

Det var ein dag i januar 1843 han kom heim med tvo staute valdresgutar. Han hadde raaka dei paa gata, og naar han saag fjellbønder, helst i bygdebunaden deira, laut han alltid ha tak i dei. So fekk han vita, at den eine guten hadde ein kjærast heime, og straks Wergeland til med aa skriva ein song til ære for kjærasten; frua hans maatte læra guten til aa syngja visa. Men daa guten kom heim med denne visa vart han reint ulukkeleg. For gjenta vart harm for at ho soleis skulde koma paa folkemunn; det sat nok i endaa, det som me høyrer fraa dei gamle sògene, at kjærleikssong til namngjeva gjente var ei ærekrenkjing. Og so gjorde ho det um att med kjærasten sin.

Wergeland merka nok sjølv òg, at han dugde ikkje til aa vera dølediktar, og han gav upp freistnaden. Men arbeide hans med dette var ikkje faafengt likevel. Han gjekk tilbake til bokmaale, han tok jamvel ikkje upp so mange aalmugesord meir, og endaa fann han nett no ein sannare folkeleg tone enn nokosinne fyrr. Ein ser det best i det han skreiv for barn, baade viser og eventyr, — eg minner um slike viser som endaa vert sungne: «Smaaguttenes Nationalsang», «Barnlig Kjærlighed eller Vesle-Hans'es Eventyr i Skogen», «Reenlighed eller Linerlen», «Moderens Korstegn over Barnet», «Lad-Hans», og fleire, — eller eventyr som «Røde og graa Dompaper» og «Piletræerne og Skjæren». Der er naturleg, grei folketone. Og same stilen finn me i det han skreiv for arbeidsfolk.

I skriftene hans for den fatige klassa møttest det nasjonale og det demokratiske drage i han; naar han vilde at arbeidsmann skulde skyna han, maatte han skriva so beint fram og norskt som han visste raad med. Og det var visseleg ikkje slump, at han nett i desse aara vende seg til arbeidsfolke med skrivinga si. Det var den same nye sogutanken som dreiv han her òg; det var det støe samanhenge i samfundsvoksteren han vilde varna um. I desember 1837 drog han seg ut or den daglege striden for bondepolitikken. I desember 1839 tok han upp eit daglegt stræv for arbeidsfolke. Det var daa han tok til aa gjeva ut blade «For Fattigmand», eller som han fort døypte det um til: «For Arbeidsklassen», og det heldt han uppe so lenge han levde.

Dette var ikkje noko agitasjonsblad, soleis som «Statsborgeren»; der var so lite rom for agitasjon millom arbeidsfolk den tid. Sumaren 1838 høyrer me for fyrste gong um noko samskiping og streik millom arbeidarar (murarar) i Kristiania; men det dovna snart av. Det som det fyrst og fremst galdt um, det var aa vekkja sjølvkjensla hjaa arbeidsfolke, og det var det Wergeland tok paa seg. Han vilde ikkje eggja til ovund imot yverklassene. Men han vilde læra arbeidsmannen, at han var likso god som baade embætsmann og arbeidsherre, naar han berre vyrde seg sjølv for det, og at han hadde same rett i borgarsamfunde. «Hvad er Eders Ret?» spurde Wergeland ein stad, og han svara: «I selv, Eders Liv, Eders Frihed. Har ei Enhver Ret til at leve, Ret til at fryde sig ved Guds Gaver? Har Enhver ei Ret til, uanfægtet at øve og udvikle sine aandige og legemlige Evner for at bestride sine Fornødenheder, stræbe opad, stedse mere og mere hæve sig over Dyriskheden og nærme sig Gud?» Fyrst og fremst vilde han fremma det «sædelige Velvære» aat arbeidsklassa og fostra ho upp til god personleg og borgarleg moral. Men han saag dessutan at «Forbedringer i den simplere Klasses Levemaade har saa naturlig, af al Erfaring bekræftet, Indflydelse paa dens moralske Tilstand», og difor vart han ein fyrebuingsmann for ei økonomisk samfunds-

umskiping. Rettferd og næstekjærleik, jamgod rett for alle klasser, det var det han kravde, og soleis vilde han freista hindra, at klassestrid skulde sprengja det norske folke. Han naadde fram til arbeidsfolke med blade sitt, og det sette visst merke der; men yverklassa var blind for det rettskrave han peikte paa, og ho gjorde lite eller ingen ting for den semjinga han stræva for.

Ei annan semjingstanke tok han òg upp i desse aara, — krave paa religiøs tòlsemd millom folk av ulik tru. Sjølve grunntanken var gamall hjaa han, men det hadde ikkje vore slik torv til aa arbeida for han fyrr, so lenge dei frilynde rasjonalistane raadde. No var det meir og meir mennerne av «den rette læra» som vann fram, og dei vilde setja trongare grenser for fridomen. Daa reiste Wergeland strid, og han samla tanken sin i eit einaste prinsip-krav, i jødesaka. Det hende vaaren 1839, at ein jøde som ikkje drøymde um at det frie lande Noreg var stengt for jødane, kom til Kristiania, men vart reken heim att og fekk ikkje setja foten paa land. Daa sende Wergeland framlegg til stortinge um aa strjuka grunnlovs-forbode um at jødane ikkje fekk vera i lande, og sidan la han aldri dette krave ned. Daa han raaka Jørgen Moe paa Mjøsa i 1841, daa var det ikkje berre maalstræv og dikting og dei fagre landskapssynene som fyllte han; med dampbaaten laag uttfyre Ringsaker, skunda han seg i land og var ein sving innum kyrkja. «Hvad tror De jeg især vilde se deroppe?» spurde han Jørgen Moe, der han kom ned att. «Jo, jeg skriver nu paa et nyt forslag til næste storthing om jødernes emancipation, og jeg har brugt et billede fra altertavlen i Ringsager, som imidlertid kun dunkelt stod mig for erindringen: Det er himmeriges port, hvor ogsaa en stakkels jøde vil stjæle sig ind, men bliver udskumpet af de kristne, der staar i døraabningen. Hvad betyder det vel andet end vort frihedsparadis, hvoraf vi udskumpe de stakkels jødedjævle?» Han skreiv bøker og bladstykke for jødesaka, han freista vinna stortingsmennerne med brev og med samtale, han tok kvast i mot mange av dei gamle bonde-

venene sine, som her stod imot, og nokre av dei fagraste dikta hans er fødd av brennhugen for denne fridomstanken.

Kjærleik og fridom, — det var det merke han reiste yver striden sin i desse aara. Det var same merke som han hadde stridd under heilt ifraa ungdomsdagane. Men det hadde kome rikare innhald i striden. Han femnde vidare med kjærleiken sin, og han saag djupare i framgangsstræve. Han hadde vakse baade i hjartelag og tankemagt. No var han fullmogen mann og ferdig diktar. No stod han med alle sine rike evner reidd til aa vera føraren for heile det norske folke, for all frilynd og folkeleg framgang paa godt norskt grunnlag.

## XIII.

### Siste strid og dikting.

Og so kom han nett no til aa staa einsamare enn noko sinne. «Troppen» stod imot han likso hardt som fyrr, og mange gamle vener vart no fiendar. Sjølv var han likso braa til strid som fyrr, og han eggja meir enn ein gong motmennerne paa seg.

«Campbeller«-slage hadde sett kvast skil millom partia i i hovudstaden. Det hadde sprengt ut klufta millom yverklasse og underklasse, og gjort motsetninga klaar i aandsliv, samfundsliv, og politikk. Hausten 1838 ser me at Peder Soelvold talde ifraa aa velja Frederik Stang til stortingsmann, for di han hadde vore hovding i «Campbeller»-slage; men han la eit ord inn for aa velja Wergeland. Og i desember 1838 skilde dei «fine» i byen seg ut i ein serskild sellskapsklubb, den som i folkemunn fekk namne «Kringla» for di sellskapskosten etter engelskt mynster berre skulde vera té med kavringar og kringler. Hausten 1839 synte finleiken seg i at ein heil flokk borgarfolk vart avvist ifraa lage, og straks gjorde Wergeland seg til vaapenførar for alle dei som ikkje var fine nok; han skreiv spottevers yver sellskape i «Morgen-

bladet», og paa eit par veker smurde han ihop eit spitigt skjemtestykke um «Kringla», der han gjorde syndigt gjøn med troppistane. So vart det bladstrid, med «Morgenbladet» paa den eine sida og «Den Constitutionelle» paa den andre, og eit par veker etter stykke um «Kringla» gav Wergeland ut eit nytt skjemtestykke, eit «nissespel» um sjølve «Den Constitutionelle». Her skildra han rett med lyst og moro striden millom ljos-alvane paa den eine sida, under Sifaheddin, og tussar og nissar paa den andre sida, og han lét nissane faa til hjelp ein endelaus hær av tome tankar, «nihilitar», fraa «Den Constitutionelle». I eit etterspel tok han avskil med striden og fortalde at han hadde vorte so fredleg, so han lét gjerne nihilitane styra,

bare jeg fik Ro og Lov
til at færdes i min Skov.

Men næste aar var ikkje ute, fyrr han stod midt i striden att. Og no maatte han fikta mot tvo sider paa ein gong. Det var ein ny kongs-naade som førde han upp i striden: den 14de november 1840 vart han utnemnd til riks-arkivar, og daa vart ho meidd uppatt, den gamle soga um den løna han hadde av kongskassa. «Den Constitutionelle» rekna han millom «Lejesvende og Spytslikkere», og demokratane for kvast laus paa «Hofpensjonisten». At troppistane tok paa han, det la han ikkje so tungt paa seg, og han beit rapt ifraa seg med eit par skjemtestykke, -- i det eine, «Verden tilhører Os Jurister!» var det heile embætsvelde han gjekk i leidang mot; i det andre, «Lyv ikke! eller Dompapen», heldt han eit nytt uppgjer med den same mannen som han seks aar fyrr hadde skildra i «Papegøien», og som han heldt for hovudmannen i all baktalinga mot han. Men det som gjekk han hardt til hjarta, det var at den gamle venen hans, *L. K. Daa*, no auste eiter i fulle skaaler ut yver han.

Ludvig Kristensen Daa var den mannen som Wergeland hadde størst venskap og vyrnad for av alle jamaldringane sine, og han var ein framifraa evnerik og kunnskapsrik mann.

Han var vel den einaste den gongen som for aalvor hadde granska og lært politikk, og den frie engelske riksskipnaden hadde vorte mynstre hans. Han hadde den vanlagnaden, at han kom aldri paa den rette hylla i live, og han var so stiv og streng ein tenkjar, so han kunde no lite laga seg etter livsens krav òg. Daa han kom paa stortinge i 40-aara, freista han gjera seg til hovding for bondepartie, men kunde ikkje faa det til aa fylgja prinsip-politikken hans; og daa bønderne endeleg slo fylgje med Johan Sverdrup og skapte eit vinstreparti, daa kom ikkje Daa lenger paa stortinge. Slikt slag gjekk det med han i det private live; fyrst vart han stengd ute fraa den gjerninga han traadde etter, og daa han endeleg naadde fram, hadde han vakse seg so stiv, so han dugde ikkje til det arbeide lenger. I 1837 hadde han maatt vika for P. A. Munch i tevlinga um professorposten i soga, og vaaren 1840 hadde Schweigaard teke ifraa han professorposten i samfundslære som han serskilt hadde utdana seg til.

At i minsto P. A. Munch maatte ha fyremunen, det er lett nok aa sjaa no. Men den gongen var ikkje det so tydelegt, og Daa sjølv kunde med god grunn sjaa ein urett i dei tvo tilsidesetjingane; for baae gongene hadde universitete sjølv vilja havt Daa, og naar regjeringa ikkje tok han, so var det visst ikkje saklege grunnar som vog mest. Greiv Herman Wedel var i desse aara baade formann for universitete og formann i regjeringa, og hans hus var ein samlingsplass for troppistane; han drog troppistane fram det beste han kunde, fyrst Munch og Schweigaard, sidan Welhaven. Imot ynskje til universitete vart Welhaven gjord til professor i filosofi i same statsraade som Wergeland vart riksarkivar. Men med Welhaven fylgde kongen framlegge fraa regjeringa; med Wergeland gjorde han tvert imot, so her var det ikkje tale um parti-løn, berre um personleg kongsløn. Daa, den strenge demokraten, likte korkje det eine eller det andre; men argast vart han likevel paa den gamle venen som soleis tok imot kongsnaade. Han hadde daa sjølv kunna vera

riksarkivar, hadde han so sant tykt det kunde høva med den politiske gjerninga hans. Han hadde fyrst meldt seg til dette embætte, og regjeringa hadde vilja gjeva det til han; men so drog han seg tilbake, for di han daa ikkje fekk slik fridom til aa døma regjeringa, — riksarkivaren var den tid embætsmann i eit av regjeringskontora. Daa maatte det vera harmelegt aa sjaa ein annan demokrat gaa inn i same embætte.

Millom Wergeland og Daa hadde det kome knutar paa traaden alt i 1836; daa hadde Daa meldt Wergeland for di hunden hans hadde bite han i handa, og dei hadde vore uppe og skjentest baade for retten og i blada; for Daa vilde aldri gjeva seg paa det som han heldt for rett, anten det no var smaatt eller stort. Daa so Wergeland i 1839 tok imot pengar av kongen, drog Daa seg reint burt ifraa han og vilde ikkje høyra paa noko slag orsaking. No daa Wergeland paa slik vis vart riksarkivar, skildra Daa han i blade sitt «Granskeren» som ein betalt svikar. Til røyndar var det ikkje noko rart, at Wergeland vilde vera riksarkivar; han kunde daa visst vera likso god som dei andre som søkte. Han hadde gode vitnemaal for arbeide sitt paa universitetsbiblioteke, og dei siste par aara var det sogugransking som hadde teke meste tida hans. Han hadde difor godt samvit, og han freista slaa heile bitterskapen til Daa burt i moro i det vesle skjemtestykke «Engelsk Salt»; han vilde syna det var berre smaating som vekkte slik mistanke hjaa Daa. Men Daa hadde ingen sans for moro; til svar tok han seg fyre aa prova med beiskt aalvor, at Wergeland hadde svike fyrrtida si. Og so var striden gaaande. Daa hakka paa «hofpensjonisten» mest i kvart numer av «Granskeren», og vilde ikkje taka noko for godt ifraa han. Wergeland svara bitrare og bitrare; i det haske spottestykke «Vinægers Fjeldeventyr» teikna han Daa som den hjartelausaste ovundsmann, og daa det vart spursmaal um aa velja Daa til stortingsmann, sende han til valmennerne ei lita skrift, der han dømde Daa uverdig til slikt eit umbod, sidan han hadde fare so stygt med Wergeland.

I denne striden vart det meir og meir audt kringum Wergeland. «Morgenbladet» kunngjorde i mars 1841, at det ikkje lenger vilde taka inn noko stykke av han, og nokre veker etterpaa slo Daa og troppistane seg ihop og fekk han stengd utanfor leseklubben «Athenæum», der elles kven som vilde kunde melda seg inn. I studentfesten den 2dre september fekk han ikkje koma til ords, for studentane tyssa og skreik til han, so han i vill ørvæne slo ei vinflaske i kras imot panna si. Nokre dagar etter, daa studentane gjorde fakkelferd til Georg Sverdrup, hadde ikkje Wergeland faatt rom i rekkjene, um ikkje den unge Johan Sverdrup hadde stige fram og teke han med seg. No stod han i sanning utanfor partia og utanfor partistriden; no vart han klemd millom skjoldar paa alle kantar.

Reint venelaus vart han sjølvsagt ikkje i denne tida heller. Aalmugen heldt fast paa elsken sin til han; den merka væl at han var den gamle folkevenen og fedrelandsvenen. Og menner som Bjerregaard og Maurits Hansen sveik heller ikkje venskapen for han, men dei døydde no baae tvo i 1842. Men det gjekk hardt inn paa han, at so mange av dei gamle strids-felagane drog seg undan, og verst var det med L. K. Daa; det la han ope fram i det dikte som han skreiv til Daa i fyrstninga paa aare 1842, straks etter retten hadde dømt han til bot for valskrifta imot Daa hausten i fyrevegen:

Med Døden i mit Hjerte,
  og Smilet om min Mund,
og i mit Blik en Smerte
  ifra vor Afskedsstund —
kom, Ludvig Daa, min Svorne,
  jeg beder, kom min Ven!
Af tusinde forlorne
  jeg har en Stund igjen.

— — — —

Kom, sæt dig ved min Side!
  Kom, tryk dig til mit Bryst!
Du skal dets Kvaler vide;
  saa lærer jeg din Lyst.

Der var Du engang hjemme
med al den Førstes Ret.
Ve mig, som ei kan glemme!
Ve Dig, som kunde det!

Baade under dette dikte og anna som han skreiv i denne tida, sette han i staden for namn «Der Geächtete» (den utlæge). Han bad i januar 1843 landsmennerne sine um aa tinga paa ei ny diktsamling han vilde gjeve ut, av gamalt og nytt; men endaa daa han døydde, hadde det ikkje meldt seg meir enn 80 tingarar. So han hadde altfor mykje grunn til aa kjenna seg utlæg i Noreg.

Difor var det at han um vaaren 1841, midt i den verste stridstida, gjorde ein freistnad paa aa vinna diktar-rom i — Danmark. Han vende seg til sjølve hovdingen for den danske kritikken, læremeisteren for dei norske «æstetiklane», Johan Ludvig Heiberg, og fekk med hans hjelp eit par av spelstykka sine innsend til det kgl. teatre i Kjøpenhamn; han skreiv i eit brev, at «jeg, med al min uskrømtede Nationalfølelse, dog hellere vilde være en anden hvilkensomhelst større Literatur anhørig, end den norske». Men danskane vilde ikkje kjenast ved han, og Wergeland sjølv kunde likevel ikkje slita seg laus ifraa heimegrunnen. Tvert imot — han grodde berre djupare og djupare fast. «Løvetanden» (gullbosten), «denne Plante med det sunde Blod og den friske Grostyrke», den blomen som han i 1838 hadde lovprist for di han grodde di meir han vart trakka paa, den tok han fraa 1841 til sitt eige merke. Og han gjorde til sanning det diktarorde som fyrti aar seinare lydde i Noreg, at den sterkaste mannen er den som stend mest aaleine. I eit dikt fra 1844 kvad han:

Kongeørn, med Lænke spændt
om sit Been, og Vingen brudt,
som i over tyve Aar,
siden den blev halvdød skudt,
har for simpel Gaardhund tjent
paa en ensom Bondegaard,

lider dog
ej den arme Digters Vaande,
som i lidet Folk er født,
hen i Verdens Hjørne stødt,
med et Sprog,
som ej rækker fra sin Krog
længer end dets Læbers Aande.

Men likevel ropte han til diktaren: «Følg Kaldet!» For han hadde sétt i all natura, korleis det som tyktest smaatt og veikt — regndropen, bylgjeslage, mosen — endaa kunde forma verda:

Intet — Større eller Mindre —
Intet frugtløst og forspildt,
er der Hensigt i dets Indre,
slænges ud det end saa vildt.

Difor skulde diktaren òg berre gjera sitt yrke, um so endaa berre nokre faae vilde lyda paa han:

Op! hvis Herrens egen Røst
fylder med en Storm dit Bryst!
Ud den bruse i det Øde!
Bedre Tiders Morgenrøde
vil den frem af Mulmet støde.

Soleis heldt han sjæla si frisk, og han dreiv hugheilt paa og dikta og arbeidde.

Han la seg mykje i selen for den nye embætsgjerninga si. Han var den fyrste riksarkivaren i lande, og det var han som maatte faa heile arkive i skikk. Um ikkje alt straks vart fullkome gjort, so hev han daa faatt ros hjaa ettermennerne sine for dette grunnleggjingsverke. Og i riksarkive kunde han rett med lyst halda paa med sogugranskinga si.

Embætsløna hans var paa 500 dalar, og dertil fekk han no 300 dalar um aare hjaa kongen, so han tykte reint han vart rik no — med 3200 kroner i fast inntekt. Han bygde seg no hus sjølv; han kjøpte seg tuft straks austanfor slotsparken attmed ein bratt bakke som i folkemunn var kalla «Skræddarkneiken»; der sette han huse upp tvert yver ei

lita kluft i fjelle, og døypte det «Grotten», — han heldt innvigjingsfesten den 17de mai 1841. Um live hans her i «Grotten» hev kona hans fortalt:

«En af Wergelands kjæreste Sysler var at stelle med Haven, og da vi havde faaet vor egen Plet af Jord, havde han det hele Sommeren igjennem meget travelt med at plante og anlægge Blomsterbed. En frisk Blomst, en om Natten udsprungen Rose, kunde sætte ham i et sandt festligt Humør. Sædvanligvis kom han efter dette Morgenarbeide ind til mig med en liden Buket, som vi delte mellem os — selv maatte han som bekjendt altid have en Blomst i Knaphullet. Hans første Morgenvisit gjaldt ellers «Veslebrunen», og mellem ham og den var der ret et besynderligt Forhold. Havde den gjort ham noget imod, f. Ex. ikke ladet sig nøje med at lugte til Blomsterne, men spist af dem eller paa anden Maade gjort Ugagn, saa gav han den et Rap, hvorpaa Veslebrunen tog til Bens ned ad Grottebakken; men var den først kommen saalangt, gik den noksaa pent og stille ud til mine Forældre. Ankommen did gik den dog aldrig ind i Stalden, selv om Døren stod aaben, men først hen og presenterede sig ved Kjøkkenvinduet. Naar saa nogen af Husets Folk fik Øje paa den, hedte det: stakkars Veslebrunen, nu har han faaet Bank; den blev da godt trakteret og sat paa Stalden, hvor der var Rum til tre Heste; men det hændte ikke sjelden, at Brunen jog de andre to ud og bemægtigede sig Leiligheden alene. Undertiden maatte den forblive der flere Dage, inden Wergeland sendte Bud efter den.

Hans Interesse for Naturlivet i dets forskjelligste Skikkelser afprægede sig ogsaa i vort huslige Udstyr. Vore to Katte nævner jeg kun fordi han har skrevet et Eventyr om dem, i sit Værelse havde han altid Karudser og Firben i et Glas; en Tid havde han Hund, Kat og Ræv sammen i et Bur — de forligedes nok saa godt — Duer havde vi ogsaa, og var jeg borte, hendte det nok at Dueburet blev flyttet ind i Stuen til ham. Orme havde han ogsaa i sit Værelse i tidligere Dage; men da vi bleve gifte, bleve de opsagte. I Grotten under Huset havde han udstoppede Fugle og Mineralier; midt paa Gulvet stod der et Stenbord med en Globus paa, foran hvilken en udstoppet Figur, forestillende en Astronom; ofte brændte der en liden Lampe foran Globus'en. Foran Grottens Aabning, lige ved den bratte Bakke (senere betydelig sænket), stod der en Tavle med et Vers «Kast af under Bakken». Der kom nemlig en Dag en Mand kjørende med et svært Vedlæs; Wergeland sagde han skulde kaste af Læsset, og da han ikke vilde, var Wergeland i et Nu nede og gjorde det selv. Senere blev da Advarselen sat op. — — — —

Fra den Tid vi flyttede til «Grotten» var vi baade selv ofte ude og saa jevnlig Venner hos os, stundom til Kortparti, og da blev der gjerne leget, sunget og deklameret. Aldrig var Wergeland saa elskværdig som i sit Hjem, naar han sad mellem fornøjede Gjester, især morede det ham at tale

med jevne ligefremme Damer, og disse behandlede ham da ogsaa anderledes end andre Herrer. Musik holdt han meget af, uden at være nogen Skjønner, og han skrev aldrig lettere end naar jeg gik paa Gulvet og sang for mig selv. — —

Hvor varmt Wergeland hele sit Liv igjennem tog sig af Menigmands Kaar, er jo almindelig bekjendt. Hvor han ikke kunde hjelpe en Trængende af egne Midler, gik han til sine Venner og bad om Klædningsstykker o. a. dsl., og ofte kom der hele Sække fulde af gammelt Tøj til Grotten. Da Efterretningen om Karl Johans Død var kommen, var der flere Bogtrykkere oppe og bad ham skrive noget i den Anledning; men hvad nu Grunden var eller ikke, saa negtede han det. Samme Dag, da vi spadserede ind til Byen, mødte vi en fattig Pige, der bad om Hjelp for at faa sin Moder begravet; vi fulgte hende hjem, og da vi havde overbevist os om at der virkelig tiltrængtes Hjelp, sagde han: Nu vil jeg skrive og yde den første Skjerv i hans Navn, som har hjulpet saa mange. Hvor mange Bønskrifter skrev han ikke, hvor utrættelig gik han ikke fra Hus til Hus, fra Mand til Mand! Han nærede ogsaa den fuldeste Forvisning om at Almuen gjengjeldte den Kjærlighed, han viste den; «jeg skulde gjerne,» sagde han engang, «lægge mit Uhr paa Vaterlands Bro, og stod der saasandt skrevet ved Siden, at det var mit, var der Ingen som vilde røre det.» —»

Me veit fraa andre òg, at fatigfolk hadde sin faste gang i «Grotten», og hjelpa andre var det gildaste Wergeland visste. Barn var han sers glad i, og tok dei med paa allslags moro. Han tok til seg i desse aara ein son han hadde faatt med ei gjente i Eidsvoll siste aare han var heime; den guten hadde det liksom «Veslebrunen», — naar Wergeland vart sint paa han, rømde han burt til Bekkevolds, og kom heim att naar sinne var yver. Barnslege sjæler likte han godt, og tok seg av dei, naar dei kom ille ut i verdsens styr; soleis skreiv han eit par morosame smaabøker til verje for ein gamall krok av ein dansk kunsthandlar som fór ikring med noko skrap av maalarstykke og synte fram. Striden for jødane dreiv han støtt paa med. Og kvitsundagen 1842 opna han i huse sitt ei aalmugesboksamling til utlaan for folk i Pipervika og derikring; han fekk ein annan mann til aa setja upp ei liknande boksamling uti Oslo.

Midt i alt det idige yrke kom sjukdomen og la han paa sottesenga. Det var dei gamle murane paa Akershus som knekte han. Riksarkive hadde hus der nedpaa festninga den

gongen, og so var det ein av dei fyrste dagane i mai 1844, med same dei hadde slutta aa leggja i omnane, at Wergeland kom sveitt og varm paa kontore og sette seg til aa arbeida ermeskjorto; daa han hadde sete ein times tid, kjende han med ein gong so kald ei rysjing ned etter ryggen, og daa han kom heim, maatte han i seng. Han fekk so fæl ein hoste, og han vart ikkje frisk til 17de mai; men den dagen kunde han ikkje halda seg i ro. Det aare skulde dei for fyrste gong høgtida 17de mai med faneferd gjenom gatene; Carl Johan var død, og den nye kongen hadde ikkje noko agg til fridomsdagen. Wergeland maatte ut og sjaa paa «prosessjonen»; men surt og kaldt var vêre, og han kunde ikkje faa seg til aa fara so varleg som lækjaren vilde. So sprengde han seg og fekk ei hard lungekolde og vart aldri meir god att; for bringesykja sette seg fast og vart til ei brennande tæring som paa eit aar gjorde ende paa live hans.

Wergeland paa sottesenga — det er ei av dei herlegaste stundene i Noregs-soga. For sjukdomen orka ikkje brjota aanda hans. Tvert imot — han reiste seg til framgangsstrid berre endaa friskare og modigare. Han synte i gjerning, at den trua han hadde forkynt, var ikkje berre ord, men hadde vorte til liv og sanning i han. Han syrgde for di han skulde døy; for han tykte han hadde endaa so rikt eit arbeid fyre seg. Men han vart aldri rædd for dauden, og han venta med tolmod paa han; for han visste og skyna, at dauden var berre ei av formene i den ævelege livsveksteren. Han var godt kjend med dauden fraa fyrr, og hadde tidleg lært aa setja han inn i det store natursamanhenge. Dauden var berre ein led i den all-natura han elska.

Den endelause samanhengstanken, det inderlege samlive med natura, som hadde sett stempelen paa ungdomsdiktinga hans, voks seg sterkare og sterkare aar for aar. Han hev sjølv, betre enn nokon annan kann gjera det, skildra seg i denne rotfaste samkjensla i dikte «Mig selv», som han skreiv um vaaren 1841, nett daa alle menneskje vende seg ifraa han:

*Jeg* i slet Lune, Morgenblad? *Jeg*, som kun behøver et Glimt af Solen
forat briste i høi Latter af en Glæde jeg ikke kan forklare mig?

Naar jeg lugter til et grønt Blad, glemmer jeg bedøvet
Fattigdom, Rigdom, Fiender og Venner.

Min Kats Strygen mod min Kind udglatter alle Hjertesaar.
I min Hunds Øje sænker jeg mine Sorger som i en dyb Brønd.
— — — —

Jeg, som læser Henrykkelser paa hvert af Centifoliens, den Vaargaves,
hundrede Blade —
*mig* skulde en slet Avis bringe til at qvæle en Sekund med Ærgrelse?
— — — —

Nei, frisk I Journalister! hvæsser eders Rævekløer kun paa Klippen.
I rive kun Blomster løs og lidt Mos til en blød Grav.

Som Insektets Stik i Muslingen, avler Fornærmelser kun Perler i mit Hjerte.
De skulle engang pryde min Aands Diadem.

*Jeg* hade? Naar en Fugl flyver over mit Hoved, er mit Had flux tusind Alen
borte.
Det flyder hen med Sneen, det gaaer med de første Bølger fra Land og langt
ud i Havet.

Men hvi skulde ikke mine Aarer vredes?
Berøv ikke Landskabet dets brusende Bæk!
Høistærede Vidjebusker, tillader Bækken at skumme, naar den gaaer imellem
Stene!

Jeg elsker ikke evindelig blaa Himmel, som jeg hader dumme glanende Øine.
Har jeg ikke en Himmel, fordi den er fuld af drivende Skyer, Solens
Eventyrslande?

Og om jeg ingen havde, er Guds ikke stor og herlig nok?
Klag ikke under Stjernerne over Mangel paa lyse Punkter i dit Liv.
Ha, de blinke jo, som om de vilde tale til dig!

Hvor straaler Venus iaften! Har Himlen ogsaa Foraar?
Nu have Stjernerne lyst hele Vintren; nu hvile de og fryde sig. Halelujah!

Hvilken Rigdom for en Dødelig!
Min Sjel fryder sig i Himlens Foraarsglæde, og skal deeltage i Jordens.
Den tindrer stærkere end Vaarstjernerne, og den vil snart springe ud med
Blomsterne.

Herlige Aftenstjerne! Jeg blotter mit Hoved.
Som et Krystalbad nedfalder din Glands derpaa.

Der er Slægtskab mellem Sjelen og Stjernerne.
Den triner i Stjernelyset udenfor Ansigtets Forhæng, hvis Folder ere forsvundne.

Straalerne overgyde min Sjel med en Rolighed som af Alabaster.
— — — — —

Soleis kunde natura gjeva han trøyst i all sorg og strid. For der løyste det seg alt upp i større samanheng. Der gjekk alt etter høge, reine lover, og difor var der ingen vondskap, inga synd. Det hadde han forkynt alt ifraa «Skabelsen, Mennesket og Messias», at menneskja maatte verta naturleg att og laga seg etter naturlovene, um ho skulde vinna att uskylda si. I baae spelstykka hans fraa 1835, «Den indiske Cholera» og «Barnemordersken», er det natura som skal frelsa menneskja fraa valdsferd og annan styggedom; like eins i dikte «Den engelske Lods» fraa 1844. Og i 1842 ropte han til mannen:

aabn da Øjet for din egen
stolte Stammes
Viisdoms ømme kloge Ammes,
Alnaturens milde Pegen
paa sin stumme Kjærlighed!

Det var fyrr Darwin hadde sett fram læra um «striden for tilvære» i alt som lever. Daa diktarane fekk augo upp for denne harde sanninga, daa tok dei til aa kalla natura kjenslelaus og fann ikkje trøyst for lidingane sine hjaa ho, berre spott. Men kann henda Wergeland likevel saag ei større sanning; for naturgranskarane finn no ikkje lenger berre striden for tilvære i natura, men dei finn likso mykje samhjelp for tilvære. Og lidingane til den einskilde kverv ihop til mest ingen ting, naar han bèr dei ut i det veldige natursamanhenge og kjenner seg i samband med heimslovene. Daa vert han i sanning audmjuk og gjev seg viljugt under sterkare magter.

Det er vel det mest sermerkte i diktinga til Wergeland, den maaten han bøygjer seg for natura paa. Han laga ikkje «stemningar» av natura. Han kunde aldri nok faa prist «den uovertræffelige Natur», og aldri nok faa spotta dei som vilde mæla natura med kunstmaal. Han gav seg heilt burt i natursynene og naturgleda, og det er natura sjølv som talar i dikta hans.

Dei gamle natur-mytane heldt paa aa døy i folketrua; dei maatte falla for den nye vitskapen. Men Wergeland — likso væl som Shelley, som Victor Hugo — skapte mytar paa ny grunn. Dei gjorde paa nytt natura levande for menneskja; dei saag livs-lovene i alt som var til:

Se nøje, skal du øjne
det Store i det Smaa.
Sig Guddomstanker højne
paa Græssets veke Straa.
Dets Blegnen er et Minde;
og paa det faldne Blad
Moralen vil du finde
af Somrens Jubelkvad.

Lyt til, og hør Basuner
fra axnedbøjde Mark!
Der løbe Skjalderuner
i Træets runkne Bark.
Det slagne Straa har sjunget;
og Mossens elsgraa Hud
har Guddomshænder tunget
i Skjønhedslinjer ud.

Gejst er ei i dens Tanker,
der er saa sjelearm,
at han ei troer, der banker
en Puls i Blomstens Barm,
at Blade tale kunne
med Liv fra Træ til Træ . .

Wergeland saag det inderlege livssamanhenge fraa det minste til det største i natura, og han kjende seg i skyld

med det alt ihop. Han høyrde at «Jordklodens Hjerte slaaer»; han kalla baade stormen og smaafuglane for brør; han dyrka ein gamall løn som ættfar, og han kalla grasstraaa for syskjen. Han elska alt som levde, og han trudde at alt som han elska skulde fylgja med han til himmels, naar han døydde; det var mest ingen ting han gledde seg so til, som aa møta Veslebrunen sin att der.

Denne livstrua gav ein endelaus rikdom til diktinga hans. Det vart liksom i eventyre, at alt hadde ei sjæl og kunde tala. Og det fortalde honom eventyr. «Jan van Huysums Blomsterstykke» vart ei heil livssòge. «Svalen» bar bod um den ævelege kjærleiken.

Og naar live var ævelegt, kva kunde daa dauden ha aa segja? Han vart berre eit formskifte, ein yvergang fraa livsform til ny livsform. I «Skabelsen, Mennesket og Messias» hadde Cajahel og Obaddon, live og dauden, hjelptest aat med aa skapa verda og driva framvoksteren. Det høyrde med til dei fyrste grunntankane, daa dette verke tok til aa spretta i hugen til Wergeland, at — som han kvad i 1827 — «kun en Fødsel var Dig din Død».

I det heile er det merkelegt, kor tidleg han tok til aa gruna paa dauden. Han var ikkje meir enn 19 aar gamall, daa han tok til aa spaa at han skulde døy ung, og han kvad sjølv liksongen sin, og ropte: «Hilset min Borg, min Gravborg, min Trøstborg!» Alle sorger i ungdomen tok han so hardt, so han tykte dei maatte sprengja live hans. Og kannhenda hev han alt den gongen — so frisk og sterk som han syntest — kjent tæringa i seg. Det tykkjest ha vore tæring millom ættfolke hans; av sonene til general Aubert, syskjenbarna hans, saag han den eine etter den andre døy i unge aar, og me veit, at Wergeland sjølv midt paa sumaren 1836 maatte halda seg inne eit par maanader for sjukdom. So sterkt og heitt som han levde, so maatte vel sjukdomen ha lett for aa vinna paa han. Og tanken paa dauden fylgde med han gjenom heile live. Helst naar han stod i strid og

slag, kunde det koma yver han slik ein lengt etter ro og fred i «en lav og mosset Grav»:

Engang hist i det Blaa for mig
og kjærligt Vindu aabner sig,
naar Dagen er for kold mig bleven,
om Sne ei er paa Issen dreven.

Sterkare og sterkare sette dauden seg fast i naturkjensla hans. Vaaren 1838, med same han hadde flutt ut til Grønlia, kvad han til den blømande heggen utanfor stuga si:

Til næste Vaar du skal maaske
bestrø min Gravhøi med din Sne;
kanhænde den i Bægret drysser,
som jeg, der Brud ei har jo, kysser.

Ryst lystigt Perlekronen af,
om saa det bli'er, du strør min Grav!
Gid sjelfuld Ynder af det Skjønne
gjør den til Græsbænk i det Grønne!

Der, Uven, sæt dig, om du tør,
og elsk Naturen meer end før!
Da skulde du vel ogsaa fatte,
hvad Bund den i min Cithar satte.

Det var natura som hadde gjeve diktinga hans liv, og den hadde lært han elska dauden òg. Elsken til dauden høyrde med i elsken hans til live. Snautt nokon diktar hev vel vore slik ein livsdyrkar som Wergeland, og det han helst song um, det var um livsvokster og ny-gror. Det som vart, det som heldt paa aa verta, det som braut fram for fyrste gong, — alt det hadde største rome i hugen og kjærleiken hans. Difor vart han den store vaar-diktaren i bokheimen vaar. Men han saag so væl, at alt nytt liv føddest av daude, og difor var dauden med i sjølve vaar-songen hans. «Bed om en Grav, mens Du er rød», kvad han i 1843, og daa dauden kom til han sjølv med fyrebod, daa han endaa snautt var 36 aar gamall, daa saag han live og vaaren i dette òg:

Det Iisdryps Rislen i min Barm . . ?
og disse Stik af Ild . . ?
Lad Døden kalde det sin Seir!
Det er min Himmels Foraarsveir,
dens Vaarfrembrud — snart kold, snart varm,
min Saligheds April.

— — — — — — — — — —

. . O Følelse som af et Bad!
Jeg Alt tilgivet har.
En Finger paa mit Øje kom.
En Engels; det min Moders var.
Nu er min Sjel en toet Blom,
saa nyfødt, barneglad.

Med denne kjensla var det han laag paa den aarlange sottesenga si. Og soleis var det ikkje dauden som vann paa han, men han som vann paa dauden. Han tok dauden upp i sjølve livsstriden sin, og sottesenga hans vart ein einaste stor sigersong. Sjukdomen tok mykje nattesvevnen fraa han; men det vart berre ei hjelp for han til aa gjera arbeidsdagen so mykje lengre, — no kunde han ta fat klokka 4 um morgonen i staden for klokka 6. Lækjarane forbaud han aa arbeida; men live var ikkje anna enn arbeid for han, og so dreiv han hugheilt paa.

Embætsgjerninga si i riksarkive røkta han so godt som raad var heilt ut paa vaaren 1845. Og elles var han med fullt hjarta med i alt som var uppe i samtida. Han skreiv vers til det frigjorde norske orlogsflagge; han slost i blada for jødesaka; han sette upp planar for eit godt fengselsstell; han skreiv innlegg imot brennevinsforbod; han eggja stortingsmennerne til strid for ei frilynd dissentarlov; han heldt paa med blade sitt «For Arbeidsklassen». Det fyrste han tok paa med, etter han hadde vunne yver den fyrste harde sjukdomsrida, var at han gjorde ferdigt det store dikte «Den engelske Lods», som han hadde halde paa med sidan fyrre sumaren. Og straks etterpaa skreiv han diktsamlinga «Jødinden». Dei tri siste maanadene av 1844 arbeidde han idigt paa aa støypa um i ny form det store ungdomsverke sitt «Skabelsen, Mennesket og Messias».

Ingen ting syner betre det faste samanhenge i live hans, enn at han, daa han visste han skulde døy, tok fram att det verke som han hadde skapt i modig ungdomstru og sett upp til lovbok for all si gjerning. Han kjende det som ein skyldnad paa seg, at det dikte som han hadde gjeve seg sjølv heilast i, det maatte liggja fullgodt etter han. Og han turvte ikkje dikta det um att, ikkje brigda paa grunntankane. Han hadde endaa den same framgangstrua, — trua paa den ævelege voksteren, paa aanda som stridde seg alt friare og friare, høgare upp til fullkominga. Difor var det fyrst og fremst berre sjølve diktforma han vilde bøta paa. Men dessutan kunde han no leggja større klaarleik og rikdom i tankane, og endaa han strauk og drog ihop mange stader som han fyrste gongen hadde vore for vidsveimd, so vart verke likevel ikkje mindre romfrægt; for han hadde mykje tillegg aa gjera òg. I fyrste utgaava hadde han skildra mannesoga so fyllt med valdsferd og lygn, trælking og ovtru, so ein mest ikkje kunde skyna korleis der vart rom for framgangsmagter. No skaut han inn midt i den fæle forvillingssoga eit «Hjerternes Mellemspil», so me ser at kjærleiken levde frisk og megtig under trældomen og førde aand til aand. I ein annan ny bolk «Himmel og Helved» synte han korleis vondskapen vart ei pine for sjølve dei som fór fram med illgjerningar; for dei kunde ikkje røma ifraa seg sjølv. Og menneskja hadde ikkje orka leggja sjølve natura i øyde, og fraa den grodde det alltid nye livsmagter. So vart det daa ein naturleg vokster fram til Jesus. Og med di voksteranken soleis vart klaarare for diktaren, vart det ein naturleg trong for han aa skildra framgangen etter Jesus òg. So dikta han ein ny bolk til slutt, som han kalla «Jesu aandige Opstandelse», og der synte han i snøgge spaadomar sigeren for kristendomen fraa hundradaar til hundradaar fram-etter. Det var ein kristendom som ikkje var lære, men liv og gjerning. Det var nett ein led i framgangen, at læresetningane meir og meir fall burt, og Jesus fekk si uppstode i mannehjarto og i daad. Det var menneskjekjærleik som meir og

meir skulde binda heile verda ihop, og det var ein kjærleik som ikkje kunde leva turr og gjerandslaus, men maatte arbeida og stræva med aand og med hand.

Endt er den fæle, lurende Fejde
imellem Rigdommen og Arbejde.
Rigdommen bleven er kjærlig,
lykkelig Fattigdommen og ærlig.
Ej Pjalter sees, ej misnøjd Mine,
ej selv i de maalløse Verdensstæder.
Den glade Arbejder nu bor i sine
alleebeskyggede Vaaningsstræder,
saa hvide og rene
som Rigmandspalladsernes Marmorstene.

Det var ein kjærleik som gav jamgod rett til alle, til mann og kvinne, til kvart eit folk paa jorda, og difor var der heller ikkje noko forbrot, ingen strid millom dei einskilde, ingen ufred millom folka.

Nu have ej Fængslerne meer nogen Fange,
Kornbinger blive de ledige Celler:
Fæstninger og Citadeller
forvandles til Haver og Lystfartsgange. — —
Karonader, Kanoner
Mordene udsoner;
som Ploge, som Huse, Maskiner og Baner
de vise sig nu som Lysets Underdaner. — —
Armeernes ledige Hænder
tilbage til Plogstyret vender.
Genierne styre
sig paa noget nyttigt Uhyre:
paa Kajer og Dokker
med Klipper til Blokker,
paa Kjæmpediger,
fra Havet erobrende hele Riger,
paa Veje, der have slig snorlige Hast,
at Bjergene brast.

— — — — —

Jordkloden Selv er som bleven besjelt:
i rene Republiker overalt inddelt, — —

store og smaa, efter Sprog og Stamme.
begrændste alene,
ej efter malede Milepæle
eller en Ramme,
som udkvadrerer et Kvantum Sjæle.
— — —
Nu styrer Dyd og Geni,
Fortjenesten hædres,
Talentet belønnes,
Livet forbedres,
Jorden forskjønnes;
hvergang den grønnes
smiler den somom dens Masse af Leer
følte sig fri,
henrykt ved al den Lykke den seer.

Soleis maala Wergeland ut, med dauden for augo, den framtida som han drøymde um og arbeidde for, — sigeren for kjærleik, fridom og sanning, for dei store tankane som hadde bore heile live hans. Og det som han soleis forkynte i veldige syner i diktverke sitt, det la han fram som stutt morallære for aalmugen i «Normandens Katechisme», ei av dei gamle aalmugesskriftene sine som han no tok og laga heilt um. Der samla han i fyndige setningar tankane sine um trudom og riksstell, — kva han kravde for Noreg av fridom og folkestyre, sjølvstende og fred.

Han hadde den gleda, at gjerninga hans no fekk rik fagnad hjaa det norske folke. Vitskapssellskape i Trondheim gav pengar til aa prenta dikte «Mennesket» for. «Den engelske Lods» vart utseld paa mindre enn eit halvt aar og maatte koma i nytt upplag. Aalmugesfolk skreiv til han og takka han for det han hadde gjort for dei, og spurde um dei kunde hjelpa han paa noka vis. Stortingsmenner og statsraadar og hoffolk kom og helsa paa han, og kongen og dronninga sende dyre gaaver. I blada kom det ærevers til han, og han kunde med sorgblanda glede skriva:

Nu, da jeg neppe har to Pægle Blod,
nu er jeg vakker og nu er jeg god,
nu da jeg blegner,
Byster man gjør og Portrætter man tegner.

Det gildaste av alt likevel var at dei gamle venene no kom tilbake og forlikte seg med han, — baade L. K. Daa, Lerche og mange andre. «De have indseet,» skreiv han, «at jeg dog har gaaet «beint fram» bestandig, og altid været den gode Sag trofast.» No kjende han seg so glad og trygg; no var det liksom alt jamna seg for han. «Nu kunde jeg leve i Fred og Ro med alle Mennesker, og man vilde ikke forbittre mig Resten af Livet,» skreiv han.

Minna fraa gamall strid melde seg likevel. Han fekk krav paa krav for alle dei pengane han hadde maatt gaa inn paa aa løysa seg med i Praëm-saka, og straks etter nyaar 1845 saag han seg inga anna raad enn aa lysa huse sitt til fals:

Nu skal jeg blive — o saa arm,
saa arm som ribbet Straa:
    mit Huus og Grund,
    min Hest og Hund
skal sælges nu i denne Stund.
Men jeg har noget i min Barm,
    Juristen ei skal naa.

— — —

Begyndt er nok Auktionen alt.
Tænd mig en Pibe nu! . . .
    Ræk mig lidt Vand! . . .
    Jeg er en Mand;
dog stundom svimler ogsaa Han.
Mit Huus er med min Sved betalt;
    det kom mig blot ihu.

— — —

Jeg finder vel et Tag et Sted;
og er det ikke nok?
    Snart fire Bord
    og sex Fod Jord
er nok for aldrig En saa stor.
Min Genius skal flytte med,
    min Viv, min Dueflok.

Me ser bitterleiken hans i «Normandens Katechisme», der han spør kva for ei bygdeplaage er verst, anten ein graabeinflokk eller ein skinnar av ein prokurator, og han svarar:

Om Vargerne kom ned som Lemæn ifra Aasen,
som Feler tynde og som Skygger rappe,
af Spiltoug Øikjen tog og Kua ud af Baasen,
en slig Person er værre,
ja værre end den Onde;
thi det er Kuas Herre,
det er den arme Bonde
han Skindet af vil nappe
og tappe.

Han maatte selja den kjære «Grotten». Han søkte stortinge um aa faa søksmaalskostnaden ettergjeven; men stortinge vilde ikkje gaa med paa det. So tok han til aa byggja seg eit nytt hus for dei pengane han fekk att for «Grotten», — ei lita «husmannsstuge» uppi Pilestræte. Og denne byggjinga sette han store voner til; han drøymde alt um korleis han der skulde stella seg rett paa norsk gjerd, med plankebord og kubbestolar, eta i kjøken i lag med guten og gjenta, og leva millom hestar, griser, kaninar, sauebukkar og høns. «Det skal gaa!» var endaa det modige hærrope hans.

Det siste han gjorde, med han budde i «Grotten», var at han skipa eit «Kaal- og Rot-Selskab», som han sette upp lover for og valde seg sjølv til president for. Dette sellskape hadde til fyremaal aa læra husmannsfolk til aa dyrka nyttige hageurter, og i dei fjortan dagane det var til, heldt det møte mest kvar einaste dag, kjøpte frø av rotkaal, hovudkaal, grønkaal, næpe, pastinakrot m. m., og sende i smaapakker upp til husmennerne i Eidsvoll. Det var visst eit greitt sellskap aa styra; for i møteboka som Wergeland førde, med framlegg, ordskifte og vedtak, stend det for kvart møte: «Tilstede: Præsidenten solo.» For det var han sjølv som var heile sellskape, einaste lagsmann og einveldig styrar! Soleis laag han i senga og gjorde seg moro med arbeide sitt; so lenge han levde, var det gleda hans aa senda frø ut til folke sitt.

Sist i april flutte han inn i det nye huse sitt; han kalla det «Hjerterum» til vederlag for det som skorta paa husrom.

Her skreiv han livsminna sine, «Hasselnødder», noko av det friskaste han hev skrive; boka sluttar med at han læt hovudskaala si, etter han er død, halda ein frænologisk fyrelesnad um eigenskapane hans, blanda ihop av aalvor og skjemt. Han kjende seg endaa i pakt med live, og han bad til vaaren:

O Foraar! Foraar! red mig!
Ingen har elsket dig ømmere end jeg.

Dit første Græs er mig meer værd end en Smaragd.
Jeg kalder dine Anemoner Aarets Pryd,
skjøndt jeg nok veed, at Roserne ville komme.
— — —

O vidn da, Anemone, som jeg fyrigen har knælet for!
Vidner, foragtede Løvetand og Leerfivel,
at jeg har agtet eder meer end Guld, fordi I ere Foraarets Børn!

Vidn, Svale, at jeg gjorde Gjæstebud for dig som for et
hjemkommet fortabt Barn, fordi du var Foraarets Sendebud.
— —

Vidn, gamle Træ, hvem jeg har dyrket som en Guddom
og hvis Knopper jeg hvert Foraar har talt ivrigere end Perler!
— — — —

O Foraar! den Gamle raaber for mig, skjøndt han er hæs.
Han rækker sine Arme mod Himlen, og Anemonerne,
dine blaaøiede Børn, knæle og bede at du skal
redde mig — mig, der elsker dig saa ømt.

Nokre dagar etter — det var i mai maanad — fekk han sjaa det store livs-undere som alltid var like nytt og herlegt for han, at knuppane brast paa rosetrée hans, og han tykte dei kom med bod ifraa mor hans, som var død tvo aar fyrr, og skulde bu han til eit nytt liv; dette syne fødde det siste dikte i han, ein lovsong paa ein gong til vaaren og til dauden. Daa han var ferdig med livsminna sine sist i juni, tok han paa med eit lite nasjonalt spelstykke, «Amerikafarerne» (eller «Fjeldstuen»), og det er merkelegt nok, at han til dette siste verke sitt tok eit emne av den reine hulder- og bonderoman-

tikken. Med han laag paa sottesenga, var det at «Nye Digte» av Welhaven kom ut, med den fyrste blomen av den nye nasjonale romantikken i hulder- og segndikt. Wergeland gledde seg i denne diktinga, og i «Hasselnødder» gav han Welhaven gode lovord. No freista han seg sjølv med same slag emne, og endaa so sjuk han no var, med mange pinefulle lidingar, fekk han spelstykke mest fullferdigt; det er ikkje so mykje med det, men det er kvikt og gladlynt. Den 10de juli orka han ikkje lenger skriva sjølv, og sa daa kona si fyre nokre rettingar han vilde ha gjort i stykke; men ho greidde ikkje skriva, naar mannen soleis laag og skulde til aa døy. «Jeg har altid forlangt for meget,» sa han daa; «tilgiv mig!» Lækjarane trudde ikkje han kunde leva natta yver. Den dagen var det vel han fekk eit brev som den danske frilynde diktaren Goldschmidt hadde skrive til han den 7de juli, straks etter det skandinaviske studentmøte i Kjøpenhamn:

«Fra det første Øieblik jeg saa Dem — i Aandens Rige, thi det var i Deres Digterværker — har jeg elsket Dem. Jeg har tidt tænkt paa den Glæde det vilde være, engang at kunne hilse paa Dem.

Men nu have de norske Studenter sagt mig, at De er meget syg, dødssyg, og af Deres sidste Digt, «Den smukke Familie», seer jeg, at De selv tænker paa at drage bort om kort Tid.

Nu kan jeg ikke tie længere; det forekommer mig, at jeg aldrig vil faae Ro, naar jeg ikke faaer talt til Dem, naar jeg ikke faaer sagt Dem, at jeg elsker Dem.

Naar jeg tænker paa Dem, Wergeland, er jeg stolt af at være Menneske. Her have vi da en Mand, der seer Døden ind i Øinene, der synger som Gunnar, medens Døden borer sig mod hans Hjerte. Her see vi Syn for Sagen, at der gives en Udødelighed, at der af Gud er givet Mennesket en guddommelig Sjæl.

Wergeland! lad mig takke Dem for dette, og for alle de skjønne Timer, De har skjænket mig. Lad mig hilse Dem som den største af Nordens nulevende Digtere, som den Digter, der i sine Værker har fremkaldt for mig Billedet af en nordisk Granitklippe, hvoraf udspringe Sydens Palmer og gyldne Oranger.

O, gid denne Hilsen maa træffe Dem i Live! Naar De er dragen bort, vil hele Verden sige, hvor stor og herlig De var; jeg vil sige det til Dem selv; De skal modtage min ærbødige, ærefrygtsfulde Hylding, medens De endnu er paa Jorden. Og er end min Stemme kun svag, saa er den dog

en menneskelig Stemme; eiede De end kun min Sjæl, saa eiede De dog en menneskelig Sjæl, som er det Høieste, et Menneske kan erobre.»

Dagen etter tok dødskjølda til aa stiga upp i lemene hans, og han vart fri all verk og pine. Daa det leid til klokka 1 næste natta — det var natta fyre 12te juli 1845 — vakna han or ein liten blund og sa: «Nu drømte jeg saa sødt; jeg drømte at jeg laa ved min Moders Arm.» Det var dei siste orda hans; eit par minutt etterpaa sovna han att stilt og fredleg, og sov seg inn i dauden.

Daa det spurdest uti byen, at Henrik Wergeland laag paa det siste, sanka det seg um kvelden og natta ein heil flokk med menneskje i tune utanfor «Hjerterum», og daa han var død, vilde dei inn og sjaa han for siste gong. Folk kom langveges fraa, og daa dørene vart opna, var det slik tilstrøyming, so dei stod i rekkje og rad og venta paa aa sleppa inn. Kista hans vart reint fyllt med blomar, og folk grét høgt.

Jordferda var den 17de juli. Ho gjekk ifraa «Hjerterum» til Vaar-Frelsar-kyrkja og so til gravlunden. Alle gatene var svarte av folk, og so stort eit fylgje var aldri sétt i Kristiania. Hærfolk var sett ut til ære for diktaren, studentane bar kista, det nye studentsongarlage song i kyrkja, statsraadar og stortingsmenner gjekk med i fylgje, skutene paa hamna flagga paa halv stong. Presten Biørn tala i kyrkja yver «Norges første Digter, Frihedens varme Talsmand, den Fattiges og Forladtes Ven og Fader», og Eilert Sundt tala for studentane og takka for livsverke hans. Det var liksom alle skyna, at no var ein konge i Noregs-soga burte.

## XIV.

### Etterverknad.

Ord? Som Verden saa foragter?
  Ord i Digt?
Endnu meer foragteligt?
Ak, hvor usle disse Magter
  til at fegte
for den Sandhed I fornegte!

— — — — — —

Fremad, med Viziret lettet,
    Sandhedsord!
Thi den største Magt paa Jord
Eder er af Gud forjettet:
    at I kunne
ikke dø, I Sandhedsmunde!

Wergeland var død. Men verke hans levde etter han, — levde i skriftene hans, og levde i den ungdomen han hadde sett aandsstempelen sin paa.

Det er sant som Henrik Ibsen hev sagt, at Wergeland var altfor «subjektiv» i diktemaaten sin, til at han kunde samla ein kunstskule kringum seg; men det var nett dette «subjektive» som diktarane fyrst og fremst maatte læra, og det var det som Wergeland lærde dei, — aa slita seg laus ifraa gamle band og former og skapa seg ny form for aandsinnhalde sitt. Han var i diktekunsta den store frigjeringsmannen som gjorde ende paa all «skule», og det var hans gjerning som gav Henrik Ibsen mod til aa ropa til dei regelstrenge kunstdomarane: er ikkje verke mitt kunst, so skal det verta det; kunsttanken skal koma og bøygja seg etter verke! Difor var det naturlegt, at daa det i 1863 galdt um aa faa stortinge til aa løyva diktarløn — den fyrste i Noreg — til Bjørnstjerne Bjørnson, daa minte Johan Sverdrup um Wergeland til vitnemaal um at store diktarar gjer best gagn for folke sitt, naar dei fylgjer sine eigne lover, og den gamle venen til Wergeland, rektor Holmboe fraa Bergen, la sitt ord inn for den unge arvtakaren.

Det er sant òg, at mange av dei som hadde fylktest under merke til Wergeland og ropt hurra til talene hans, dei hadde ikkje fullt og inderleg eigna til seg tankane hans, og daa nye straumar sette inn i tida, helst i den store bakevja etter 1848, daa svinga dei med og vart likso brennhuga bakstrævsmenner som dei fyrr hadde vore framstegsfolk. Men sume var det daa alltid som heldt tankane hans uppe og stemnde fram etter den leida han hadde lagt. Diktaren Sylvester Sivertson, som hadde vore med baade i «Dæmrings»-

striden og i «Statsborgeren», fekk i 1847 studentsamfunde med paa aa beda folk yver heile lande skjota ihop til ei minnestytte; men «Den Constitutionelle» skreiv imot, og det gjekk seint og smaatt med innsamlinga. Det var svenske jødar som fekk reist stytta paa grava hans i 1849; men dei jødane som skulde vera med paa vigjingsfesten, laut faa fribrev hjaa regjeringa; for det var ikkje fyrr i 1851, at stortinge tok ved jødeframlegge fraa Wergeland. Etter tiltak fraa studentsamfunde gav Hartvig Lassen ut skriftene hans i samla utgaave 1851—1857; bokreidaren var Chr. Tønsberg, som hadde grunnlagt bokhandelen sin paa nokre restar av Wergelands-upplag han hadde kjøpt det siste aare diktaren levde. Men det var ikkje mange som las i desse ni digre banda. Det var, fortèl Paul Botten-Hansen i 1851, «en Modesag at hæve ham over al Ros og Dadel, men ogsaa over et ved flittig Læsning stiftet nærmere Bekjendtskab». Ja, den gamle «intelligens»-krinsen vilde i det heile ikkje lesa han, berre dreiv paa med det gamle gnaale um «Raaheden» hans. Bystyre i Kristiania sette i 1852 til ei nemd som skulde velja namn til dei nye gatene i byen; den nemda var Welhaven med i. Men baade nemda og bystyre var altfor fine til at dei kunde lata den gata som gjekk upp framum «Grotten» faa ha det namne som ho alt hadde faatt i folkemunn, — «Wergelandsbakken»; dei røysta ned det namne, og kalla gata for «Lille Parkvei». Det var den same fine krinsen som tok herrevelde i aandslive dei fyrste ti-femtan aara etter Wergeland var død, og Tønsberg vart den store bokreidaren for alle hovudverka til den nye tidbolken.

Romantikk og skandinavisme — det var dei tankane som raadde i norsk bokheim fraa 1845 og utetter. Og hovdingane var dei gamle motmennerne til Wergeland, — Welhaven, Jørgen Moe, Schweigaard, P. A. Munch. Daa han laag paa sottesenga, hadde han spurt: «Hvor ligger det berømte Land Scandinavien?» Og han hadde sjølv svara:

Jeg stirrer hvad jeg kan igjennem Luftens Blaanen;
thi ligger det etsteds, det ligger nok i Maanen.

Men eit par veker fyrr han døydde, samla studentane fraa Noreg og Sverik seg i Kjøpenhamn og lova aa strida for «Norden» som for eit fedreland. Og dei festane til fedreminne han hadde faatt i stand, dei vart umgjorde til hovudfestar for skandinavismen. Det var mest likt til at dei nye ættene vilde brjota ned alt hans verk.

Og likevel levde han med jamvel i denne tida. Det var nasjonalromantikken som var sterkaste magta no, og den hadde daa han vore med og fyrebudd. Han hadde hjelpt til aa vekkja den sogusansen som gav fagning til storverke aat *P. A. Munch*. Han hadde vore med og mana fram den gamalnorske bokheimen som *C. R. Unger* no gav ut. Han hadde lovprist og dyrka den norske bonden som diktarar og maalarar no tok til kunst-emne. Han hadde leita etter den folkeviseskatten som *M. B. Landstad* lyfte i dagen. Og naar det galdt um aa gjera alt dette norske levande att, daa var han endaa den sanne merkesmannen. Daa *Ole Bull* i 1850 skipa det fyrste norske teatre i Noreg (i Bergen), daa hadde han tenkt aa bruka «Fjeldstuen» av Wergeland til opningsstykke, og han fekk det i minsto fram straks etter opninga; han hadde sjølv sett tonar til det, og han hadde henta bønder inn til byen til at vera med og dansa i det. Daa so eit norskt teater vart grunnlagt i Kristiania òg i 1852, vart eit anna stykke av Wergeland, «Søkadetterne iland», gjort i stand, og det var sjølve den store tonemeisteren i nasjonalromantikken, *Halfdan Kjerulf*, som dikta tonane til. Til maallærar paa dette teatre fekk dei den mannen som gjorde det til si livsgjerning aa føra norskt tilfang inn i bokmaale, — *Knud Knudsen*. Men den andre maaltanken til Wergeland, den um eit bokmaal bygt paa fullnorsk grunn, den tok samstundes *Ivar Aasen* upp til arbeid. I alt nasjonalt stræv fører traadane attende til Wergeland.

Ein kan segja at det var ikkje det sterkaste i han som var med i nasjonalromantikken, og at det var andre som mest hadde bore den fram. Og det er sant. Lengten etter det nasjonale hadde alltid brunne i han; men det var noko

av ein ulukkeleg elsk. Han var jamt paa leit etter norskdomen, liksom kongsdottera som flakka gjenom myrkskogen og yver bratte berg og skulde finna kvitbjørnprinsen sin. Men han slapp aldri inn i eventyrslotte og fekk ikkje lyfta arven etter den gamle norske folkediktinga. Vinje kunde difor nok ha altfor mykje grunn for seg, naar han dømde, at «er nokon Ting unational, so er det Størsteparten af det, som han skreiv».

Men det nasjonale er ikkje berre det som er i pakt med fyrrtida. Det er nasjonal gjerning òg, aa byggja framtida. Og Wergeland hev skapt ny nasjonal rikdom, for di han hev vore med i alt nytt som hev laga seg til i Noreg.

Daa *Marcus Thrane* i 1848 for fyrste gong reiste det norske arbeidsfolke til samfundsstrid, daa kunde han visa til Wergeland som fyregangsmann, endaa Wergeland aldri hadde sétt ei sjølvstendig arbeidarrørsle; so langt fram bar grunntankane hans. Men endaa heilare var han med i det som vart fyrste frukta av arbeidarreisinga, — at bondepolitikken vart sprengd og laga seg um til rein vinstrepolitikk. «Krydseren», det blade som *Ditmar Meidell* tok til aa gjeva ut i 1849, og som vart det fyrste hovudblade for den nye politikken, viste i sak etter sak attende til Wergeland. Og det var ikkje slump at *Johan Sverdrup*, han som klaarast av alle sette prinsipstrid i staden for klassestrid til grunnlag for norsk politikk og vart den store føraren for frilyndt framgangsarbeid i landet, — at han i 1841 hadde gaatt arm i arm med Wergeland; han gjorde seg alltid — som han sa i stortinge 1868, daa det var spursmaal um æreløn til Welhaven — «en Ære af at holde den Mand oppe, som nu ligger i sin Grav med Anerkjendelse af, at han ligger der som en udødelig Skjald og Norges første Digter».

Like eins var det heilt etter tanken til Wergeland, det arbeide for folkeupplysning som arbeidarrørsla gav tilstøyten til. Hovudmennerne i «Selskabet for Folkeoplysningens Fremme» som vart skipa i 1850, var slike folk som Eilert Sundt, Ole Vig og Hartvig Lassen. *Ole Vig*, den fyrste

styraren for «Folkevennen», skunda seg straks i fyrste aargangen og skreiv um livsverke til Wergeland. *Hartvig Lassen*, ettermannen hans i «Folkevennen» og i meir enn 30 aar styrar for det andre aalmugesblade «Skilling-Magasin», samla skriftene til Wergeland i ei stor utgaave og skreiv den fyrste heilstøypte boka um han. *Eilert Sundt*, den same som hadde tala i likferda hans og forkynt at «de Ideer, hans Aand undfangede og bar til Verden, de skulle gaae med voxende Styrke gjennem Livet og udbrede Friskhed og Virksomhed trindt omkring», — han gjorde det til sitt yrke aa granska livskaara til det norske folke, og han skapte nytt grunnlag for arbeidarrørsla, daa han i 1864 skipa «Kristiania Arbeidersamfund» med den tanken aa sona all klassestrid gjenom rettferd imot alle. Av disse tri mennerne var det vel Ole Vig som fekk mest aa segja for den nye ungdomen i lande. Hans ljose tru og hans sterke framgangsvilje vart ei livsmagt som fengde hjaa so ulike aander som Bjørnson og Vinje.

Kringum 1850 var det ei ny ungdomsfylking som gjekk fram til strid i Noreg og snart skulde hærtaka lande. Eg hev alt fyrr i denne boka peikt paa den merkelege røynsla, at dei norske aandshovdingane liksom hev kome i store sett. Fyrst er det den store flokken som er fødd i strids-aara 1808—1814. Og so kjem det eit nytt sett som veks upp i den nye stridstida som Wergeland var hovudmannen i. Det er slike som Henrik Ibsen (fødd 1828), Bjørnstjerne Bjørnson (fødd 1832), Jonas Lie og Sophus Bugge (fødd 1833), Ernst Sars (fødd 1835). Og ein kann telja ihop med desse ein mann som Aasmund Vinje, som var fødd alt i 1818, men vart vaksen samstundes med dei andre. Det var desse mennerne som ifraa 60-aara og utetter skapte ei ny tid i Noregssoga.

Det hadde vel noko paa seg, at so mange av desse unge hadde til lærar ein gamall ven til Wergeland, ein som hadde vore med han i striden imot Welhaven og «danomanane», — skulestyraren *Heltberg;* paa studentfabrikken sin i Kristiania stridde han no dagstøtt imot «raaheita», og hyvelen

hans var med og fekk skikk paa mykje av det beste av den norske ungdomen fraa 1850. Og me ser tydeleg, at Wergeland sette livsgror i den nye voksteren. *Henrik Ibsen* vende seg i 1850 «Til Norges Skjalde» med spursmaal um kvifor dei ikkje song um notida i staden for um fyrrtida:

Er ikke den Gnist som I eie da kun
En Gave jer skjænket til Nytte for Folket,
Der kræver af Skjaldens begeistrede Mund
Sin Smærte, sin Lyst og sin Længsel fortolket?

Og at Wergeland her var i tanken hans, det hev me vitnesburd um i det at han nett samstundes kalla den gjenta han elska for «Stella».

*Vinje* hadde ikkje noko kjærare dikt enn minnekvæde av Wergeland yver den irske fridomsmannen Robert Major, han som drap seg av lengt etter fedrelande sitt; «jeg hørte ham aldrig citere det, uden at jeg så tårer i hans øjne,» hev Bjørnson fortalt. Daa *Jonas Lie* um vaaren 1852 vigde *Bjørnson* til diktar med det fyrste dikte sitt «Dovreskjalden til Bj. Bj.»[1], daa gjorde han det med reint ung-wergelandske vers:

Som Rauma bruste i dit Blod
— en Odefos i Regnbuklæder,
et Heltedrapa, Dovre kvæder —
saa *en avant* med freidigt Mod!

Dens Bølger spydblaa rulle frem!
Ha! Som til Skjaldens Harpe runger
et Kvad om Slag fra Sverdetunger,
en Fos af hjelmbedække Mænd!

Det Kvad er norskt, han sjunger frem!
Du hører Bjørnestrængen dirre
i Fossens Sus og Sverde klirre,
mens Liljer bølge sig om dem.

— — — — — — — — —

O! hvad der bor i Fossens Skjød.
Ifra dens vilde Fantasier
faar Norges Feler Melodier
og henter Norges Sprog sin Glød.

[1] Prenta i «Buskeruds Amtstidende» 1906, jolenumer.

Og Dovres Sang du grant forstod;
thi hver Ide den Skjald forærte
et Klæde vævt i eget Hjærte;
saa sjung da norsk med freidigt Mod.

Bjørnson var i sanning rette ervingen til Wergeland. Det fyrste spelstykke han skreiv (med han gjekk paa skulen hjaa Heltberg) var eit framhald til det siste Wergeland hadde skrive. Og Bernhard Dunker, han som hadde vore ein av dei fremste motmennerne til Wergeland, men som vart ein god hjelpesmann for Bjørnson, sa ein gong at dei var so like kvarandre som eit par hender. Det var med fullt vetende at Bjørnson vilde taka upp arbeide etter Wergeland, og det som aller mest batt han ihop med den store fyremannen, det var den brennhuga framgangstrua.

Endaa fram til midten av 60-aara var det fyrrtid-draumane som raadde sterkast i den norske bokheimen. Men modige ungdomstankar braut seg meir og meir fram, og merke for det nye Noreg vart reist i 1867 i blade «Vort Land», som dei gav ut, «nogle Mænd, som ikke have opgivet Troen paa vort Lands Ret og Evne til at bestaa som selvstændigt Rige». Det var striden imot skandinavisk samrøring og nasjonal sjølvtyning som her paa nytt vart reist, og hovudmennerne var maalmannen Vinje og sogugranskaren *Sars*. Sars hadde i 1863 lagt det historiske grunnlage for dette nasjonale sjølvstende-arbeide, og det var til røyndar ein gamall tanke til Wergeland som han bygde paa, — tanken um den nasjonale folkevoksteren tvert igjenom «dansketida»; med di denne sogutanken no fekk studnad i ein ny filosofi og i lærd etterrøkjing, vart han ei levande framgangsmagt i det norske nyreisingsverke.

Det var teikne paa eit heilt tidarskifte, at bystyre i Kristiania hausten 1864 døypte «Lille Parkvei» um att til «Wergelandsveien». Endaa var det intelligensmennerne som raadde i hovudstaden; baade ordførar og borgarmeister (Birch-Reichenwald og Fougstad) var gamle hovdingar i striden mot Wergeland. Men no vart den nye namnfestinga samrøystes god-

kjend, og gatenemda sa, at «Grunden af sig selv vil være indlysende».

I dette same aare 1864 leid romantikken og skandinavismen sitt store nederlag, daa det norske og det svenske folke ikkje vilde halde dei lovnadene som uandsvarlege menner hadde gjeve Danmark um krigshjelp. Det nederlage var sigeren for Henrik Wergeland. Det var det som dreiv Ibsen burt ifraa fyrrtid- til samtid-dikting. Hausten 1864 tok han paa med eit stort klagedikt imot folke sitt; der skildra han med spott 17de-mai-festen 1833 og dei store orda Wergeland hadde tala til folke um fedreminne. Men i same dikte tok han upp den fyrelòga Wergeland tretti aar fyrr hadde sett diktarane:

En Digter følger Folkestrømmens Retning.
Vel sandt, — i Spidsen skal hans Banner slaa;
men bent til Maalet frem han *vil* og *maa*,
hvor Tidens Gaade peger mod sin Gjætning.
Han løser Folkets Længsler med sin Sang;
han skrifter Brøden, tolker lydt dets Anger;
han sukker ud dets Angst, — dets dulgte Trang
i Ord han klæder. Derfor er han Sanger.

Me veit at Ibsen nyleg daa hadde lese Wergeland; han hadde brukt han i striden for norskt teater i 1861 og jamvel sett han yver dei «intelligente» i smak. Men me veit òg, at Ibsen helst ikkje vilde vera ved at han lærde noko hjaa Wergeland. Skodespelar Gundersen hev fortalt, at han ein dag — det maa visst ha vore um vinteren 1863—64 — kom inn til Ibsen, og Ibsen gøymde daa burt ei bok han sat og las i; men med' han var ute ei stund, saag Gundersen etter, og daa var det ei bok av Wergeland. Anten no Ibsen vilde vera ved det eller ikkje, so var det egte wergelandske tankar han tok upp, daa han i 1864 slo inn paa notid-diktinga. Grunnkrave i «Brand», at ein mann skal vera seg sjølv og gjeva seg sjølv fullt og heilt, det vart den sterke tonen som klang igjenom alt han sidan skreiv, og i 1882 skreiv han til Bjørnson, at det høgaste ein mann kann naa til, det er «i

sin livsførelse at realisere sig selv». Dette er til røyndar innhalde i det framgangskrave Wergeland hadde sett upp i «Skabelsen, Mennesket og Messias», og han hadde ropt med ord som kom att hjaa Ibsen:

Vær i Et og Alt dig Selv!
Det er Sejrens Kunst, min Sjel!

Difor er det ikkje undrande, at naar Wergeland hadde samla krava sine i dei tri orda fridom, sanning og kjærleik, so slutta Ibsen det fyrste samfundsstykke sitt med dei orda: «Sandhedens og frihedens ånd, det er samfundets støtter», og sanning og fridom sette han til fyremaal baade i «En folkefiende» og i «Rosmersholm», ja i grunnen i alle samtidstykka sine.

I same maanaden som «Samfundets støtter» kom ut (oktober 1877), heldt Bjørnson den namngjetne tala si um aa «vera i sanning», og det var i det heile dette sanningskrave som lyste yver all den upprørske samfundsdiktinga i Noreg fraa 70-aara og utetter. Men Bjornson tok dessutan med i gjerninga si det wergelandske orde som Ibsen ikkje hadde rom for: kjærleik. Pligtene mot næsten vog likso mykje for han, som pligtene mot seg sjølv. Og difor kom han so nær som ingen annan til dei livslovene Wergeland hadde sett upp. Han hadde so mykje sterkare samkjensle med alt som levde, enn Ibsen; difor fekk han større naturrikdom inn i diktinga si, og difor aatte han meir av arbeidshuga tru. Religionen hans vart gjerning. Den siste romanen sin skreiv han yver orde: «Der bra folk går, der er guds veje», og paa same maaten hadde Wergeland paa sottesenga prist «en Bravmands Hjerte» for beste barlasten paa ferda til himmelen. Det var den ævelege framgangen Bjørnson arbeidde for og trudde paa, og han vart liksom Wergeland ein vaar-diktar framum alt; dei hadde baae tvo valt seg april til onnetid. Wergeland er atterfødd, berre rikare og mognare, i den diktaren som hev kvede:

Ære det evige forår i livet,
som alting har skabt!
Opstandelsens morgen det mindste er givet,
kun former går tabt.
Slægt føder slægt,
stigende evne den når;
art føder art
i millioner af år.
Verd'ner forgår og opstår.

— — —

Bland dig i livsfryden, du, som fik være
blomst i dens vår,
nyde et døgn til det eviges ære
i menneskekår,
yde din skjærv
ind til det eviges hverv,
liden og svag
ånde et eneste drag
ind af den evige dag!

Det var framgangstrua, framgangsgleda, framgangsviljen som var sterkaste magta i live og gjerninga til Wergeland, — framgang ikkje berre for den einskilde, men for all menneskja, ein framgang i inderlegt samarbeid. Og det er nettupp dette som mest av alt hev bore Wergeland med inn i ettertida. Han hev havt den lukka som ikkje timest mange menneskje, at det hev staatt strid um han etter han sjølv hev gaatt burt. Meir og meir hev det vorte so, at alle meiningsflokkar hev vilja taka han til skjold for seg; for dei hev skyna, at den som hadde Wergeland med seg, aatte framtida.

Kvassaste striden stod det i 1881, daa minnestytta hans vart reist i Kristiania, og det var nett paa den tida daa motsetningane i det norske samfunde braut seg hardast imot kvarandre i strid paa liv eller daude. Spursmaale var kven ein skulde minnast og festa for, — anten «bureauchef Wergeland» eller den store framgangskjempa. Det var den gamle innsamlinga som studentsamfunde hadde sett i gang i 1847, som var grunnlage; i 1873, daa den nye samfundsstriden heldt paa aa vinna yvertake i bokheimen, var det ei rad

med frilynde bokfolk og kunstfolk som reiste saka paa nytt, og 17de mai 1881 stod stytta ferdig i Eidsvollslunden i Kristiania. Ingen ting kunde høva betre, enn at Bjørnson vart bedd um aa halda avdukings-tala; men ingen ting kunde heller vekkja slik strid i dei dagane, og soleis vart dagen ikkje ein fest for ein død mann, men ein stridsdag for levande tankar. Bjørnson tala og skildra alt det som grodde fraa Wergeland; Jonas Lie dikta høgtidkvæde for det morgonlive han kom med, for vikingviljen og fridomslengten; bønderne møtte fram under det gamle norske løvemerke, og Bjørnson tykte dei kom med framtida:

engang med blommende Wergelands-sommer
bønderne kommer, bønderne kommer.

Soleis hev Wergeland levd med i norsk framgangsstrid og framtiddraum. Verke hans hev vore ei livsmagt i framvoksteren vaar. Kann henda det han hev skrive og dikta ikkje hev naadd ut i so vide krinsar; for han er ikkje so lett og endefram, og det skal arbeid til aa eigna han til seg. Men han hev verka paa alle dei beste i folke vaart, og gjenom dei hev han vunne fram til folkeførar.

Daa han laag paa siste sottesenga, var det ein mann ute i eit blad og spaadde um undergang for Noreg. Daa skreiv Wergeland i eit dikt:

— Norrig! o skulde
i Fred Du forgaa,
som Træer henmulde,
som Snefanner dø:
fra Gravhøjens Skjød
min Beenrad skal stige,
til Vaaben at skrige
hver Normannafød!

Aanda hans hev i sanning stige or grava og vore med i striden for Noreg. Og so lenge Henrik Wergeland lever i norsk tanke og norsk gjerning, skal det norske folke visseleg ikkje døy. For han er sjølve framgangs-aanda i Noreg.

Det Mallingske Bogtrykkeri